



Astrheim

OPNE LANDSKAP
OPE SINN

Kulturmiljøplan for kystkommunen Astrheim

2023-2032

frå steinalder til oljealder





Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032 frå steinalder til oljealder

INNHALDSLISTE

Kapittel 1	Kvifor kulturminnevern?
Kapittel 2	Kulturminneforvaltinga
Kapittel 3	Planprosessen i Austrheim
Kapittel 4	Kulturlandskap og naturtypar
Kapittel 5	Arkeologiske kulturminne
Kapittel 6	Kulturminne frå kystkulturen
Kapittel 7	Kulturminne frå landbruket
Kapittel 8	Kulturminne frå samferdsle og kommunikasjon
Kapittel 9	Kulturminne frå handel, næring og industri
Kapittel 10	Kulturminne frå skule og anna offentleg verksemd
Kapittel 11	Kulturminne frå religiøst liv og anna organisasjonsliv
Kapittel 12	Kulturminne frå andre verdskrig
Kapittel 13	Formidling
Kapittel 14	Handlingsplan, skal rullerast kvart år

Kart

Vedlegg





FØREORD

«I fortida er dei røtene feste som notida skal bygge si framtid på»



Foto: Heike Lüdke - Vardetangen

Kystkommunen Austrheim med Vardetangen, det vestlegaste fastlandspunktet i Noreg, er vendt mot havet. Austrheim må prioritera kulturminne knytt til kystlandskap og spor etter menneske som har levd i dette landskapet sidan steinalderen.

I Austrheim smeltar fortid og samtid saman. Samstundes som ein kan sjå naust og sjøhus som representerer ein fleire tusen år lang tradisjon for utnytting av ressursane i havet, kan ein sjå det største oljeraffineriet i Noreg som representerer den moderne bruken av havets ressursar. Naustmiljøa er eldre spor etter kommunikasjon og samferdsle i kommunen, medan ferjene, kaiene, bruene og biltrafikken representerer nyare tids infrastruktur og kommunikasjon.

Austrheim kommune er ein kystkommune med 489 øyer og holmar. Kombinasjonen av jord- og sjøbruk var tidlegare heilt avgjerande for å overleva. Kulturminna speglar kvardagen til menneska som bur og verkar i eit område, og det er viktig å vera stolt over dei spora folka før oss sette, læra om dei og ta vare på dei. Vi kan ikkje ta vare på alt. Vi kan leggja til rette for at nye generasjonar skal vera stolte over eigen identitet, språk, kultur og opphav.



Kulturmiljøplanen skal gjera det lettare for oss å finna svar på kva for kulturminne ein skal verna og prioritera i Austrheim. Målet er at viktige kulturminne skal vera i bruk og formidlast, og at dei er både synlege og tilgjengelege. Ved grensa mot nabokommunen Alver, på Lindåshalvøya, ligg Mongstadmuseet som formidlar oljealderen. Ved kommunegrensa mot Radøy ved Fosnstraumen er det mange funn frå steinalderbusetnad. Planen har fått tittelen Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032. Frå steinalder til oljealder.





KAPITTEL 1: KVIFOR KULTURMINNEVERN?

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er ein del av bygda eller kommunen sitt kollektive minne. Ved rett forvaltning og bruk fungerer dei som viktige miljø- og identitetsskapande element.

1.1 KULTURMINNE, KULTURMILJØ OG KULTURLANDSKAP

Kulturminne er konkrete spor etter menneske som levde før oss i det fysiske miljøet vårt. Dei omfattar også stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til. Kulturminne kan til dømes vera hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vera frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid.

Mange er nok vande med omgrepa og synonyma «fomminne» og «fortidsminne». I dag nyttar ein omgrepet «automatisk freda kulturminne» for alle faste kulturminne frå før 1537. Automatisk freding inneber at kulturminnet er direkte freda etter teksten i kulturminnelova utan særskilt vedtak. Dei aller fleste av dei automatisk freda kulturminna er enno ikkje registrerte. Det er ulike årsaker til dette. Mest vanleg er at dei ligg under markoverflata og ikkje er synlege. Det kan skuldast at ein aldri har leita etter kulturminne i desse områda, eller at kulturminna er så overgrodde at dei ikkje lenger er synlege. Ved planlegging av offentlege og større private tiltak pliktar den ansvarlege å undersøka om tiltaket vil virka inn på automatisk freda kulturminne.

FAKTABOKS: Freding, vern og verneverdig

Ein skil mellom omgrepa freding, vern og verneverdig i forvaltninga av kulturminne. Riksantikvaren har mynde til freding heimla i kulturminnelova. Slike freda kulturminne har difor nasjonal verdi. Fylkeskommunen har også mynde med heimel i kulturminnelova, men det er då tale om mellombels freding. Dette gjeld kulturminne som av ein eller annan grunn står i fare for å bli øydelagde. Freding er den strengaste forma for vern, og inneber at «... inngrep/endingar som går utover vanlig vedlikehold må godkjennes av myndighetene.» Kommunen har mynde til å verna kulturminne gjennom å ta i bruk omsynssoener og ulike føresegner heimla i plan- og bygningslova. Omgrepa verneverdig/bevaringsverdig kulturminne tyder det same og vert nytta om kvarandre. Kulturminnet har gått gjennom ei vurdering og identifisert som verneverdig, men det er ikkje heimla i lover. Bygningar i SEFRAK-registeret kan til dømes vera verneverdige kulturminne som fortel noko om lokal eller regional verdi, og vanlegvis er kommunen ansvarleg.

<http://www.riksantikvaren.no/Fredning/Fredet-vernet-verneverdig>



Foto: Bente Semmingsen Fivelsdal - Toftegård

Kulturminne frå nyare tid, yngre enn 1537, har meir eller mindre stor verneverdi. I utgangspunktet er ikkje desse automatisk freda, med unntak av ståande bygningar eldre enn 1650. Dei kan verta freda etter § 15 i kulturminnelova eller verta regulerte til vern med heimel i plan- og bygningslova (pbl). I SEFRAK-registeret er kulturminne frå før 1900 registrerte, men dei er ikkje dermed automatisk verneverdige. Forkortinga SEFRAK står for Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg. Dette gjeld hovudsakleg ståande bygningar.





Sentrale omgrep i kulturmiljøforvaltninga:

2019–2020

Meld. St. 16

9

Nye mål i kulturmiljøpolitikken

Boks 2.1 Sentrale begreper i kulturmiljøforvaltningen

Fredning	Den strengeste form for vern, hjemlet i kulturminneloven og svalbardmiljøloven. Både kulturminner og kulturmiljøer kan fredes.
Automatisk fredning	Fredning etter kulturminneloven eller svalbardmiljøloven uten særskilt vedtak. Dette gjelder: – kulturminner fra før 1537 – samiske kulturminner fra år 1917 eller eldre – faste og løse kulturminner på Svalbard fra før 1946 I tillegg kan stående byggverk med opprinnelse fra perioden 1537 – 1649 erklæres som automatisk fredet. Staten har eiendomsrett til løse kulturminner som er eldre enn 1537, samiske kulturminner fra år 1917 eller eldre, mynter eldre enn 1650 og skipsfunn eldre enn 100 år.
Vedtaksfredning	Fredning etter kulturminneloven eller svalbardmiljøloven gjennom særskilt vedtak. Vedtaksfredninger etter kulturminneloven kan omfatte alle typer kulturminner yngre enn 1537, stående byggverk yngre enn 1649, kulturmiljøer og fartøy. Vedtaksfredninger etter svalbardmiljøloven kan omfatte kulturminner yngre enn 1945.
Forskriftsfredning	Fredning etter kulturminneloven gjennom vedtak av forskrift. Det gjelder bygninger og anlegg som omfattes av en statlig verneplan og som var i statlig eie på fredningstidspunktet. Dette innebærer en forenklet fredningsprosedyre. Forskriftsfredning brukes også ved fredning av kulturmiljøer, jf. kulturminneloven § 20.
Midlertidig fredning	Brukes dersom et kulturminne eller et kulturmiljø er truet og der det er behov for å vurdere verneverdien med tanke på permanent fredning.
Kulturarv	Samlebetegnelse for materiell og immateriell kulturarv. Immateriell kulturarv omfatter praksis, framstillinger, uttrykk, kunnskap og ferdigheter. Betegnelsen blir særlig brukt i internasjonal sammenheng.
Kulturmiljø	Områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng. Med denne meldingen innfører regjeringen begrepet «kulturmiljø» som samlebetegnelse. Samlebegrepet dekker begrepene «kulturminner, kulturmiljøer og landskap» og brukes når feltet omtales som helhet.
Kulturminne	Spør etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.
Landskap	Et område, slik folk oppfatter det, hvis særpreg er et resultat av påvirkningen fra og samspillet mellom naturlige og/eller menneskelige faktorer.
Verdensarv	Kulturarv og/eller naturarv som er innskrevet på Unescos verdensarvliste. Verdensarvområdene utgjør en felles arv som er umistelig for hele menneskeheten, på tvers av landegrensene.
Verneverdig/ bevaringsverdig	Kulturminne/kulturmiljø som har gjennomgått en kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. De fleste verneverdige kulturminner/kulturmiljøer har ikke et formelt vern etter kulturminneloven, plan- og bygningsloven eller en bindende avtale.

Kilde: Kulturminneloven, den europeiske landskapskonvensjonen, Riksantikvarens ordliste over sentrale begreper





1.2 STORE TAP AV UERSTATTELEGE VERDIAR

Kulturminne er uerstattelege verdiar, og altfor mange kulturminne har gått tapt og går framleis tapt. Stortingsmeldinga *Leve med kulturminner* kom i 2005. Hovudføremålet med denne handlingsplanen var å stoppa forfallet og hindra tapet av viktige kulturminne i Noreg. Då Riksrevisjonen i 2008 og 2009 gjennomførte ei undersøking av stortingsmeldinga, viste det seg at kommunane i Noreg hadde store tap av kulturminne, svært varierende oversikt over kulturminna og manglande kompetanse på feltet.

Riksrevisjonen peikar mellom anna på at det er behov for å auka bruken av tilgjengelege juridiske verkemiddel, særleg gjeld det plan- og bygningslova (pbl). Revisjonen enda med at Riksantikvaren starta prosjektet Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltningen i 2010 der delprosjektet Kulturminne i kommunane (KIK) er ei viktig satsing for ei kunnskapsbasert, målretta og effektiv kulturminneforvaltning.

Riksantikvaren trekkjer fram oversikt, kunnskap og kompetanse om kulturminne som grunnlaget for eit forsvarleg kulturminnevern og for å vera rusta til å møte utfordringane på feltet. På den eine sida handlar det rett og slett om å setja i stand og halda ved like kulturminna for å kunna ta vare på dei i eit langsiktig perspektiv. På den andre sida må ein sikra eit kontinuerleg arbeid med kulturminne gjennom å få oversikt over og laga gode retningslinjer- og sakshandsamingsrutinar. Dessutan er slikt medvite planarbeid nøkkelen til å skapa større interesse, engasjement og aktivitet - også hjå innbyggjarane.

FAKTABOKS: *Nasjonale styringsdokument*

NOU 2002: 1 *Fortid former framtid. utfordringer i en ny kulturminnepolitikk.*
 Prop. 1 S (2013-2014). *Proposisjon til Stortinget frå Klima- og miljødepartementet.*
 Stortingsmelding nr. 16. *Leve med kulturminner, 2004-2005.*
 Stortingsmelding nr. 26. *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand, 2004-2007.*
 Stortingsmelding nr. 35. *Framtid med fotfeste, 2012-2013.*
 Stortingsmelding nr. 16. *Nye mål i kulturmiljøpolitikken, 2019-2020*
 Lov om forvaltning av naturens mangfold

FAKTABOKS: *Regionale styringsdokument*

Fylkesdelplan for kulturminne 1998-2010.
 Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. *Aktiv kvar dag, 2008-2012.*
 Regional plan for museum 2015-2025. *Premiss:Kultur*
 Regional plan for attraktive senter i Hordaland
 Regional næringsplan i Hordaland.
 Prosjekt kulturminneplanar i kommunane
 Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
 Vestland fylke: *Kultur bygger samfunn – regional plan for kultur 2023-2035*

Kommunane er ofte den første instansen folk vender seg til om ein har spørsmål knytt til eit byggeprosjekt og tiltak som kan gjelda eit kulturminne. I tillegg har dei også ei sentral rolle i forvaltninga av tilskotsordningar til kulturminne i landbruket, og søknader om nybygg og andre tiltak i landbruket.

FAKTABOKS: *Lokale styringsdokument*

Kommuneplan Austrheim kommune 2007-2017.
 Kommunedelplan Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes 2010-2017.
 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015-2027
 Diverse reguleringsplanar i det kommunale planregisteret BraPlan.





1.3 KULTURMINNEVERN OG IDENTITET



Mange reiser til utlandet for å la seg imponera av storslåtte kyrkjer og slott. Desse står som viktige minnesmerke og er verdt å bli kjende med, men det same gjeld for byggverka våre i Nordhordland og Austrheim. I mykje større grad enn monumenta i Europa reflekterer dei bøndene, og ikkje overklassen, sin byggeskikk og syner det meir egalitære samfunnet som det er lang historie for her i Noreg, og særleg i Vest-Noreg. I strilekulturen har også nøysemd og måtehald stått sentralt.

Hjå oss er det difor korkje pyramidar, katedralar eller slott, men til dømes steingardar, garnhus og potetkjellarar, som er like verdifulle som Taj Mahal. Kulturminna speglar altså kvardagen til menneska som bur og verkar i eit område, og det er viktig å vera stolt over dei spora folka før oss sette, læra om dei og ta vare på dei.

1.4 KYSTKULTUREN I NORSK KULTURMINNEVERN



Foto: Anita Soltvelt –
Vardetangen, den vestlegaste pynen på Noregs fastland

Å arbeida med kulturminne, identitet og sjølvforståing er ekstra viktig for folk langs kysten. Slik er det også for kystkommunen Austrheim som har Vardetangen, det vestlegaste fastlandspunktet i Noreg, og som er så tydeleg vendt mot havet. Å løfta opp og formidla kystkulturen på lik linje med dei nasjonale ikona frå fjordane og innlandet er ei sentral oppgåve i arbeidet, og særleg overfor barn og unge.

Kjelder frå Internett

- o <http://www.riksantikvaren.no/>
- o <https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan-og-bygningsloven/plan/internasjonalt-plansamarbeid/landskapskonvensjonen/id410080/>
- o <http://www.riksantikvaren.no/Prosjekter/Kulturminne-i-kommunen-KIK>
- o <http://www.miljostatus.no>
- o <https://www.vestlandfylke.no/>
- o <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-16-20192020/id2697781/>
- o <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>





KAPITTEL 2: KULTURMINNEFORVALTINGA

To lover med tilhøyrande føreskrifter gjeld for verdifulle kulturminne: kulturminnelova og plan- og bygningslova (pbl). Kulturminnelova vert forvalta av Riksantikvaren på nasjonalt og fylkeskommunalt nivå. På regionalt nivå har Bergens Sjøfartsmuseum også mynde heimla i denne lova. Kommunane har ansvaret for den lokale kulturminneforvaltinga gjennom handheving av plan- og bygningslova.

2.1 NASJONAL FORVALTING

Klima- og miljødepartementet har ansvar for forvaltinga av både kulturminne og naturressursar.

Riksantikvaren er det statlege direktoratet for kulturminneforvalting og er fagleg rådgjevar for Klima- og miljødepartementet i utforminga og gjennomføringa av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også eit overordna fagleg ansvar for fylkeskommunen når det gjeld kulturminne av nasjonal og regional verdi. Riksantikvaren er klageinstans for enkeltvedtak fatta av fylkeskommunen. Klima- og miljødepartementet er klageinstans for enkeltvedtak fatta av riksantikvaren. Riksantikvaren er systemansvarleg for Askeladden, det nasjonale registeret for kulturmiljødata.

Fylkeskommunen er ansvarleg for kulturmiljø i fylka, og for kulturmiljø i samiske område. Fylkeskommunen har vedtaksmyndighet etter kulturminnelova. Fylkeskommunen har ansvar for å leia arbeidet med regionalplanstrategi, regionale planar og planbestemmingar. Den skal også sjå til at det vert teke omsyn til kulturmiljø i kommunal planlegging.

Kommunar er ansvarlege for ivaretaking og tilrettelegging for bruk av kulturminne og -stadar, kulturmiljø og kulturlandskap i arealbruk og samfunnsplanlegging. Plan og bygningslova er det viktigaste lovverket for rettsvernet, men kommunane kan også bruka tilskotsordningar og fritak for eigedomsskatt.

Universitetet i Bergen er ansvarleg for dei arkeologiske musea i Vestland fylke.

Sjøfartsmuseet i Bergen er ansvarleg for undervassarkeologi.

2.2 REGIONAL FORVALTING – VESTLAND

Vestland fylkeskommune skal bidra til å forvalte den nasjonale og regionale kulturarven vår i eit langsiktig perspektiv. Ulike tilskotsordningar er ein viktig del av fylkeskommunen sitt arbeid med kulturarv og kulturminne.

Fylkeskommunen har ansvar for å vurdere og gje fråsegn til tiltak som gjeld

- automatisk freda kulturminne
- freda bygningar/bygningsmiljø og kulturminne
- kulturmiljø og kulturlandskap av regional og nasjonal verdi

Fylkeskommunen har også forvaltingsansvar når det gjeld freda bygg. Det betyr blant anna at eigarar av freda bygg må søkje fylkeskommunen om dispensasjon om dei vil gjere tiltak med bygget.





På nettsida til Vestland fylkeskommune går det fram kva saker som skal sendast til fylkeskommunen, og kva saker som ikkje skal sendast til fylkeskommunen, saker som skal sendast direkte til Riksantikvaren, og krav til dokumentasjon i oversendingar til fylkeskommunen.

2.3.1 LOKAL FORVALTING – AUSTRHEIM

I den lokale forvaltinga er plan- og bygningslova (pbl) den sentrale reiskapen i arbeidet med å ta vare på mangfaldet av kulturminne. Kommunane har difor ei viktig oppgåve i å sikra kulturminne gjennom arealplanlegging etter pbl. Verneomsyn kan ein til dømes leggja inn i kommuneplanen, kommunedelplanar, områdereguleringar, detaljreguleringar og temaplanar for kulturminne/kulturmiljø. Lokalt kan ein altså ved å bruka PBL sikra vern av kulturminne, kulturmiljø og landskap som kan ha nasjonal-, regional-, og lokal verdi.

I rettleiar frå Riksantikvaren med tittel: «Kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Planlegging etter plan- og bygningsloven. Versjon 20.12.2019», peikar Riksantikvaren på at det kan tre måtar kulturminne, kulturmiljø, og landskap kan sikrast i ein kommuneplan:

- Omsynssoner med føresegner eller retningslinjer, § 11-8 pkt. a-f
- Føresegner til arealformål, §§ 11-10 og 11-11
- Generelle føresegner, § 11- 9

§ 11-8 Hensynssoner

utdrag av annet ledd

Det kan fastsettes følgende hensynssoner:

- a) Sikrings-, støy- og faresoner
- b) Sone med særlege krav til infrastruktur med angivelse av type infrastruktur
- c) Sone med særlege hensyn til landbruk, reindrift, mineralressurser, friluftsliv, grønnstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø med angivelse av interesse
- d) Sone for båndlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover, eller som er båndlagt etter slikt rettsgrunnlag, med angivelse av formålet
- e) Sone med krav om felles planlegging for flere eiendommer
- f) Sone hvor gjeldende reguleringsplan fortsatt skal gjelde

For kulturminne, kulturmiljø og landskap er det sone c) og sone d) som er aktuelle for å ivareta desse omsyna direkte. Sone e) og sone f) kan også ha følgje for forvaltning av kulturminneinteresse.

Dei viktigaste kulturmiljøa må vurderast som omsynssone for kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel. Tenlege omsynssoner omkring kulturminne og fornminne er lagt inn i kommuneplanen sin arealdel som vart godkjent i 2019. Vi legg og inn dette i reguleringsplanar når vi regulerer område der det er kulturminne med, til dømes i Nordre Fønnesvågen, Leirvågen og ved Ikornsåta.

I kulturmiljøplanen til Austrheim kommune er det teke med at kommunen vil vurdere omsynssone for freda kulturmiljø på Krossøyna, kap. 14 Handlingsplan, Tiltak forvaltning, pkt. 10.

Det vil også vere aktuelt å vurdere omsynssoner for andre viktige kulturminne, kulturmiljø og landskap i kommunen. Dette er eit større arbeid og ein prosess som ikkje er mogeleg å gjennomføre i samband med ferdigstilling av kulturmiljøplanen. Handlingsdelen skal rullerast årleg og handsamast i kommunestyret, og fleire omsynssoner kan takast med i rulleringar av planen.





FAKTABOKS: Plan- og bygningslova (pbl)

Ein kan sikra kulturminne på tre måtar med bakgrunn i pbl:

- 1) Omsynssoner med føresegner eller retningslinjer
- 2) Føresegner til arealføremål
- 3) Generelle føresegner

Kommunar kan også fastsetja detaljerte verneføresegner gjennom arbeidet med reguleringsplanar.

Aktuelle paragrafar frå pbl i kulturminneforvaltninga

§ 1-1. Føremålet til lova

§ 1-6. Tiltak

§ 3-1. Oppgåver og omsyn i planlegging etter lova

§ 11-1 Kommuneplan

§ 11-5. Arealdelen i kommuneplanens

§ 11-8. Omsynssoner

§ 11-9. Generelle føresegner i arealdelen i kommuneplanen

§ 12-1. Reguleringsplan

§ 12-5. Arealføremål i reguleringsplan

§ 12-7. Føresegner i reguleringsplan

§ 20-1. Tiltak som går under byggjesakavgjerdene

§ 20-5. Tiltak som er fritekne frå søknadsplikt

§ 31-1. Ivaretaking av kulturell verdi ved arbeid på eksisterande byggverk

§ 25. Meldeplikt for offentlege organ

Med atterhald om endringar i lovverk

Kjelde: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>

Kommunane har også mynde etter fleire særlover som til dømes jordlova og kyrkjelova. Kommunane har altså ikkje mynde knytt til kulturminnelova, men dei har meldeplikt etter § 25 når det er tale om tiltak som vedkjem denne lova. Kommunen skal då ta kontakt med Vestland Fylkeskommune for å få ei avklaring om det kan vera tale om automatisk freda kulturminne.

Ulike forvaltningsnivå, ulike lover og i tillegg ulike forvaltningar lokalt kan vera forvirrande for så vel kommunalt tilsette som for private eigarar av kulturminne å forholde seg til. Det er ikkje ei uvanleg problemstilling at fordelinga mellom dei ulike ansvarsområda er uklare. I den kommunale forvaltninga er det difor viktig å etablera gode rutinar for handsaming av kulturminnesaker, ha klare interne rutinar og informasjon til publikum. Klare retningslinjer vil i lag med lokalkunnskap, kompetanse, tilrettelegging og formidling av kulturminne vera avgjerande for å kunne finna gode løysingar for alle partar.

2.3.2 Retningslinjer – verneklasse A-B-C -D- spesielt for rydningsrøysar, steingardar mfl..

KULTURMINNE I VERNEKLASSE A

Alle kulturmiljø i klasse A er eller vert foreslått regulerte til omsynssone for kulturminne i kommuneplanen etter plan- og bygningslova § 11-9 med eigne lokale retningslinjer for alle omsynssonene. Det vert normalt ikkje foreslått omsynssone kring enkeltminne i klasse A, men det er svært viktig at desse kulturminna blir bevarte for ettertida, og rivingsløyve skal difor ikkje gjevast. Følgjande endringar på alle bygg i verneklasse A krev førehandsgodkjenning frå kommunen:

- Tilbygg og påbygg





Av og til er tilbygg eller påbygg naudsynt for å sikra at eit bygg kan brukast. Det skal då stillast krav om tilpassing mellom den nye delen og resten av bygget. Alle tilbygg og påbygg på bygningar i verneklasse A skal godkjennast på førehand av kommunen.

- Ombygging

Eit sentralt føremål med bevaring av eldre bygg er å sikra både utvendige og innvendige bygningsselement. Av og til kan det likevel vera naudsynt med ei ombygging for å få ein bustad som er i tråd med dagens krav. Med god planlegging og hjelp av dyktige fagfolk er det i dei fleste tilfelle mogleg å samkøyra desse interessene og både ta vare på den antikvariske verdien og sikra brukaren sitt behov for ein funksjonell bustad.

- Utsifting

Heil eller delvis utsifting av grunnmur, veggjar, bjelkelag og tak. - Utsifting av veggkledning, takteking, vindauge, utvendige dører, utvendig listverk og piper. - Endring av malingsfarge, fjerning av eldre fargelag, overmaling av dekor og liknande.

- Tilbakeføring

Ved tilbakeføring av fasade til sikker, tidlegare dokumentert utføring, treng ein ikkje søkja byggjeløyve. Ei slik tilbakeføring skal likevel avklarast med byggjesakshandsamar og kultureininga i forkant av tiltaket. Kultureininga skal ha til uttale alle søknader som gjeld tiltak på kulturminne i klasse A.

KULTURMINNE I VERNEKLASSE B

Også for kulturminne i verneklasse B gjeld prinsippet om at ein skal halda ved like og ta vare på mest mogleg av det opprinnelege element og bygningsdelar så langt det er mogleg. Ved utvending ombygging og vedlikehald skal det som hovudregel liggja føre ein kulturminnefaglege uttale før arbeidet kan setjast i verk. Det er difor viktig at kommunen får oversendt så mykje dokumentasjon som mogleg i form av teikningar, bilete og skildringar som skal liggja til grunn for uttalen.

Løyve til riving bør ikkje gjevast. Vert det gjeve løyve til riving skal bygget dokumenterast. Regulering til omsynssone bevaring kan vurderast. Kultureininga skal ha til uttale alle søknader som gjeld riving eller utvending ombygging av kulturminne i klasse B.

BYGNINGAR I VERNEKLASSE C

Kulturminne i klasse C kan òg ha verneverdi og bør takast omsyn til der det er mogleg. Det er eit mål at tapet av også desse kulturminna skal vera så lågt som mogleg, og Austrheim kommune vil stimulera til løysingar der ein unngår å fjerna eller øydelegga kulturminne. Kultureininga skal ha til uttale alle søknader som gjeld riving eller ombygging av kulturminne i klasse C. Det kan gjevast rivingsløyve etter særskild vurdering. Vert det gjeve løyve til riving, skal bygget fotograferast. Det kan i tillegg stillast krav om at bygget skal målast opp eller dokumenterast på annan måte.

BYGNINGAR I VERNEKLASSE D

Ingen særskilde retningslinjer på bygg nyare enn 1900 i verneklasse D. For bygningar frå før 1850 vil ein likevel måtta senda saka på høyring til fylkeskommunen, men med lokal tilråding i samsvar med klassen i planen. For bygg eldre enn 1900 gjeld retningslinene i kommuneplanen at kommunen skal ha høve til å uttala seg før arbeid vert sett i gang.

SPESIELT FOR RYDNINGSRØYSER, STEINGARDAR OG ANDRE STEINKONSTRUKSJONAR

Steingardar, rydningsrøyser og andre steinkonstruksjonar er viktige element i kulturlandskapet. Som hovudregel skal det difor ikkje gjevast løyve til riving. Om det er naudsynt for gardsdrift eller det ligg føre andre tungtvegande behov, kan det gjevast løyve til riving av delar av muren. Opninga i muren skal ikkje vera større enn naudsynt, og det skal vera fint oppmurte avsluttingar.





2.3.3 Retningslinjer for sakshandsaming i Austrheim kommune

I og med at kulturminne er uerstattelige verdiar, har eigarar og forvaltarar av kulturminne i lag med kommunen eit stort ansvar i forvaltinga av dei. Den viktigaste personen innan kulturminnevernet er eigaren av kulturminnet. Det er også viktig å vera klar over at det gjerne er dei kulturminna som vert brukte som vert tekne best vare på. Bruken kan vera alt frå lager av båtar, sjøreiskap og ved, men også til besøk, overnatting, servering, omvising, kursverksemd, husdyrhald og til eigen bustad. Det er viktig at Austrheim kommune har tilsette med interesse og kompetanse innanfor kulturminneområdet.

FAKTABOKS: Prinsipp og faktorarar for å utvikla lokal kulturminneforvalting

Prinsipp:

- Vern gjennom bruk
- Ved istandsetjing/restaurering nyttar ein same form, dimensjon og materialbruk som før.
- Dokumentasjon av kulturminne før lovleg endring vert gjort.
- Fokus på kystkultur og Austrheim sin plass i historia frå steinalder til oljealder.

Desse faktorane legg Austrheim kommune vekt på i forvaltinga av kulturminne:

- Variasjon
- Alder
- Eigenart
- Byggeskikk
- Autentisitet
- Tidstypisk
- Heilskapleg kulturmiljø
- Historiske hendingar, tru og tradisjon
- Kulturhistoriske verdiar

Austrheim kommune viser elles til kulturminnelova kap.1, «Formål og virkeområde»

I Austrheim er det kommunalsjef for oppvekst og kultur som har ansvaret for kulturminne, og det er einingsleiar for kultur som har fått delegert mynde til å følgja opp den delen av kulturminnelova som ikkje er forvalta av fylkeskommunen og Riksantikvaren. I samarbeid med aktuelle aktørar, eigarar, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og andre avdelingar i kommunen, har kultureininga ansvar for formidling av kulturminne.

Kulturverntenesta i Nordhordland (KIN) gir råd og rettleiing om korleis ein kan ta vare på kulturminna våre og korleis me kan formidla kunnskapen om desse vidare til andre. Kommunar i Nordhordland betalar for dette tilbodet.





FAKTABOKS: Om kulturverntenesta i Nordhordland (KIN)

«Kulturverntenesta i Nordhordland skal hjelpe private eigarar og kommunane med spørsmål om forvaltning og formidling av verneverdige bygningar og kulturminne.

Tenestene er gratis for innbyggjarar i kommunane Austrheim, Alver, Fedje, Masfjorden og Modalen. KIN kan gje råd og rettleiing i samband med m.a.

- Arkitektfaglege spørsmål om eldre bygningar
- Dokumentasjon av bygningar, eller kulturmiljø.
- Katalogisering, oppbevaring, eller formidling av samlingar
- Finansiering av tiltak, søknadar

<https://muho.no/kulturverntenesta>



Foto: Ola Moen - Langøy

Kultureininga har oversikt over tilskotsordningar til kulturminnevern og kan gje praktisk søknadshjelp for å få på plass økonomisk tilskot til restaurering og skjøtsel av kulturminne. Einingsleiar for kultur gjev uttale i saker som gjeld kulturminne som skal handsamast etter Plan- og bygningslova (PBL).

Planavdelinga sender saker til uttale til kultureininga og til Vestland Fylkeskommune på bygg og kulturminne som er oppført før 1850, men og for dei som er oppførte etter 1850 om kommunen ser at det kan vera kulturhistorisk interesse ut over lokal verdi. Det gjeld også for bygg og anlegg som er regulert til spesialområde bevaring eller omsynssone i reguleringsplanar. Det er naturleg at bygge- og rivingssaker på bygg og anlegg, som i denne kulturminneplanen har fått høg verneverdi, vert sendt til uttale til kultureininga vår og Vestland Fylkeskommune til uttale før endeleg vedtak vert gjort.

Planavdelinga arbeider også med kulturminnespørsmål i samband med kommuneplan, kommunedelplanar, områdereguleringar og detaljreguleringar. Dette skjer i nær dialog med kultureininga vår og Vestland Fylkeskommune som er ein viktig part og rådgjevar i slike saker.

Dispensasjonssaker som kan råka nasjonale/regionale kulturminneverdiar sender avdelinga til uttale til Vestland fylke før vedtak vert gjort. Det same gjeld alle saker som er meldepliktige etter Kulturminnelova. Avdelinga svarer også gjerne på spørsmål frå grunneigarar, eigedomsmeklarar, utbyggjarar og kjøparar om planstatus og vernestatus til bygningar og bygningsmiljø. Avdelinga arbeider for å ha god kontakt og dialog med eigarar av kulturminne og leiar for kultureininga for å finna dei beste løysingane for grunneigar, samfunnet og seinare generasjonar.

Landbruksforvaltninga: Felles landbrukskontor forvaltar tilskotsordningar innafør landbruket sine kulturminne. SMIL (tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket) er det vanlegaste.

Landbrukskontoret har også ansvaret for tilskotsforvaltninga innafør landbruket som set ein del krav når det gjeld handtering av kulturminne på gardane. Dei handsamar også søknadar om tiltak når det gjeld bygging av landbruksvegar, nydyrking og bakkeplanering. I slike saker er det egne reglar for korleis fylkeskommunen og andre offentlege instansar skal involverast i sakshandsaminga. Felles landbrukskontor svarar elles på spørsmål og hjelper til i saker som gjeld landbruksområdet.





2.3.4 ULIKE TILSKOTSORDNINGAR, TILRETTELEGGING OG FORMIDLING

Forvaltinga av gjeldande lover og føreskrifter er ein måte å ta vare på kulturminna. Men like viktig er tilrettelegging, formidling, faglege råd og kompetanseheving i kulturminnevernet i dag. Eit viktig satsingsområde er formidling og arbeid knytt til å skapa positive haldningar til kulturminne og kulturminnevern. Målet er at kulturminna skal bli sett på som viktige ressursar i staden for ein klamp om foten.

Då er det viktig at kulturminna er både synlege og tilgjengelege. Ofte kombinerer ein skilting og skjøtsel av kulturminne med turstiar. Men det handlar også om å gjera kulturminna synlege gjennom å laga pedagogiske opplegg for ulike grupper, inkludert nærings- og reiselivet. Det finst fleire ordningar i den offentlege forvaltinga og i det private der ein kan søkja midlar og få generell rettleiing. Eigarar eller forvaltarar av kulturminne kan søkja tilskot til ulike tiltak som til dømes istandsetjing, sikring og skjøtsel. Skjøtsel tyder rydding og vedlikehald utan å gjera inngrep i eit kulturminne.

På nettstaden til Riksantikvaren er det ei oversikt over kva ein kan søkja om tilskot til og generelle krav for å få tilskot. Under er det sett opp ei liste med ulike private og offentlege tilskotsordningar og liknande med fristar, kven som kan søkja og nettstad som starthjelp. Lista gjer ikkje krav på å vera fullstendig.

FAKTABOKS: Ulike tilskotsordningar

Norsk Kulturminnefond: Ingen søknadsfrist, elektronisk søknad (private og frivillige organisasjonar) <http://www.kulturminnefondet.no>

Norges vel: Kultur- og miljølegatet i Norges vel: Følg med på nettstaden for søknadsfrist <https://www.norgesvel.no/legater>

Norsk kulturråd: Følg med på nettstaden for søknadsfristane.
Faglitteratur kulturvern, Prosjektstøtte kulturvern
<http://www.kulturradet.no/stotteordninger>

Trygg Allmenntytte Stiftelse: Kan søkja gjennom heile året. Økonomisk støtte til føremål som skapar tryggleik og er ålmenne. (Privatpersonar, grupper og organisasjonar)
<http://www.tryg.no/om-tryg/samfunnsansvar/tryg-allmenntytte-stiftelse/index.html>

Gjensidigestiftelsen : <https://www.gjensidigestiftelsen.no/>

UNI: Kan søkja gjennom heile året (institusjonar og private).
<http://www.stiftelsen-uni.no/stotte.html>

Vestland Fylkeskommune:
<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/>

Andre tilskotsordningar for kulturminnevern:
<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/andre-tilskotsordningar-for-kulturminnevern/>

Ny bruk av ledige landbruksbygg og Ny næring i gamle bygg i strandsona:

- Husbanken
- Statsforvaltaren i Vestland
- Innovasjon Norge
- Skatte – og avgiftsfrådrag gjennom bruk av bygningar





Kjelder frå Internett

- o <https://www.riksantikvaren.no/om-kulturminneforvaltningen/>
- o <https://www.riksantikvaren.no/wp-content/uploads/2020/01/Kulturminner-kulturmiljø-C3%B8er-og-landskap.-Planlegging-etter-plan-og-bygningsloven-tekstversjon.pdf>
- o <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv>
- o <https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/kulturminner-og-kulturmiljo/id1198/>
- o <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>
- o <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50?q=kulturminneloven>
- o <http://www.muho.no/kulturverntenesta/>

KAPITTEL 3: PLANPROSESSEN I AUSTRHEIM

Kystlandskapet og kystkulturen er eit prioritert område internasjonalt, nasjonalt og regionalt. Og Austrheim, som ligg heilt ut med havet, har såleis eit særskilt ansvar på desse områda. Kystkultur og fartøy er døme på viktige historiske område som i liten grad er til stades i listene over kulturminne. Det er no viktig at desse får ein sentral plass i det lokale arbeidet med kulturminne.

3.1 KULTURMILJØPLAN FOR AUSTRHEIM KOMMUNE

Kulturminneplanen har fått tittelen:

Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032. Frå steinalder til oljealder.

Omgrepet «kulturmiljø» vart innført av Stortinget i Meld. St. 16 2019-20, og dekkjer «kulturminne, kulturmiljø og landskap» som eit samleomgrep. Eit viktig tiltak i Riksantikvarens satsing er at kommunane lagar kulturmiljøplanar. Hovudføremålet er å komma i gang med å jobba målretta og kontinuerleg med kulturmiljø då desse ikkje er fornybare ressursar, setja dei på den politiske agendaen og gjera dei kjende. Det er eit nasjonalt mål at kommunane skal leggja til rette for at nye generasjonar skal vera stolte over eigen identitet, språk, kultur og opphav slik at dei vert godt rusta til å ta vare på spora frå fortida for framtida. Kulturmiljø er alle dei spora etter menneskeleg aktivitet og historie som omgjev oss. Det kan vere alt frå kyrkjer og kaihusar, til steinalderbuplassar og spor frå andre verdskrig. Eller eit jordbrukslandskap forma gjennom fleire hundre år med iherdig arbeid. Desse spora er ressursar for kunnskap, opplevingar og bruk både no og i framtida. Kulturmiljø har både miljømessige, sosiale og økonomiske verdiar.

Mange stader er landskapet i Austrheim karrig med lite næringsrik jord til dyrking. Kulturminna speglar naturen, men også den nøysame levemåten frå nær fortid. Eit viktig særmerke for menneska i kommunen har vore evna og viljen til å overleva ytst mot havet og utnytta ressursane til havs og på land. Gjenbruk og måtehald har vore «nødvendige onder» fram til midten av det førre hundreåret. Kombinasjonen av jord- og sjøbruk var tidlegare heilt avgjerande for å overleva. Myr- og lyngheillandskapet i riket til fiskarbonden er resultat av ei smart og effektiv utnytting av naturressursar til både beite, brensel og gjødsel frå tidlegare tider som me enno ser spor etter. Slike spor seier noko om korleis det var å vera menneske før og korleis lokalsamfunnet var organisert før. Det er først i nyare tid at regionen blitt eit rikt økonomisk område i Noreg.





I dag er havet og ressursane frå havet framleis viktige for folket i Austrheim då det enno er mange som har arbeid knytt til ressursane i havet. Men det er inga tvil om at folk flest har eit heilt anna tilhøve til havet enn tidlegare. Det tette sambandet folk i Austrheim tradisjonelt har hatt til havet, står difor sentralt i arbeidet med den yngre generasjonen.



Eit hovudsatsingsområde for Kystbarnehagen, som disponerer eigen båt, er kystkultur, fordi Austrheim kommune «ynskjer å la borna verta meir kjent med den kulturen dei er ein viktig del av.» Ungdomsklubben har fokus på sjøaktivitetar, og har båt, kajakk, kano, sup, redningsvestar og mykje anna utstyr på Havsportssenteret på Mastrevik kai. I august arrangerer kommunen HavGlede i samarbeid med frivillige lag og eldsjeler. Ein festival der alle som ønskjer kan prøve ulike havsportsaktivitetar.

3.2 GRUNNLAGET FOR KULTURMILJØPLANEN I AUSTRHEIM

Dei nye nasjonale måla i kulturmiljøpolitikken legg vekt på engasjement, berekraft og mangfald:

- Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
- Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging.
- Eit mangfald av kulturmiljø skal bli teke vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Kva for kulturminne skal ein verna og prioritera i Austrheim? I og med den vide definisjonen av kulturminne i lovene som «alle spor etter menneskeleg verksemd», seier det seg sjølv at ein ikkje kan ta vare på alt. Denne første utgåva av planen gjer såleis ikkje krav om å vera fullstendig og uttømmende. Derimot markerer han starten på ein langvarig og strategisk arbeidsprosess der ein først må fokusera på å verna og prioritera kulturminne i Austrheim. Dette inneber at ikkje alle verneverdige og viktige kulturminne har komme med i planen då ei viktig prioritering er å få oversikt.

I tillegg er det også slik at mange kulturminne ikkje er oppdaga eller registrerte enno. Dei kulturminna som vert løfta fram, er hovudsakleg dei som allereie er registrerte, evaluerte og dokumenterte av ulike fagpersonar, instansar og ulike kjelder.

FAKTABOKS: *Føringar*

- Planen skal auka kunnskapen om og interessa for kulturminne gjennom fokus på formidling, og prioritere sær viktige kulturminne- og eller kulturmiljø.
- Planen skal skapa føreseielege tilhøve for eigarar av kulturminne, og informera om tilskotsordningar.
- Planen skal synleggjera potensiale for bruk av kulturminne gjennom vern til næringsføremål.
- Planen skal skapa eit godt grunnlag for ei heilskapleg kulturminneforvaltning, mellom anna til bruk i samband med planarbeid og byggesakshandsaming.
- Planen skal skapa grunnlag for prioritering av budsjettmiddel.
- Planen skal bidra til å styrkja samhandlinga mellom eigarane av kulturminne, frivillige lag- og organisasjonar og kommunen.





Planen har status som temaplan med årleg rullering av handlingsplanen, og skal i all hovudsak følgja prosesskrava i Plan- og bygningslova (PBL) for kommunedelplanar. I tillegg må ein sikra at det vert teke omsyn til kulturminne i arealdelen av kommuneplanen, andre kommuneplanar, områdeplanar, private reguleringsplanar og i byggesakshandsamingar.

Formannskapet har vore styringsgruppe for planen. Våren 2016 var det tilsett ein konsulent i prosjektstilling (50%) i eit halvt år for å laga eit planframlegg. Ei administrativ, tverrfagleg arbeidsgruppe har stått sentralt i arbeidet med planen. Denne arbeidsgruppa har vore sett saman av avdelingsleiar kultur, avdelingsleiar plan, assisterande rådmann og to representantar frå Kyst- og sogelaget, Atle Leirvåg og Kjell Isaksen. I juni 2016 vart det halde eit temamøte i Kjelstraumen Vertshus der ungdomsrådet var til stades i lag med representantar frå andre lag og organisasjonar i Austrheim og tilsette i kommunen. På grunn av endringar i organisasjonen har arbeidet med ferdigstilling av planen teke tid.

Kulturminneplanen er revidert og tilpassa ny organisasjon og endringar i: Austrheim kommune, Vestland fylke, overføringa av oppgåver frå Riksantikvaren til regionalforvaltninga frå og med 1. januar 2020, kommunesamanslutninga i Nordhordland, og Kulturverntenesta i Nordhordland (KIN).

3.3 STRUKTUR OG AVGRENSINGAR

Kapittel 1 til 3 set kulturmiljøplanen i Austrheim inn i ein nasjonal, regional og lokal kontekst, gir ei oversikt over kulturminneforvaltninga på dei ulike nivåa og går gjennom kvifor det i dag er ei slik satsing på kulturmiljø, og kulturminnevern. Kapittel 4 handlar om kulturlandskap og naturtypar då desse ofte er påverka av menneske, ofte i samspel med husdyr. Om ikkje anna er nemnd, er opplysningane henta frå rapporten *Kartlegging og verdisetjing av naturtypar i Austrheim (2003)* av Bjørn Moe.

Austrheim kommune har mange kulturminne, men i denne fasen fokuserer ein primært på materielle kulturminne som er faste og kulturmiljø knytt til kystkultur og landbruk. Vidare handsaming av lause kulturminne, altså gjenstandar, og immaterielle kulturminne, vert ein del av handlingsplanen.

FAKTABOKS: Materielle og immaterielle kulturminne

Det er vanleg å dela kulturminne inn i materielle og immaterielle kulturminne. Den første gruppa er kulturminne til å ta og kjenna på, medan dei immaterielle er dei som lever vidare som kulturytringar i skriftleg form, eller som eventyr, historier, song og dans. Det er to hovudtypar av dei materielle kulturminna: Dei lause og dei faste. Med «lause kulturminne» meiner me gjenstandar og objekt ein kan flytta på og ta med seg, til dømes laust inventar i bygningar og gjenstandar frå utgravingar.

Dei immaterielle kulturminna kastar lys over dei materielle, og dei står i eit gjensidig forhold til kvarandre: Eit torvhus seier oss lite om me ikkje får med oss forteljingane og historiene om kva eit slikt byggverk vart nytta til og kvifor. UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven frå 2003 pålegg oss «... forpliktingar til bevaring av immaterielle kulturuttrykk og set krav om å synleggjere og sikre respekt og anerkjenning for ikkje-materiell kultur, som til dømes tradisjonshandverk, skikkar, folkemusikk og munnlege forteljingar.»

I kulturminnedatabasen Askeladden finn me arkeologiske kulturminne som er eldre enn 1537 og ein del skipsvrak frå 18- og 1900-talet. Mellom dei registrerte arkeologiske funna er dei fleste frå steinalderen. Dette er temaet for kapittel 5 i planen. Denne delen av planen er ein forkorta og redigert versjon av Frode Herviks artikkel «Arkeologiske kulturminne i Austrheim» i *Vest ved Vardetangen II*.





I artikkelen presenterer Hervik funna. I den opphavlege artikkelen set han funna inn i ein breiare kulturhistorisk kontekst der også lause kulturminne er tekne med for å kasta lys over dei faste.

Vidare inneheld SEFRAK-registeret opplysningar om bygningar og ruinar som er eldre enn 1900. I Austrheim er det spesielt bygg knytt til landbruk og kystkultur som er registrerte og få nye bygg er tekne med i denne omgangen. Planen trekkjer særskilt fram nokre godt dokumenterte bygg og miljø som til dømes eldre sjøbruksmiljø, jordkjellarar og torvhus knytt til næringar som ikkje eksisterer lengre. Mange av desse bygga er også restaurerte og fått eit vern. Kapittel 6 og 7 handlar difor høvesvis om kulturminne frå kystkulturen og landbruket. Kapittelet om kulturminne frå kystkulturen femnar vidt. I tillegg til bygg er også til dømes sjøfarten, forlis og trebåtar tekne med på grunn av ulike kjelder der desse allereie er registrerte. Delar av kapittelet om landbruket grip også inni kapittelet om kulturminne frå kystkulturen då fiskarbonden vert omtala her. Ei utfordring er sjølsagt når dokumentasjonen eller registreringane ikkje er av nyare dato. Då kan det vera at kulturminna ikkje er i den stand dei var på dokumentasjonstidspunktet. I verste fall eksisterer ikkje kulturminna lenger, men dette må vera ein del av dette første stadiet i arbeidet med kulturminne i Austrheim. Oppdatering av kjelder og dokumentasjon er difor eit viktig og sentralt tiltak i handlingsplanen.

I kapittel 8 er kulturminne frå samferdsel og kommunikasjon tema. Kaiar, bru- og vegbygging er særleg prioriterte i denne omgangen då dei har vore sentrale i kommunikasjonssoga til kommunen i både fortid og notid. Skipsleia og den indre farleia er omtala i kapittel 6, men også i kapittel 7 der emna er handel, industri og næring. Dei gamle handelsstadane langs den indre leia vert særleg løfta fram då sjøvegen også var utgangspunktet for næringsutvikling og industri i Austrheim. Grundigare kartlegging av industri og næring er viktige tiltak i handlingsprogrammet. Til liks med handelsstadane har skulebygg og bygg knytt til religiøst liv også blitt prioriterte i planen. Skule, kyrkje og religiøst liv har i dei siste hundreåra og fram til i dag spelt ei sentral rolle i liva til folket i kommune. Bygga som er knytte til desse emna, vert omtala i kapittel 10 og 11.

Til slutt kjem kapittelet som handlar om kulturminne frå andre verdskrig. Trass i at hovudprioriteringane i denne omgangen har vore dei faste, materielle kulturminna, har likevel immaterielle kulturminne fått plass. Dette gjeld først og fremst kapittelet om kulturminne frå andre verdskrig.

I dag er det av naturlege årsaker få faste kulturminne att frå denne tida, men det ville ha vore urimeleg å ikkje ta med eit slikt kapittel. Austrheim har mange immaterielle kulturminne frå denne tida frå denne tida dokumentert i ulike skriftlege kjelder. Det står att eit arbeid med å få med alle historiene og personane som deltok. Tillegg er også personar som emissæren Lars i Njotæ og oppfinnaren av PING-kølla, Karsten Solheim, tekne med først og fremst basert på svært interessant biografi og alle historiene knytt til desse to personlegdomane frå Austrheim.

Til liks med alle dei skriftlege kjeldene planen har lagt til grunn, er heller ikkje det som er registrert i Askeladden og SEFRAK komplett. Eit viktig tiltak i handlingsplanen vil vera å få til eit samarbeid med fylkeskommunen til å fylla ut Askeladden-registreringane. Når det gjeld SEFRAK-registreringane, er det eit tiltak å få ein gjennomgang av dette i samarbeid med Austrheim sogelag. I tillegg til Askeladden og SEFRAK, har ei veldig viktig kjelde vore bygdebøkene frå Austrheim frå tidleg 2000-talet. Dei fire banda kom i åra frå 2000 til og med 2006. I tillegg har Arne Høyland og Haakon Aase vore sentrale kjelder og rådgjevarar undervegs.





Registrering av kulturminne er viktig og utgjør grunnlaget for den vidare prosessen, men verdsetting og vektning av verdiar er dei to neste stega. Det er såleis ikkje nok med å registrera kulturminne og kulturmiljø. Ein skal også gradera dei gjennom å vurdere dei utifrå ulike verdiar og vektingar i forvaltinga lokalt for å synleggjera kva dei tyder for oss. Dette er allereie gjort for ein del av kulturminna, men her står det att eit stykke arbeid og er eit sentralt tiltak i handlingsdelen.

Sjølve kulturminneomgrepet er heller ikkje statisk, men i stadig endring: I dag går ein til dømes bort frå å leggja vekt på einskildobjekt til å fokusera på kulturmiljø og frå streng handheving av lovverk til formidling av kunnskap og kompetanseutveksling. Eit anna viktig prinsipp i dagens kulturminnevern er vern gjennom bruk. Det vil seia at kulturminna ikkje skal stillast ut eller vera eit objekt i ei samling, men heller bli brukte aktivt for å skapa samkjensle og identitet. Det har altså skjedd ulike perspektivskifte i kulturminneforvaltninga som legg føringar på slikt arbeid, og planarbeid må i framtida også ta høgde for dette.

FAKTABOKS: Tal på SEFRAK-registreringar på 37 gardar i Austrheim

Austrheim: 85	Kaland: 35	Litlås: 13	Synnevåg: 31
Bakka: 11	Keilstraumen: 3	Monslaup: 11	Sævrøyri: 16
Bersvik: 28	Kolhaugen: 8	Njøten Nordre: 24	Ulvøyri: 18
Budalen: 16	Krossøyri: 30	Njøten Søndre: 29	Utkeilo: 15
Børilden: 23	Kvalvåg: 45	Øksnes: 59	Vikane: 22
Dyrnes: 16	Langøyri: 9	Rebnor: 62	Årås: 6
Fonnes: 52	Leikvoll: 17	Rongevær: 23	Åråsvågen: 9
Førland: 13	Leirvåg: 66	Setre: 60	
Hjertås: 16	Lerøyri: 35	Skorholmen: 6	Totalt: 1043
Hopland: 51	Litleindås: 53	Solend: 27	

Kjelde: SEFRAK-registeret

FAKTABOKS: SEFRAK-registreringar i Austrheim fordelt etter alder

• 1500 talet, etterreformatorisk tid: 3	- 1900 talet, andre kvartal: 127
• 1600-talet: 3	- 1900 talet, fjerde kvartal: 1
• 1700 talet, fjerde kvartal: 3	- 1900 talet, første kvartal: 213
• 1700-talet: 16	- 1900 talet, tredje kvartal: 2
• 1800 talet, andre kvartal: 19	- 1900-talet: 18
• 1800 talet, fjerde kvartal: 157	- Ingen informasjon: 110
• 1800 talet, første kvartal: 16	
• 1800 talet, tredje kvartal: 29	Totalt: 1043
• 1800-talet: 326	Kjelde: SEFRAK-registeret




FAKTABOKS: Ulike bygningstypar i SEFRAK-registreringane i Austrheim

BEDEHUS: 3	HUS FOR LAGRING AV BÅTER OG BÅTUTSTYR: 138
BOLIGHUS FOR EIER/BRUKER: 238	HUS FOR LAGRING AV KJØRETØYER, MASKINER OG SÅ, REDSKAP OG UTSTYR: 1
BOLIGHUS FOR GENERASJONSFAMILIE: 11	HUS FOR LAGRING AV KJØRETØYER, MASKINER OG SÅ, REDSKAP OG UTSTYR: 5
BOLIGHUS INNEN LANDBRUK, FISKE OG FANGST (uspesifisert type): 2	HUS FOR LAGRING AV STRÅFOR: 5
BOLIGHUS KNYTTET TIL MERKANTIL VIRKSOMHET 1	HUS FOR LAGRING AV UTSTYR KNYTTET TIL FISKE/SJØBRUK (I FORB. MED KAI): 48
FAMILIEBOLIG: 27	HUS FOR OMSETNING AV DAGLIG-BRANSJEVARE: 9
FYR, FYRHUS M.V.: 1	HUS FOR OMSETNING AV VARER OG TJENESTER M.V.: 1
GODSLAGER, PAKKHUS: 1	HUS FOR POLITI OG RETTSVESEN: 1
HUS FOR ANDRE LAGERFORMÅL: 2	HUS FOR PRIVET-FUNKSJON: 16
HUS FOR ANDRE SEKUNDÆRE BOLIGFORMÅL: 1	HUS FOR PROD. AV NÆRINGS- OG NYTELSESM. HUS FOR PRODUKSJON AV NÆRINGS- OG NYTELSESMIDLER: 3
HUS FOR BEHANDLING AV FISK OG FISKEPROD.: 2	HUS FOR PROD. AV TRELAST, MØBLER M.V. HUS FOR PRODUKSJON AV TRELAST, MØBLER M.V.: 2
HUS FOR BEHANDLING AV TØMMER: 1	HUS FOR SAU OG GEIT: 16
HUS FOR FJØRFE: 9	HUS FOR STORFE: 63
HUS FOR FLERE DYRESLAG, FØR OG SÅ, REDSKAPER M.V. UNDER ETT TAK: 167	HUS FOR TELEVERKET: 1
HUS FOR FLERE DYRESLAG, FOR, REDSKAPER M.V. UNDER ETT TAK: 3	HUS FOR TILVIRKNING AV JERN- OG METALL. JERN OG METALLVARER M.V.: 4
HUS FOR FORRÅD AV BRENSEL OG UTSTYR: 33	HUS FOR TILVIRKNING AV SNEKKERPRODUKTER: 2
HUS FOR FORRÅD AV POTETER, ROTVEKSTER: 115	HUS FOR TØRKNING AV TRESKET KORN OG MALT: 2
HUS FOR FORRÅD AV VANN: 1	HUS FOR UDIFFERENSIERT GRUNNSKOLE: 5
HUS FOR GJESTGIVERVIRKSOMHET: 3	HUS FOR UNDERVISNING OG FORSKING: 1
HUS FOR GROVERE KOKING, SLAKTING, BAKING OG SÅ VASK M.V.: 3	HUS FOR VAKTHOLD, INSTRUKSJON M.V.: 1
HUS FOR GROVERE KOKING, SLAKTING, BAKING OG SÅ VASK M.V.: 28	SOMMERVILLA, LANDSTED: 3
HUS FOR HEST: 1	TO-ELLER FLERFAMILIEBOLIG AV VILLATYPE: 4
HUS FOR HUSDYR INNEN LANDBRUK, FISKE OG FANGST: 1	UKJENT: 11
HUS FOR IMPORTHANDEL, ENGROSHANDEL: 1	VELHUS M.V.: 1
HUS FOR LAGRING AV AVFALL, GJØDSEL M.V.: 1	- Totalt: 1043
HUS FOR LAGRING AV BRENSEL TIL EGET BRUK ELLER SALG: 44	Kjelde: SEFRAK-registeret

Kjelder frå Internett

- o <https://www.miljolare.no/tema/kulturminner/artikler/kulturminner-miljoer-landskap.php>
- o <http://www.austrheim.kommune.no>
- o <https://www.vestlandfylke.no/>
- o <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/kulturmiljo/id2697943/>





KAPITTEL 4: KULTURLANDSKAP OG NATURTYPAR

Kulturlandskap er landskap påverka av mennesket og ofte i samspel med husdyr. Det gjeld eigentleg svært mykje av naturen omkring oss, ikkje minst i Austrheim. Det opne kulturlandskapet som har karakterisert Austrheim i fleire tusen år, er i sterk endring. Steinaldermennesket markerte starten på samspelet mellom menneske og natur. Etter at landbruket tok til, skaut denne utnyttinga og samspelet fart. Det opne landskapet i den nordre delen Nordhordland med lyngheiane og dei rike saltvass-straumane i området er prioriterte område.



Forgjengarane våre utnytta naturen for å overleva gjennom å vera nøysame og gjennom å utnytta dei knappe ressursane dei hadde tilgjengeleg. Med fantasi, kunnskap og kløkt har fiskarbonden utvikla teknologi og næringar som har sett sine spor i landskapet.

Kystlyngheiane og myrane er to andre karakteristiske trekk ved det flate og tradisjonelt opne landskapet som også er utgangspunktet for visjonen til kommunen:

«Opne landskap, ope sinn»

FAKTABOKS: Austrheim – det låge landet

«Berre Litlås fjellet (109 moh.) lyfter ryggen over strandflatelandskapet i Austrheim. Myrar og bølgevaska istidsavsetjingar har jamna ut det låge terrenget, slik at det verkar ekstra flatt. Kommunen er først og fremst eit øyrike, men fastlandet strekkjer seg så langt ut mot havet at Vardetangen, heilt nordvest på Lindåshalvøya, dannar den vestlegaste pynten på Noregs fastland.»

Kjelde: Helland-Hansen (red.) 2004:392

4.1 HERDLA-MORENEN

Restane frå istida eller Herdla-morenen har ført til gode vilkår for landbruket ein god del stadar i Austrheim. Dette er ein endemorene som består av materiale som sand og grus etter at isbreen smelta bort for om lag 12000 år sidan. Det gjeld gardane i/på Leirvågen, Fonnes, Ervika, Utkilen, Årås, Mastrevikane, Austrheim og Hopland. Her ligg morenen som ei linje i landskapet mot nordvest og den fører til grøderike gardar som i





dag er relativt lett drivne. Steingardane er prega av runde steinar som bre-is og vatn har forma. I desse områda er det eit kulturlandskap som ein relativt lett kan hausta med meir moderne landbruksmaskiner.

Det gjer at desse områda har dei mest intakte kulturlandskapa i Austrheim kommune i dag. Dette opne landskapet kan du i stor grad oppleva og sjå medan du ferdast langs fv. 565 gjennom Austrheim kommune.

4.2. KYSTLYNGHEIANE I AUSTRHEIM



I august er delar av kysten i Austrheim eit vakkert skode kledd i lilla og purpurraud røsslyng. Granskingar syner at lyngheiane går attende til den eldste tida for jordbruk, og har vore ein ressurs for bøndene slik at det har vore mogeleg å kombinera jordbruk med fiske og fangst. Lyngen var ein viktig lekk i ei fint balansert næringskjede. Dersom ei matkjede svikta, var det mogeleg å overleva på andre. Lyngen var viktig ikkje berre som brensel, men også som fôr både for småfe og storfe.

På Bakkøyna, i Fønnesområdet og på nordre del av Fosnøyna finn ein dei største samanhengande lyngheiareala. Lyngheiane som ligg lengst ute ved havet, er i best stand og minst attgrodde. Men



kystlyngheiane i Austrheim er dessverre ikkje lenger dominerte av kortvaksen og saftig røsslyng med god beiteverdi.

Lyngheiane treng stell for å vera godt beiteland. Med jamne mellomrom må lyngen bli svidd for at det skal komma nye og friske plantar som ikkje er for store og grove. Langs Fønnesstraumen vart det til dømes drive med lyngsviing til ut på 1970-talet. Grunna redusert bruk er store delar av heiane i ferd med å gro att og vert i dag karakteriserte som ein av dei mest sårbare og utsette naturtypene ein har i Noreg.

Foto: Heike Lüdke

4.3 TORVMYRANE I AUSTRHEIM

Myrane i Austrheim er blitt til fordi landskapet er så pass flatt at vatnet ikkje renn unna. Då dei grov torv, yra det av liv på dei ulike torvteigane i høgsesongen. Dei største ligg på Hopland og vidare til Førland,





Solend og Litleindås. Hoplandsmyrane forsynte torv til om lag alle på Austrheim også, då dei også hadde torvrett der. Vidare er det store myrområde på Kaland, på Fønnes/Vardetangen og i området Hjertås-Årås.

I mange tusen år var også torv den viktigaste energikjelda for folk i Austrheim. Ein reknar med at ein starta med å henta torv frå torvmyrane for om lag 4000 år sidan då dei første bøndene laga beitemarker. Opp gjennom tidene har ein spadd ut store mengder torv til brensel, noko som kan ha gjort at mykje fjell har kome fram, særskilt på øyane og i Krossøyna. Dermed hadde myrane ei større utbreiing tidlegare. I dag er myrane truga av sitkagrana som vart planta på 1950- og 1960-talet. Dette gjeld også for den særmerkte terrengdekkande myra på Lyngoksen. I det flate landskapet er det etter måten mykje torvjord og fleire store myrar. Det er registrert tre undertypar av myr i Austrheim: Ei terrengdekkande myr, tre intakte låglandsmyrar og tre rikmyrar der den terrengdekkande myra på Lyngoksen er av svært høg verdi.

4.4 UTFORDRINGAR

Omlagging av landbruket med svært lite lyngbrenning og færre husdyr i utmarka enn i tidlegare tider, fører til attgroing av mange tradisjonelle kulturlandskap, også i Austrheim. Talet på småbruk er kraftig redusert og har ført til at mange beite og enger ikkje lenger er i bruk. I tillegg er det ikkje lenger uttak av torv i kommunen. Til liks med resten av landet har bruken av kunstgjødsel redusert mangfaldet av planteartar, og det er også blitt planta mykje gran i det tidlegare så opne landskapet. Attgroinga vert skildra slik i rapporten *Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Austrheim frå 2003*: «Bjørk, rogn og furu er i frammarsj nesten over alt. Sitkagrana, som vart planta i mange felt i 1960-åra, er blitt til høge tre og tett skog.»

4.4.1 Sitkagran

Sitkagran (*Picea sitchensis*) er ein art i slekta gran i furufamilien. Treet har namnet frå Sitka, den fjerde største byen i delstaten Alaska. Arten vart introdusert til Noreg for meir enn hundre år sidan, men den omfattande plantinga starta først på 1960-talet. I Austrheim vert den gjerne kalla Alaskagran. Den er planta som leplanting og til skogbruk. Sitkagran veks fort og spreiar seg lett. Treet er ein fare for at landskapet gror igjen. Austrheim kommune har som motto «Opne landskap – ope sinn» og me ser at det opne kulturlandskapet vårt står i fare for stor attgroing av Sitkagran.

4.4.2 Lønn



På Årås langs fylkesvegen på Gnr 149 Årås er det ein allé av Lønn (platanlønn/*Acer pseudoplatanus*). Denne var planta på midten av 1900 talet. Det er planta Platanlønn som prydtre og som allé på fleire gardar i Austrheim. Store flotte tre som er lauvfellande og som kan bli 30-35 m høge. I nyare tid har Platanlønn fått status som svartelista då dei spreiar seg lett.





4.5.1 SVÆRT VIKTIGE NATURTYPAR I AUSTRHEIM

Omgrepet «kulturlandskap» vert først og fremst brukt «... på naturtypar der menneska har hatt, og har ei avgjerande rolle for utforminga av vegetasjonstypen og dermed utvalet av artar.» I Austrheim er det registrert seksten naturtypar innanfor dei seks hovudtypane myr, rasmark/berg/kantkratt, fjell, kulturlandskap, ferskvatn/våtmark, skog og havstrand/kyst. I handlingsplanen er det med 5 område med høg verneverdi:

- **Krossøyna**
- **Selsøyna**
- **Lyngoksen**
- **Solevatnet**
- **Leirvågsanden**
- **Purkebolsvatnet**

4.5.2 KROSSØYNA - Myr, kulturlandskap og kyst/havstrand med verneverdi A

Det er i den vestlege og nordlege delen av Krossøyna ein i dag finn eit relativt stort, samanhengande naturområde med kystlynghei som er den mest autentiske i Austrheim. Lite torvdekke har gitt gode og tørre tilhøve for purpurlyng i lyngmarka. Det ligg mykje berg i dagen og grunnlendt jord og mellom kollane finst noko torvmark og myr. Men Krossøyna har preg av at særskilt mykje av brenntorva er fjerna ved uttak av torv som har hatt mykje å seia for utviklinga av vegetasjonen på øya.



Lite torvdekking har igjen gjeve gode tilhøve for purpurlyng og nokre stader er det meir purpurlyng enn røsslyng. Dette gjeld særleg på sørsida av knausane sentralt på øya. Eit spesielt fint parti ligg lengst i nord ved Gavletua, der den sterkt vindutsette plasseringa er med på å dempa attgroinga i forhold til område som ligg meir i le. Totalt sett er lyngheia på Krossøyna i relativt god stand, og vert brukt til beite for villsau. Naustmiljøet på Krossøy er freda.

4.5.3 SELSØY – skogplanting og gardsdrift med verneverdi A

Selsøy høyrer til Gbnr. 164/7 – Krossøy. Hovudbruket heldt fram med drifta i Selsøy etter at det var slutt med eige gard på øya. Søre delen av øya vart planta til rundt 1900. Det var buskfuru i ytterkantane som vern mot storm og sjødriv. BAKANFOR vart det planta bergfuru. I dei lunaste holene vart det planta gran og lerk. Innmarka låg mellom det smalaste eidet og bøgarden/steingarden noko lengre nord. Her vart det rydda slåttemark. Dette området på øya er småkupert og grunnlendt og egna seg best for ljåslått, langorvar og stutturorvar. Om våren vart sauene frå Krossøy flytta til Selsøy, og etter kvart sende til fjellbeite i Masfjorden. Etter at sauene kom ned frå fjellet, hadde dei ein ny periode i Selsøy, før dei kom heim til Krossøy for vinteren. Selsøy vart nytta som sauebeite fram til midt i 70-åra. Etter dette har slåttemarka gått tilbake til naturen. Skogen vart nytta til hesjestaur og gardstaur. Hogst av juletre og til litt ved.





I dag er Selsøy ein oase av gran, furu og lerk. Øya vert brukt til rekreasjon og refleksjon. Her er flytebryggje til ålment bruk, benker, tursti til Ola sin gard og informasjonsskilt. Lyttestasjonen Risor II er bygd opp igjen, og krigshistorie vert formidla, sjå kapittel 12.

4.5.4 RONGEVÆRET– Lyngoksen: Myr og kulturlandskap med verneverdi A

Øya Lyngoksen på 100 da er unik og særmerkt og har tidlegare også blitt vurdert som svært viktig. Peter Emil Kaland og Dag Olav Øvstedal ved Botanisk Institutt ved UiB har gitt området høg verneverdi både nasjonalt og internasjonalt. Det er hovudtypane myr og kulturlandskap som dominerer på Lyngoksen. Det har aldri budd folk på øya, men folk i Austrheim har utnytta naturen overalt dei kunne og henta torv på øyar og holmar når myrane som var lettare tilgjengelege, var tømt for brenntorv.

Her finn ein dei finaste terrengdekkande myrane som er kjent langs ytterkysten sør for Stadt og spora er svært gamle. Undersøkingar og analysar har vist at øya vart avskoga og teken i bruk som beitemark for 4300 år sidan. Dette er mykje tidlegare en elles i Nordhordland. På øya er det difor tjukke lag med torv enn det som elles er vanleg i distriktet. Den største torvdjupna som er målt, er på heile 2,3 m.



4.5.5 FØRLAND/SOLEND - Solevatnet: Ferskvatn/våtmark med verneverdi A

Utløpet til Solevatnet på 50 da er i Førlandsvågen og vatnet ligg i dalen der Hjertåselva renn i søraustleg retning mot nettopp Førlandsvågen. Dette vatnet er viktig først og fremst fordi det inneheld både langgrunn mudderstrand og stumpvegetasjon på djupare botn med fleire sjeldne artar.

4.5.6 LEIRVÅGEN - Leirvågsanden: Kyst og havstrand med verneverdi A

Leirvågsanden er ei langstrakt bukt med lausmassar og, som namnet seier, mykje leire. Han ligg lengst nordaust i Austrheim og like vest for ferjekaia i Leirvågen.



Dette sumpmiljøet vert vurdert som svært viktig då det er eit økosystem med ei rekkje særtrekk styrt av verknaden tidevatnet har på dei store leirmassane i bukta. Det flate terrenget gjer at «... det har blitt danna eit marslandskap i ei utstrekning som det neppe finst maken til andre stader i Hordaland.» (Moe 2003: 78)
Dette er eit stort og viktig strand- og våtmarksområde i fylket og ligg mellom småbruk i eit gammalt kulturlandskap.





4.5.7 SALTVAASS-STRAUTMANE OG PURKEBOLSVATNET Vernde verdi A

Purkebolsvatnet er truleg den største sovebyen for fuglar på Vestlandet kor dei samlar seg i store flokkar slik at dei vert mindre sårbare for byttedyr. Det kjem først og fremst svaler frå store delar av Sør-Noreg til vatnet, særleg i vekene før hausttrekket. I den seinare tid er det observert at det ikkje lenger kjem store svaleflokkar. I Austrheim skapar tidevatnet dei sterkaste straumane i Fennesstraumen (Bakkastraumen), Kilstraumen og Fosnstraumen. Det er langs desse tradisjonelt fiskerike straumane ein har funne busettingar sidan steinalderen. (Helland-Hansen (red.) 2004:392-397)

Skriftlege kjelder

-
- Austrheim Kyst- og sogelag. 2015. Vest ved Vardetangen II. Lokalhistorie frå Austrheim. Bergen.
- Moe, B. 2003. Kartlegging og verdisetjing av naturtypar i Austrheim. Austrheim kommune og Fylkesmannen i Hordaland. MVA-rapport.
- Fylkesmannen i Hordaland/Hordaland fylkeskommune. 2011. Råd om landskap i kommunal planlegging.
- Helland-Hansen, William. 2004. Naturhistorisk vegbok. Hordaland. Bergen.
- Riksantikvaren. 1999. Vern av faste kulturminner langs kysten. Riksantikvarens rapport nr. 27.
- Riksantikvaren. 2014. Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland. Bergen
- Skriv «Selsøy etter han Ola», Mikal Krossøy

Kjelder frå Internett

- <http://www.ge0365.no/miljo/en-fjelltur-og-losningen-pa-et-istidsproblem>
- <https://muho.no/vestnorskutvandringssenter/steinalderstien-i-fosnstraumen>

KAPITTEL 5: ARKEOLOGISKE KULTURMINNE

Det er registrert mange arkeologiske kulturminne i Austrheim. Den største delen av funna er frå steinalderen, men det er også gjort funn frå bronsealderen, jernalderen og mellomalderen. Funna som er gjort, er spreidde over heile kommunen frå øyane i vest til Leirvågen i aust. Dei er registrerte i databasen Askeiadden, som ein kan søkje i via www.kulturminnesok.no.

5.1 STEINALDEREN

Då siste istid slapp taket i Noreg for om lag 10.000 år sidan, var det langs kysten folk busette seg først i eldre steinalder (ca. 10 000 – 4 000 f. Kr.). Det ser ut til at det var ein samanheng mellom dei ulike busetnadane langs kysten på denne tida, fordi det er same type reiskapar ein har funne dei ulike stadene.





Den første busetnaden langs kysten var kanskje opphavleg reinsdyrjegerar, men etter kvart vart dei eit kystfolk. Buplassane låg langt ute på øyar og holmar, og dei utnytta ressursane i havet.

I steinalderen var nærleiken til sjøen viktig, og i straumane i Austrheim var det eit spesielt rikt dyreliv med fisk, sel, kval og sjøfugl som sikra god tilgang på mat. Dei same artane som det i dag er mykje av i området, vart også fiska av steinalderfolket. Ut frå dei arkeologiske funna ser ein at dei fiska mest sei, men også mykje torsk og lyr.

I tillegg fiska dei også litt hyse, uer, brosme, lange, laks og sild. Noko var fiska med enkle reiskapar med krokav bein og stikkreiskaper (lystergaflar), og dessutan ser det ut til at dei også har nytta garn. Det kan også slåast fast at dei hadde båtar, men kva slags type er usikkert. Båtane kan ha vore uthula tømmerstokkar eller laga av tre, men kledde med skinn.



Steinalderfolk busette seg også andre stader i Austrheim. Spor etter steinalderbusetnad har ein såleis funne i store deler av kommunen med 67 registrerte enkeltfunn, og dei fleste av desse er buplassar (37) eller spor av busetnads- og aktivitetsområde (19). Utanom Fosnstraumen, inkludert Hopland og Litleindås er det spesielt Fønnes-området, inkludert straumen mellom Fønnes og Bakkøy, som skil seg ut med mange funn. I tillegg er det funne steinalderbuplassar eller aktivitetsområde i Bergsvika, på Lauvøyna, på Ulvøyna, utanfor Rebnor, på Solend, på Leikvoll, i Monslaupen og på Straumstad. Sjølv om det er registrert mange steinalderbuplassar i Austrheim, er det ikkje synlege spor etter dei fleste av dei. Steinalderfolket budde for det meste i enkle hytter, telt eller gammar som det også er få arkeologiske spor av i dag, men på Bjørøy ved Sotra er det grave ut om lag 5000 år gamle steinalderbustader frå yngre jernalder.

Dei var runde, om lag fire meter i tverrmål og hadde bål plass i midten, noko som viser at dei må ha hatt opning i taket for å sleppe røyk ut. Det er godt mogleg at buplassar i Austrheim frå same periode var tilsvarande. Registreringa av buplassar i Austrheim er gjort på bakgrunn av funn av andre spor etter busetnad enn fysiske spor etter sjølve bustaden. Dette kan vere avslag av ulike bergartar som vart nytta til våpen og reiskapar og beinrestar etter matavfall, samt kulturlag med spor av mellom anna trekol og matavfall. Steinalderfolk nytta også holer og hellerar som bustader der tilhøva låg til rette for det.

FAKTABOKS: Flodbølga

Ein veit ikkje så mykje om hendingar i steinalderen, men ein dramatisk naturkatastrofe råka hardt. Kring 6050 f.Kr. rasa Storegga i Nordsjøen utanfor Sunnmøre, eit område på minst 450 km², noko som resulterte i at ei gigantisk flodbølge skylde innover land langs kysten av Vestlandet. Det er stipulert at flodbølga i Nordhordland var minst 4-5 meter over normal vasstand, og sidan buplassane sjeldan låg høgare enn 5-6 meter over havet, må det ha vore ein katastrofe av dimensjonar. Mange, kanskje dei





fleste, buplassane vart skylde vekk, og svært mange omkom. I Austrheim er det til dømes funne spor av flodbølga for 8000 år sidan, mellom anna i Åråstjødna.

5.1.1 Steinalderbusetting ved Fosnstraumen

I Nordhordland er det området på begge sidene av Fosnstraumen ein har dei første spora av busetnad for 9.000-10.000 tusen år sidan. I eldre steinalder var havnivået i Fosnstraumen 8-15 meter høgare enn i dag, og i yngre steinalder om lag 4-8 meter høgare enn i dag. Dette inneberer at arkeologiske funn av buplassar i dag ligg lenger oppe på land enn buplassane gjorde då dei var i bruk. Til å begynne med var buplassane prega av korttidsopphald, men etter kvart som klimaet vart mildare, fekk busettingane ved Fosnstraumen



ein meir permanent karakter for om lag 8.000 år sidan. Meir eller mindre kontinuerleg gjennom resten av steinalderen budde det folk der, og dei uvanleg rike funna tyder på at det også budde ein del menneskje der samstundes.

Registreringa av buplassane ved Fosnstraumen er gjort på bakgrunn av funn av andre spor etter busetnad enn fysiske spor etter sjølve bustaden. Dette kan vere avslag av ulike bergartar som vart nytta til våpen og reiskapar og beinrestar etter matavfall, samt kulturlag med spor av mellom anna trekol og matavfall.

Film og nettside:

<https://muho.no/vestnorskutvandringssenter/steinalderstien-i-fosnstraumen>

5.1.2 Hellaren ved Fønnesstraumen

I Austrheim er det ein heller på Fønnes med spor av busetnad i yngre steinalder eller overgangen til bronsealderen.



Helleropninga er nesten dekkja av ei ur som ligg framfor, slik at helleren langt på veg vert eit avstengd rom som er kring 6 m langt. Hellertaket er flatt og ligg 1,2-1,5 m over golvet, medan hellergolvet er noko ujamt med steinar og blokker som stikk opp, noko som kan ha samband med at helleren tidlegare er delvis utgraven. I helleren vart det mellom anna funne pilspissar og skår av kleberkar. Det var vanleg å nytte slike hellerar til buplassar av folk i yngre steinalder, der tilhøva elles låg til rette for det. Helleren er kalla «Knapehølet».

I steinalderen var det her samband sjøvegen frå Lurefjorden til Fensfjorden heilt til for 6000 år sida. Vardetangen vart soleis det vestlegaste punktet på Fastlands-Noreg for 6000 år sida og er det framleis. Meir om då Vardetangen vert landfast i vedlegget Kulturløype Vardetangen - Årvika.





5.1.3 Bergkunsten i Synnevågen

Frå yngre steinalder er det også funne ei skålgrop i Synnevåg. Skålgroper er ein form for bergkunst, som er groper i berg som kan vere frå 2-3 cm og opptil 10-12 cm i tverrmål. Gropa i Synnevåg er 8-9 cm i tverrmål og 4 cm djup, altså ei relativt stor skålgrop. Ei vanleg tolking av denne typen bergkunst er at skålgropene har vore ein form for offergroper, der ein ofra i dei til overnaturlige makter. Skålgropene vert vanlegare utover i bronsealderen, og skålgropa i Synnevåg er såleis eit tideleg døme på slik bergkunst.

5.2.1 BRONSEALDEREN

Bronsealderen i Norden fant stad i perioden 1700 - 500 f. Kr. I bronsealderen skjedde det ei vidare utvikling av jordbruket, som oppstod på slutten av steinalderen med rydding av meir åkerland og meir husdyrhold med kyr, sauer og geiter, samt svin. Framleis var det likevel ikkje noko utprega jordbrukssamfunn.



I Austrheim har framleis nærleiken til sjøen vore avgjerande for mattilgangen. Bustadhusa vart i bronsealderen større og ofte også delt i fleire rom. Frå Nordhordland har vi ikkje arkeologiske funn av bronsealderhus, men slike er grave ut fleire stader i Rogaland. Eit bronsealderhus utgrave på Talgje i Finnøy kommune var til dømes 13 meter langt og mellom 6,5 og 8 meter breitt. Talgje vart seinare ein storgard, så kanskje er ikkje huset som det er funne spor av der spesielt representativt.

Bronsealderhusa som stod i Austrheim var såleis truleg noko mindre. I Austrheim er det funne spor av åkerbruk i bronsealderen ved Purkebolvatnet på Fønnes, der det er funne kornpollen.

Det er elles funne spor av menneskeleg aktivitet på Fønnes frå bronsealderen, der eit kulturlag bestående av trekol, brent leire og eldskåren stein er datert til denne perioden.

I bronsealderen endra gravskikkane seg. Medan ein frå steinalderen omtrent ikkje finn gravplassar, tok ein i bronsealderen til med å leggje jordhaugar eller røyser over dei daude. Kring 1000 f. Kr. endra gravskikken seg ytterlegare ved at dei tok til å brenne lika, og bruken av meir monumentale gravminne vart redusert. Ofte sette dei opp beina og la dei i urner etter ei bålferd, og plasserte deretter urna i ein eldre gravhaug eller berre i ei grop i marka, eventuelt med ein liten haug over. Endringane i gravskikkane spreidde seg truleg sørfrå Danmark. På Vestlandet er det registrert mange gravrøyser og gravhaugar frå bronsealderen og jernalderen. Utan nærare undersøkingar er det vanskeleg å datere desse, men i Nordhordland er det iallfall med sikkerheit registrert ein gravhaug frå bronsealderen, og det er på Sakstad i Meland. I Austrheim vart det på 1960-talet gjort undersøkingar av 30-40 såkalla branngraver på Monslaupen, men dessverre utan at det ser ut til å ha blitt laga ein skikkeleg rapport. Gravene er enten frå bronsealderen, eller eventuelt frå jernalderen ettersom likbrenningsskikken eksisterte heilt fram til kristendomen vart innført. Området er no bygd bustad på. I sum er det relativt få arkeologiske funn frå bronsealderen som er gjort i Austrheim.

5.3.1 JERNALDEREN

Omkring 500 f. Kr. begynte folk å ta i bruk jern som råstoff til våpen og reiskapar. Medan bronse var ei mangelvare som var avhengig av import, kunne jern utvinnast i Noreg. Kunnskapen om jern spreidde seg truleg med folkevandringane til keltarane, som i utgangspunktet budde i området rund dei øvre delane av Donau i Tyskland, men spreidde seg til store delar av Mellom- og Vest-Europa.





I Noreg var det jernvinner der tilhøva låg til rette for det. Funn av jernbarrar i Lindås og Masfjorden indikerer at jernvinne fann stad også i Nordhordland.

Frå den eldste delen av jernalderen (500 f. Kr. – 0) er det gjort oppsiktsvekkande få arkeologiske funn i Noreg. Kva dette skuldast er uvisst, men det har vore peika på at det kan ha samanheng med eit kaldare klima. Nyare forskning avviser langt på veg denne teorien, og det vert i staden peika på at perioden kanskje i første rekkje var ei nybrotstid med skogrydding og dyrking av gardar. På Øksnes vart skogen brend kring 300 f. Kr. viser ei undersøking av myrane der ute, medan det same skjedde eit par hundreår seinare på Rebnor, Austrheim og Hopland. Kring 500 e. Kr. vart skogen også brend på Førland, Litlelindås og Fønnes. Sjølv om ein finn spor av jordbruk heilt tilbake til yngre steinalder og i bronsealderen, vart åkrane drive intensivt, og når jorda var utarma, vart husa flytta med til nytt åkerland. Først i jernalderen er det prov på faste gardar over tid, sjølv om nokre gardar rett nok ser ut til å ha ein viss kontinuitet tilbake til bronsealderen. I jernalderen vart dei såkalla langhusa vidareutvikla som ein type grindverksbygg, ofte med to rom, eitt for folk og eitt for fe. I Nordhordland er det ikkje gjort grundige undersøkingar av restar etter slike hus, men spor etter dei er funne.

Kring 300 e. Kr. vart ein annan gravskikk teken i bruk, då det som eit alternativ til likbrenning vart vanleg å gravleggje lika heile i store steinkister med mat og drikke, samt kostbare gravgåver. Denne skikken kom frå kontinentet og germanske stammar som stod tettare i kontakt med romarriket. I folkevandringstida (400-550 e. Kr.) spreidde skikken seg raskt, og vart svært vanleg på Vestlandet.

Det er registrert fleire gravhaugar/røyser i Austrheim frå jernalderen. På Hjertås var det ein stor rundhaug frå jernalderen, der det vart funne ei brend kvinnegrav med ei oval spenne, då haugen vart utgraven i 1880-åra. Gravhaugen har seinare vorte fjerna. I same område er det også funne ei jernalderøks. Det kanskje mest spennande gravfunnet som er gjort i Austrheim frå jernalderen, var gjort på sjølve Austrheim. Her låg «Klunghøgjen» som var minst 10 meter i tverrmål, og er datert til eldre jernalder, truleg perioden 300-550 e. Kr.

Dette var ei mannsgrav som ikkje var brent. Liket var lagt i ei form for steinkiste i eit kammer med heller på golvet og kampesteinar rundt, der det vart funne skjold, spyd og bryne, samt ein hjelm med nasejern.

5.3.1.2 Jernalderbusetnaden på Fønnes

På Fønnes vart det funne restar av eit jernalderhus under vegetasjonshistoriske undersøkingar. Ein fann då kompollen og eit kollag, datert til 400- eller 500-talet e. Kr., avgrensa av murar på begge sider. På denne bakgrunn kjenner ein seg trygg på at dette er restane av eit jernalderhus. I seinare utgravingar er det også registrert stolpehol, som viser at her stod hus i same område i jernalderen. Lenger sør-vest på Fønnes, i Smalhusåkeren, er det også funne spor etter busetnad eller menneskeleg aktivitet. Ein eldstad på ein meter i tverrmål er datert til romartida (0-400 e. Kr.), og er einaste påviseleg konstruksjon. I tillegg er det funne steinrøyser her, men utan spor etter kammer. Kor vidt det stod hus her er såleis usikkert, men iallfall har folk opphalde seg her i jernalderen. I ei torvmyr ved Purkebolvatnet vart det funne ei klebersteinsgryte datert til jernalderen. I same området vart det også funne rester av ei klebersteinsgryte, samt mellom anna eit fiskesøkke. Det vert peika på at funna truleg skriv seg frå ei hustuft frå jernalderen. Klebersteinsgryter frå jernalderen er også funne i Leirvåg og på Leikvoll.

5.3.1.3 Gravrøysene på Fønnes

På Fønnes vart det grave ut ein gravhaug kalla «Hershøgjen», som var 23 meter i tverrmål. I grava vart det funne ein bronsekjel med brende bein. Slike kjelar var meir kostbare enn dei vanlegare leirkara, så det må ha vore ein velhalden person som vart gravlagt i denne haugen. Bronsekjelane vart nytta i perioden 300-talet





til midt på 500-talet e. Kr. Såleis vart bronse framleis nytta utover i jernalderen, men ikkje til våpen og verkøy. Til slik bruk var jern både betre og billigare. «Hershøgjen» vart fjerna i samband med bygging av nytt bustadhus. I same område vart det nyleg gjort nye arkeologiske undersøkingar, noko som avdekka ei gravrøys, samt seks moglege flatmarksgraver og to moglege fotgrøfter til gravrøysar frå jernalderen. Gravrøysa er 7-8 meter i tverrmål og 2,5 meter høg.



Ved Fønnesstraumen/Bakkastraumen er det også registrert ein gravhaug frå jernalderen. Haugen er 6 x 4 meter og kring ein meter høg.

6.1 VIKINGTIDA

Siste del av jernalder (ca. 750-1050 e. Kr.) er vikingtida. I denne perioden er det få gravfunn i dei ytre delane av Nordhordland i likskap med dei ytre kystområda elles på Vestlandet. Det heng truleg saman med at det var få sjøveigande bønder her, fordi gardane vart lagt inn under større jordegodssamlingar kring hovdingsseter. I Nordhordland var Lygra og Seim, som etter kvart også vart kongsgardar, slike



Foto: Ola Moen

maktsentrum. Dessutan ser det ut til at også Husebø i Meland var eit slikt maktsentrum. Bøndene elles var truleg for det meste leiglendingar som bygsla jorda, og gravhaugar frå denne perioden finn ein ikkje på bygsla gardar. Det er gjort gravfunn frå vikingtida i andre delar av Nordhordland, men ikkje i Austrheim. Spor frå vikingtida i Austrheim har ein likevel i form av immaterielle kulturminne, nærare bestemt stadnamn. Fleire maritime stadnamn har truleg sitt opphav i vikingtida, eller eventuelt i mellomalderen. Det gjeld til dømes Snekkevik og Skutevik, som såleis viser til typar av langskip. Stadnamnet Stavehusholmen viser til eit seglingsmerke som truleg stod her for å markere leia. Slike seglingsmerke kunne vere både bautasteinar, steinkrossar og pålar av tre. Kva type som stod der er uvisst.

Skriftlege kjelder

- Bergsvik, Knut Andreas. 1992. Registreringane ved Fosnstraumen, i Arkeo. Bergen.
- Fett, Per. 1965. Lindås prestegjeld. Førhistoriske minne i Nordhordland. Bergen.
- Indrelid, Svein. 1996. Frå steinalder til vikingtid, Strilesoga. Nord- og Midhordland gjennom tidene, bd. 1. Bergen.
- Skogseth, Arvid. 2004-2006. Austrheim i fortid og notid, bd. 1-3, utg. av Austrheim kommune. Bergen.
- Solheim, Anton 1972. Bygdebok for Austrheim, utg. av Austrheim sogelag. Bergen.
- Sulebust, Jarle: Frå vikingtid til 1650, Strilesoga





- Hervik, Frode: Arkeologiske kulturminne i Austrheim, Vest ved Vardetangen II
- Vedlegg, Kulturminneløype Vardetangen – Årvika
- Vedlegg, Skilt Steinalderen ved Fosnstraumen

Kjelder frå Internett

- www.kulturminnesok.no

KAPITTEL 6: KULTURMINNE FRÅ KYSTKULTUREN

Kvalfangst og kvalveiding har vore ei svært viktig næring i Austrheim. Vi veit ikkje kor langt tilbake i tid dette går, men gjennom heile 1800-talet vart det drive kvalfangst mellom dei to gardane Kvalvågen og Ulvøyna.



Nyleg fekk vi ei påminning om dette då fem spekkhoggarar forvilla seg inn i Kvalvågen.

Til skilnad frå tidlegare tider kom desse frå det med livet i behald, men mykje merksemd i media fekk både kvalane og Austrheim.

Sjølv om den norske kystlinja er på 100 915 km og på andre plass verdsbasis, har det vore ein tradisjon for å gje innlandskulturen ein høgare status enn kystkulturen. Trass i dette har kystkulturen vore svært viktig og avgjerande i samfunnsutviklinga til alle tider, også i dag.

I Leirvågen er det eit godt døme på korleis fortid og samtid på eit vis smeltar saman: Samstundes som ein kan sjå naust og sjøhus som representerer ein fleire tusen år lang tradisjon for utnytting av ressursane i havet, kan ein sjå det største oljeraffineriet i Noreg som representerer den moderne bruken av havets ressursar.

Naustmiljøa er eldre spor etter kommunikasjon og samferdsle i kommunen, medan ferjene, kaiene, bruene og biltrafikken representerer nyare tids infrastruktur og kommunikasjon.

Dei minste og mest karrige husmannsplassane og småbruka ytst mot havet kunne bli i det minste laget. Folk som faktisk budde og levde på små øyer og holmar, måtte henta det meste av maten og inntekta utanfrå gjennom fiske. Fiske som attåtnæring gjaldt også for storbonden i Austrheim. Storbøndene, som hadde kveg og korn på relativt store åkrar og enger, dreiv med storfiske med nøter som attåtnæring. Husmennene og småbøndene brukte derimot handsnøre, hausta lyng, tang og tare til husdyra og utnytta fuglane som ressurs. Dei hadde kanskje berre ein lite grøderik jordfleck som vart gjødsla av måsen på ei lita øy eller jamvel ein holme i havgapet.

Når fiskarbonden var borte på fiske, var det fiskarbondedona som heldt hjula i gang på garden. I tillegg hadde ho sjølvsagt heimen og ansvaret for omsorga av unge og eldre. Dette livet skildrar Mikal Krossøy i «Vest ved Vardetangen I» der han hyllar mora og alle andre fiskarbondedoner slik: «Sjølv om ho var krumtappen i alt arbeidet heime på garden, var ho usynleg utanfor. Alle papir gjekk i mannen sitt namn.» (VVII 2013:10)





Kongeskipet i Fornesvågen 2009.
Sjøbu og naust, fotograf: Knut Torkilsen Horvei



6.0 SJØBRUKSMILJØ OG EINSKILDBYGG



Naustmiljø - Sætrevika

Omgrepet «sjøbruksmiljø» femnar om fleire typar bygg enn «naustmiljø». I sjøbruksmiljøet finn ein ulike bygg som til dømes naust og sjøbuer, men også torvhus. Stein er ein av dei mest dominerande materiala i sjøbruksmiljøa i Austrheim. Ofte er det tale om ein kombinasjon av stein og grindverk eller det kan også vera reine grindverksbygg. I tillegg reknar ein også til dømes kaiar, lunnar og hopar til sjøbruksmiljøet. Lungrinda er eit svært karakteristisk trekk ved nausta og eit av dei mest alderdomlege trekka i slike miljø. Det er vanleg at bygningane vert restaurerte, men ikkje lungrinda og steinmurane.

6.1 SJØBRUKSMILJØ



Naustmiljø - Sætrevika

I Austrheim er det registrert fem bygningskategoriar i desse miljøa: Naust, notbu, sjøbu, saltebu og torvhus. I tillegg er det i seinare tid registrert eit garnhus i Sævrøyna.



Naustmiljø i Tresvika



Sjøbu og naust på Austre Sævrøy



Sjøbu i Kvalvågen



Sjøbu og naust i Måkan



Sjøbu i Fønnesvågen





6.1.1 KROSSØYNA - Freda sjøbruksmiljø i Krossøy, Gbnr. 164/1, 4, 5 og 7



Det unike sjøbruksmiljøet heilt nord i øyriket ligg i eit området dominert av kystlynghei. Kulturmiljøet vart freda etter Kulturminnelova i 1994 og har difor høg vernestatus nasjonalt. Bygningane er hovudsakleg frå slutten 1800-talet og fram til 1920 og er eit av dei best bevarte sjøbruksmiljøet i området. Miljøet består av små, enkle og billige grindbygde naust, sjøbuer og torvhus i ei lita bukt med hamn for småbåtar på austsida av øya.

Det er totalt ti bygningar med fire naust, fire sjøbuer og to torvhus som ligg idyllisk til i det typiske lyngheilandskapet. Trebygningane står på fundament av naturstein. Dei er kledde med ståande låvepanel eller liggjande vestlandspanel, og taka er i all hovudsak dekte med tegl. I tillegg inneheld kulturmiljøet ein ruin etter eit naust og det er kaiar, lunnar og hopar i tørmur. Bustadhusa er trekte litt attende frå strandsona, og sjøhusa ligg noko meir spreidd.

6.1.2 LEIRVÅGEN - Sårbart sjøbruksmiljø, Gbnr. 128/5, 6, 7 og 13



Det er tale om åtte bygningar i sjøbruksmiljøet i Leirvågen. Lengst nord ligg den grindbygde notbua frå om lag 1900. Taket er tekt med tegl i nyare tid då det før har vore bølgeblekk. Veggane er kledde med ståande ubehandla kledning. Nabonaustet mot sør er i bindingsverk og har saltak med vindeark i gavlen mot sjøen. Veggane er kledde med bølgeblekk og taket er tekt med eternit.

Vidare sørover står eit lite garnhus i bindingverk som er kledd med nyare bølgeblekk på tak og veggar. Det neste huset mot sør er eit grindbygd naust med saltak. Veggane er kledde med bølgeblekk og har ståande kledning. Taket er tekt med bølgeblekk. Naustet er bygd i 1949, men det står på gamal grunn. På den andre sida av bukta står det ei lita saltebu/garnhus med same eigar som det sistnemnde naustet.

Sivilarkitekt Arild Sætre ved Kulturverntenesta i Nordhordland gjorde ei kulturminnefagleg vurdering av bygningane og kulturmiljøet i Leirvågen i 2012. Dette vart gjort i samband med ein privat reguleringsplan for området. Den faglege konklusjonen er at miljøet utvilsamt er eit viktig kulturminne.

Det er einskildbygningar som i seg sjølv har høg kulturminneverdi, men det er området som har størst verdi som heilskap og kulturmiljø. Eit anna viktig moment er at fleire av bygningane framleis er i bruk og har





demed også bruksverdi. Dei nærmaste naboane er ferjekaien i Leirvågen og Mongstadterminalen. Arne Høyland skriv også om sjøbruksmiljøet i Leirvågen på bloggen Austrheimkulturen. Her kan ein også lesa om ord og uttrykk frå båt- og sjøbrukregistreringane i 1991-93 og såleis få ein smakebit av dei immaterielle kulturminna i Leirvågen også.

6.1.3 RONGEVÆR – Sjøbruksmiljø, Gbnr. 165/1, 3, 4 og 13



Sjøbruksmiljøet ligg på sørvestsida av øya Rongevær i den nordvestlege delen av Øyane. Dei siste fastbuande på øya flytta i byrjinga av 1980-åra. Her er det ei tømra sjøbu, ei grindverksbygd sjøbu og grindverksbygde naust frå 1800-talet. Torvhusa i naustmiljøet er dei yngste bygga og er frå åra kring 1900. Dei andre husa, bustadhus, lær, smalehus og jordkjellarar, ligg lenger oppe om lag midt på øya.

På bruk tre ligg det eldste bustadhuset i tømmer frå 1800-talet med eit tilbygg i nord frå 1973. Kring innmarka er det ein stor steingard og utanfor denne beita dyra. Rongevær vart busett i høgmedialderen, men lagt aude etter svartedauden på midten av 1300-talet og først busett på ny på slutten av 1500-talet.

6.1.4 LANGØYNA – Sjøbruksmiljø, Gbnr. 163/1 og 2

Sjøbruksmiljøet ligg på nordsida av øya, og det er registrert eit stavbygd nothus og eit naust. I 1970-71 vart tegl skifta med plater. Platene på sørveggen av nothuset er komne på seinare. Eit eldre naust av stein er rive, og grunnen er no nytta som slipp. Det ligg eit yngre naust, som ikkje er registrert, nord for nothuset.

6.1.5 HOPLAND – Sjøbruksmiljø, Hoplandsvika

Hovudnæringa på Hopland var fiske kombinert med jordbruk. Det var typiske fiskebønder fram mot 1960-talet. Etter utskiftinga i 1909 var det ein del bruk som framleis fekk ha naustrett, sjølv om nausta vart liggjande på andre sin grunn, og andre fekk utlagt nye nausttomter. Dei gamle rettane med opplagsplass og optrekk for båtar i Hoplandsvika vart som før.





Naustmiljø Hopland rundt 1964



Naustmiljø Hopland 2015

6.2.1 EINSKILDBYGG I SJØBRUKSMILJØ

Nausta dominerer i forekomst i Austrheim. Ein har hovudsakleg nytta dei til å oppbevare ein båt eller kanskje to i. Sjøbuene er ofte mindre bygg som vart brukte til konservering og oppbevaring av fiskefangsten, men storleiken og bruk kan variera. Namna fortel altså ofte om bruken slik at til dømes saltebuene vart nytta til salting av primært sild.

Nokre av torvhusa i Austrheim er ganske spesielle og særmerkte for kommunen. Vanlegvis vart torvhusa plasserte langt frå sjøen og nær torvmyrane. Men i Øyane, Børilden og delvis i Bergsvika, Lerøyna, Kvalvågen og Øksneset vart torva henta frå andre stader med båt. Båten vart lossa ved torvbua i sjøkanten og lagra der. På Fønnes hadde dei torvhusa i vikane nord for Vardetangen i nærleiken av torvmyrane. Desse torvhusa var konstruerte slik at det var teke omsyn til flo slik at torva skulle halda seg tørr. Det er også døme på bygg som både er sjøbu og torvhus.

Støa, eller «vegen» opp frå sjøen, er ein enkel fortøying for småbåtar som kan leia til eit naust. Ein dreg båtane inn og ut av naustet på lunnane som nesten alltid er av osp og ligg gjerne på ein steinmur. Av og til kan denne steinmuren gå eit godt stykke ut i sjøen og dermed fungera som bryggje, som ein ledingsplass uti støa. Lunngrinda er eit svært karakteristisk trekk ved nausta og eit av dei mest alderdomlege trekk i slike miljø. Det er vanleg at bygningane vert restaurerte, men ikkje lunngrinda og steinmurane.

6.2.1.1 LEIRVÅGEN – Komplette notbu i Leirvågen, Gbnr. 128/7

Bygget fortel om ei viktig næring på kysten og vert trekt fram som truleg det mest komplette notbruket i Nordhordland. Det har nøter, notbåtar og spele til å henga nøtene til tork på. Den grindverksbygde notbua i furu vart først registrert tidleg på 1990-talet då det vart registrert materielle og immaterielle kulturminne i



sjøbruksmiljøa i Austrheim. Ho er bygd ein gong på 1800-talet og er 940 cm x 680 cm. Ho vart brukt til å lagra notbåtar og landnota/kastenota og anna notbruksutstyr. Bygningen vart også nytta til å tørka nota i. Bygget er spesialbygd til denne bruken og vart nytta ut i 1940-åra.

Det er stor opning mellom bordkledningen mot sjøsida for å kunna gje god trekk og tørke til nøter, båtar og anna utstyr. Det er også laga port/dør ut mot sjøsida med rull i dørveggen som gjer det lett og effektivt å dra nota ut og inn i bygningen.





I 1990 var notebua forfallen ein del. Eigarane fekk då støtte frå Hordaland Fylkeskommune til å setja bygningen i stand. I 1992 vart det lagt nytt tak, og veggen mot landsida fekk ny kledning. Då vart naustdøra delvis kledd att og ei smal enkel dør vart laga. Det har vore lekkasje, og i 2022 vart taket utbetra. Neste steg er å setje i stand veggjar og dører.

6.2.1.2 LEIRVÅGEN – Lite garnhus i Leirvågen, Gbnr. 128/3

I 2006 dokumenterte elevar ved Kaland barne- og ungdomsskule eit grindverksbygd garnhus i furu i Du finn oss i naustet-registreringane. Bygget er 240 cm X 204 og er om lag 300 cm høgt og Jakob Hope bygde det kring 1900. Bygget har ståande ubehandla kledning med tegl på taket og materiala kjem frå Masfjorden. Då dei reparerte garnhuset i 1991, gløymde ein å ha ei større opning oppe på veggen ut mot sjøen. Opninga var til for å ta garna inn og ut av bygget. Det gamle taket av bølgeblekk vart erstatta med raud pannestein.



Golvet er «flytande», det vil seia at det ligg laust inne utan feste til konstruksjonen.

Med ein slik konstruksjon kan ikkje høg sjø og flo så lett riva huset på sjøen, fordi golvet kan flyta opp inne utan at bygget tek skade av det.

I kjeldene nyttar Arne Høyland nemninga «garnhus» på bygget og peikar på at bygget er særmerkt då ein berre kjenner til eit slikt bygg til i Austrheim, nemleg i Sævrøyna. Derimot finn ein fleire slike hus i Masfjorden som ein meiner vart brukte ved kasting etter sjøaure.

I samband med forskingsprosjektet *Grindbygde hus i Vest-Noreg* vart både notbua ovanfor og dette garnhuset i Leirvågen dokumenterte også i 2000. Dette arbeidet var i regj av Arne Høyland som også var hovudansvarleg for dokumentasjonen av båtar og sjøbruksmiljø i kommunen tidleg på 1990-talet. I 2000 vart både notbua og garnhuset målte opp og teikna av arkitektstudentar i Bergen. Samla sett fortel all dokumentasjonen i Leirvågen også om den immaterielle kulturarven i fyrste halvdel av 1900-talet og truleg lenge før den tid.





6.2.1.3 SÆRVRØYNA – Saltebu/garnhus i Sævrøy , Gbnr. 166/1

Dette er ei lita tømra og autentisk bu på 2,8m x 2,6m med gamal kledning og saltak dekket med takstein av tegl. Bygget er eit særmerkt byggverk for Austrheim fordi ho er ei tømra bu som sjeldne i ytre stork og i denne delen av kommunen. Bua har truleg vore bygt inne i ein av fjordane og seinare flytta til Sævrøyna.



Våren 2016 fekk ein tildelt midlar til vøling av saltebua frå Fylkesmannen. Høyland omtalar bua konsekvent som garnhus. Det står rissa 1747 på veggen i bua og truleg er ho omlag 200 år gamal. Det er likevel rimeleg å tru at bua kan vera noko yngre då det er vanskeleg å stadfesta det nøyaktig byggjearet på grunn av gjenbruk av materiale.



Grunneigar Kjetil Alvestad restaurerte saltebua/gadnhuset i 2018 med tilskot frå fylkeskommunen og kommunen i tillegg til eigdel. Byggmester Jon Arne Ulvøen stod for restaureringa.





6.2.1.4 ÅRÅSVÅGEN – Åråsbua Saltebu Gbnr. 149/1

Åråsbua er den største saltebua i Austrheim og ligg inst i Åråsvågen. Ho vart sett opp kring 1900 av Andreas Haraldsen. Materialet i bua kjem frå eit gammalt større turnbygg i Bergen. På ein bjelke står det skrive «Peter Kristian Krog ingeniør 1745» Bua vart brukt til sildesalting og var eigd av ein forretningsmann og ikkje eit notlag. I si tid var denne vågen ein rik ressurs og av dei beste kaste- og sildevågane på Vestlandet. Før i tida har det difor stått fleire salte- og notbuer utetter vågen. Fleire fredlysingar på tinget viser også at det var rike fiskeressursar i Åråsvågen.



Foto: Ola Moen



Fredlysingane var ein måte for oppsitjarane på Sætre og Årås å åtvara dei som sette ut ulovleg garn og nøter i vågen. I fleire år fram til 2020 leiga kommunen andre og tredje høgda til utstillingslokale for gamle båtar og reiskapar.

6.2.1.5 LERØYNA – Notbua til Lerøy mannen, Gbnr. 158/3

Notbua til Lerøy mannen står på ein liten holme, Litle Småholmen, ved Lerøysundet. Bua er no i privat eige av fem søsken frå bruk tre, Høyen. Før høyrde ho til Lerøy notlag (1905) og var i drift fram til 1960-talet. Bua står framleis og er restaurert. I Vest for Vardetangen II skriv Arne Lerøy om bua og bruken av henne.

Det første notlaget vart stifta omkring år 1900, då som Lerøy og Bergsvik Notlag. Dei bygde eit nothus på holmen nord for den holmen Lerøybua står på i dag. I 1918 vart notlaget delt slik at kvar bygd fekk sitt notlag. Då vart nothuset rive og Lerøy Notlag sette opp eit nytt nothus på Notevollen i Midtnestet på bruk nummer 4. Dette nothuset bles ned i ein storm i 2013, men bryggja og grunnmuren er enno godt synlege. Notevollen var eit nes som vart brukt til å tørka nøter på. Her var det berre glatte svaberget, ikkje ein einaste vekst som nøtene kunne hekta seg fast i.





Lerøy Notlag sette opp Lerøybua i 1919 og nokre år seinare vart bua utvida noko. Eigarane av Lerøy Notlag var oppsitjarane på bruk 1, 3 og 4 (gnr 158). Lerøybua vart kjøpt frå Osterfjorden og sett opp på Litle Småholmen. Holmen høyrde til bruk nummer 3. Ved sida av bua var det ei nothengje, men denne vart sett opp noko seinare enn sjølve bua. Nothengja fall ned under eit uver midt på 60-talet. Lerøy Notlag dreiv aktivt sildefiske med skøyta «Mairós» på 42 fot, gavlbåten «Vikingen» på 27 fot og notbåtane «Blomvåg»,



Foto: Ola Moen - Lerøybua

«Jakoben» og «Olino». «Jakoben» og «Olino» står enno i 1. etasje på bua og er i relativt god stand, mens dei andre båtane vart brende på jonsokbåla på 50- og 60-talet.

Det viktigaste sildefisket gjekk føre seg i Øygarden om vintrane, eller på Hedlelandet som Lerøymannen sjølv sa det. Dette er området rundt Hernar nærst i Øygarden. Dei deltok også på sørafiskje i området ned mot Haugalandet. Elles var det ofte sildeinnsig på Lerøysundet like ved Lerøybua. Det siste sildekastet notlaget gjorde der var i 1965, mens fisket i Øygarden og sørafiskjet vart avslutta ei stund etter krigen. Lerøybua vart først og fremst nytta til opplagsplass for notbåtar, spelbåt og utstyr, og som lagerplass for sildenøter. I perioden 1948 til 1956 vart det drive snurpefiske frå Lerøy og då budde det i periodar notbøtarar på Lerøybua. Desse reparerte og barka eigne nøter, men tok også på seg oppdrag med reparasjon og barking av andre sine snurpenøter. Snurpebøtarar som var på veg sørover til Egersund eller andre hamner med sildelest, gjekk innom Lerøybua og leverte frå seg nøter til reparasjon, for så å henta dei ferdig reparerte og barka nøtene når dei returnerte til fiskefelta.

Arbeidet med reparasjon av nøter gjekk i all hovudsak føre seg i 2. etasje på bua. I denne etasjen var det også innreia eit lite rom med seks køyer, og desse vart nytta av notbøtarane i sesongen. Heile andre etasje var panelt innvendt og taket i første etasje var kledd med papp for å hindra trekk opp i 2. etasje. Det var også nytta porøs huntonit innvendt på ytterveggane i andre etasje. I denne etasjen var det ein vedovn, men rommet var stort og isolasjonen var dårleg så det kan ikkje ha vore enkelt å halda varmen i rommet vinterstid.

6.3.1 SJØFARTEN

I og med at Austrheim ligg sentralt til i kystleia mellom nord og sør, den indre leia gjennom Nordhordland og der Fensfjorden bind Masfjorden til havet, voks det med tida naturleg nok fram fiskeri, fraktefart, sjømannsliv og verksemd knytt til næring i Austrheim. Sjøfarten har difor i lang tid vore svært viktig for folk i Austrheim og for «Austrheim skulle sjøfarten bli næringsvegen framfor alle andre, i ei gradvis utvikling frå fiske og sildeføring til fraktefart og moderne fiskeri og skipsfart. Nesten alle slekter har på ein eller annan måte vore med på denne utviklinga.» (Bakka jr. 2009:5)

Arvid Skogseth har i Bygdebok band 4 gitt eit generelt oversyn over emnet og knytt det til gards- og slekthistoria. Dette er også ei viktig kjelde og utgangspunkt for dokumentasjonen av sjøfarten i bøkene til Dag Bakka jr. *Sjøfarten i Austrheim. Fiskeri og fraktenæring* (2009) og *Utkilen. Frå bygdesjøfart til industriell shipping* (2006). I del ein i *Sjøfarten i Austrheim* er det først ein historisk gjennomgang som hovudsakleg tek for seg det Bakka jr. kallar for «den nye tid».





Dette skjer i åra kring 1850, og vintersildfisket markerer starten på den moderne sjøfarten i kommunen. På denne tida var det mange gode sildeår i kommunen. Etter kvart vart båtane motoriserte og næringa utviklar seg enormt i Austrheim fram til 1975 då motvinden kjem i fraktenæringa. Det skjer ei stor strukturendring i flåten og det vert færre båtar, dei vert større og drifta meir effektivisert og profesjonell. Talet på båtar går ned fram mot 1990, men i 2009 var det registrert 23 skip og 76.876 tdw for næringa lokalt.

FAKTABOKS: Flåten av fraktesfartøy 1920 til 1965

«Alt i 1920-åra voks det fram ein flåte av fraktesfartøy heimehøyrande i mest alle delar av kommunen. 1922 var det seks båtar mellom 92 og 60 fot. Dei høyrer heime på Fønnes, Litlås, Synnevågen, Sætre, Njøta og Leikvoll. I 1930 var det i kommunen registrert 21 fartøy mellom 47 og 93 fot. Mange av desse båtane vart brukte til ulike formål: Lossement, fiske av ulike slag, sildeføring og variert fraktesfart. Tal båtar hadde i 1940 stige til 26, med den finskbygde skonnerten «Fosenøy» på 102 fot, heimehøyrande i Njøta, som den største. Følgjer vi Austrheimflåten til 1965, ser vi dei nye tidene først og fremst i storleiken på båtane. No er det registrert 37 fartøy mellom 60 og 440 tdw, med «Budal» tilhøyrande Alf Sætre PR som den største. Mangfaldet heldt fram, både i båttypar, alder og eigarforhold. Flest båtar er heimehøyrande i Sætre/Budal/Mastrevik-området med ni båtar, tett fylgt av Fønnes med seks.»

Kjelde: Eltvik & Dyrnes 2010: 80-83



Foto: Ola Moen

I del to i *Sjøfarten i Austrheim* står fartøya sentralt i den systematiske gjennomgangen av verksemdene som er knytte til eller har vore knytt til sjøfarten på atten av 37 gardar.

I del tre er det ei oversikt over fartøy som har høyrte heime i Austrheim. Den andre boka til Bakka jr. tek for seg historia til Brødrene Utkilens Rederi og Anders Utkilens Rederi AS og vegen frå ein motorkutter i 1923 til kjemikalieskip. Boka er i stor grad basert på memoarane til Anders Utkilen.

6.3.1.1 Administrasjonsbygget til Myklebusthaug Management, Gbnr. 131/6



Foto: Knut Torkilsen Horvei
Reiarlagkontoret til Myklebusthaug Management

Myklebusthaug Management driv i dag 16 skip, hovudsakleg eigd av forskjellige selskap innan Myklebusthaug-gruppen. Av desse er det 5 offshoreskip, 5 sjølvlossarar og 6 containerskip. Myklebusthaug Management har omlag 260 personar i arbeid, med 240 til sjøs og 20 på land. I tillegg til hovudkontoret på Fønnes har dei kontor både i Bergen og Tallinn.

Kontorbygget på Fønnes vart oppført i 2006, og er eit nytt og spennande glas- og stålbygg. Det er Arkitektgruppen Cubus som bygde reiarlagkontoret.





6.3.2 FJORDABÅTANE



Oster på tur i Kystsogevekene - Kilstraumen

1814 markerer byrjinga på det sjølvstendige Noreg og i 1837 vart lokalt sjølvstyre innført. Ny teknologi som dampskip og telegraf førte til dramatiske endringar. Etter midten av 1800-talet tok fjordabåtane over trafikken mellom bygdene på Vestlandet. 14. november 1866 gjekk «Arne» frå Bergen til Sandnes i Masfjorden. Ein av stoppestadane var Kjelstraumen. Bergen var staden med flest dampbåtar i Noreg og kom til Austrheim ein gong i veka.

Etter kvart vart det Lindås Masfjorden Dampskipsselskap (1884) som tok dei lengre og sjeldnare rutene som til Masfjorden, Austrheim og Fedje med større båtar og større lasterom.

Nye dampskipstoppestader med handel, post og telefon voks fram og skapte ein heilt ny kontakt mellom bygdene og Bergen. Det som før var lange dagsreiser med roing og segling, vart no turar på få timar. Såleis kunne byen få ferskvarer i mykje større omfang enn før. Dampskipskaien vart den nye sosiale møteplassen i bygda. I mellomkrigstida var fjordabåtrutene på sitt største med enormt mange stoppestader. I følgje Dag Bakka jr. var dette det største sjøbaserte kommunikasjonssystemet i verda. Det store omskiftet kom med bygging av landevegar og bruer og tida med fjordabåt sakte men sikkert ebba ut. 14. august 1971 vart Bakkøyna, Ulvøyni og Fosenøyna knytt til fastlandet med nye vegar og bruer. Dampen vart borte, og bilar, ferje og bussar tok over person- og varetransport.

6.3.3 Stoppestader for Dampen



I Austrheim har følgjande stader vore stoppestadar for fjordabåtane:

Njøta, Litlilindås, Synnevågen, Solesjøen, Mastrevikane, Utkilen, Kilstraumen, Fonnes, Baløyna, Rebnor, Austrheim og Hoplandssjøen.

Rongevær hadde ikkje fast stoppestad. Leirvågen var stoppestad seint på 1950-talet til tidleg på 1960-talet. På dei fleste stadane var det også handel og postopneri.

Foto: Ola Moen - Austrheim kai





6.4.0 FORLIS

Den indre farleia frå Bergen til Nordhordland passerer Alverstraumen i sør og Kilstraumen i nord. Den var den opphavlege ferdselsåra til og frå Bergen heilt fram til det førre hundreåret. Det er utarbeida ein eigen areal- og forvaltningsplan for denne leia som er resultatet av eit større prosjekt mellom fleire kommunar. Kilstraumen ligg heilt i ytre strok av den indre farleia og har blitt bana til mange båtar og fartøy. I følgje sagalitteraturen forliste eit av skipa til baglarane i Kilstraumen under eit sjøslag. Ludvig Holberg skildrar straumen slik:

Udi Nordhordland er det smale Sund mellem Øerne og det faste Land, kaldet Kjøllstrømmen, hvilken Storm er farlig saa vel i Henseende til den store Fart, som efterdi midt derudi ligger et Skiær, paa hvilket 7 Nordfar-Jagte paa eengang forulykkedes. Denne strøm faller stedse mod al anden Strøm, saa at naar Strømmen gaaer andensteds du, gaaer den her ind.» (Solheim 1975:4)

6.4.1 KILSTRAUMEN

Det har vore både større og mindre fartøy som brukte den indre farleia forbi Kilstraumen, hevdar Arild Marøy Hansen, amanuensis ved Bergen Sjøfartsmuseum. Truleg førte skipa lokale varer og råvarer, og leia må ha vore ei viktig transportåre. Utfordringa er at spora etter skip med last og utstyr, vert øydelagde og flyt av garde i eit slikt farvatn. Det er berre dei tunge, varige delane av last og fartøy som vert att. Dette er tydeleg i tilfellet med ein kvernsteinstransport frå kvernsteinsbrotet i Hyllestad, som forliste i straumen. Funna av kvernstein er heva og brakt tilbake til kvernsteinsparken i Hyllestad. I tillegg er Kilstraumen funnstaden for mange varer som til dømes tegl. I følgje kjeldemateriale vart også den første kjende dykken med dykkarklokke utført i Kilstraumen i 1672.

6.4.1.1. KILSTRAUMEN – Skipsvraket Den Norske Løve

Det solide handelsskipet med kanoner, Den Norske Løve, enda reisa si i Kilstraumen og ligg som vrak her. Den Norske Løve kom tungt lasta hovudsakleg med kopar inn frå Fensfjorden. Den Norske Løve støtte på blindskjæret, som den gongen låg på det smalaste i straumen. Skipet tok fort inn vatn og sank på 30 meters djupne. På den tida var også straumen sterkare enn i dag, då ein først på slutten av 1800-talet gjorde straumen djupare for å redusera forlis.

6.4.1.2 KILSTRAUMEN - Skipsvraket Rambern

Sognejekta Rambern forliste i 1912 i Straumen. Jekta støtte borti berget under passeringa, straumen tok tak og ho revna på få sekund og sank fort. Jekta var lasta med murstein frå teglverket på Helle i Sunnfjord og ligg framleis oppå restane av Den Norske Løve. Tidlegare var jektestammen synleg. Elles er det berre namneskiltet, eit bord og tre stolar att etter forliset. Diverre for eigarane så var ikkje skipet forsikra.

6.4.1.3 KILSTRAUMEN – Inskripsjon i fjell: 1876

Det maritime kulturlandskapet – Kilstraumen - har spelt ei sentral rolle opp gjennom hundreåra som ein viktig stad i den indre farleia, og det har vore uteljelege forlis på staden. På slutten av 1800-talet bestemte Hamne- og Kystdirektøren at det blinde skjæret i straumen skulle vekk for å gjera sundet djupare og straumen svakare. I 1876 blei arbeidet, som skal ha teke to og eit halvt år, fullført. Ein reknar dette som den





første større sprenginga under vatn i Noreg. Innskrifta i fjellet er ei markering av ferdigstillinga av denne viktige jobben. Sprenginga av blindskjæret har truleg redda skip sjølv om det også har vore forlis i ettertid.

For meir informasjon om forlis, funn og dykking i Kilstraumen sjå Vest ved Vardetangen II s. 22 «Kilstraumen – en kilde til kunnskap om leia».

6.4.2 ANDRE FORLIS OG SKIPSFUNN

Folket i Austrheim har til alle tider vore vande med ulukker på sjøen og vitne til at havet både gir og tar. I bygdebøkene er det mange slike tragiske historier der folk døyr i ulukker og uvær på havet. Det er ikkje mange spor etter denne delen av livet i Austrheim, men nokre har me.

6.4.2.1 MONSLAUPEN/AUSTRHEIM – Gravstein på Austrheim kyrkjegard, Gbnr. 156/42

På gravsteinen på Austrheim kyrkjegard står namna til dei som omkom i ei tragisk hending i Monslaupsundet ein sein junikveld i 1904. Båten støyte på eit skjær, og to kvinner overlevde. Det er fleire vitne til forliset, mellom anna foreldra til dei tre kvinnene om bord. Dei mister svigerson og dotterdottera i forliste og flyttar frå staden. Sjå Vest ved Vardetangen II s. 135-136.

6.4.2.2 Andre skipsfunn i Austrheim

- Fønnesstraumen – Arkeologisk minne – Vernestatus er uavklart
- Grønakjerringa - Arkeologisk minne – Automatisk freda
- Laksnes - Arkeologisk minne – Ikkje freda
- Kelkheim - Arkeologisk minne – Ikkje freda
- Waltershof - Arkeologisk minne – Ikkje freda
- Frenafjell - Arkeologisk minne - Ikkje freda
- Marie - Arkeologisk minne – Automatisk freda
- Ellen - Arkeologisk minne – Automatisk freda
- Kilbulk - Arkeologisk minne – Ikkje freda
- Alskogvika - Arkeologisk minne – Automatisk freda
- Stein - Arkeologisk minne – Ikkje freda
- Katja - Arkeologisk minne – Ikkje freda
- Haakon - Arkeologisk minne – Automatisk freda
- Ganger Rolf - Arkeologisk minne – Automatisk freda
- Olga - Arkeologisk minne – Automatisk freda



Det er framleis mange reiarar i Austrheim.
Foto: Knut Torkilsen Horvei





6.5.1 REGISTRERING AV TREBÅTAR AUSTRHEIM

I 2000 vart det registrert 103 opne trebåtar i Austrheim og 619 for heile regionen. Etter kartlegginga og registreringa fant ein ut at det var funne båtar på 28 av dei 37 gardane i Austrheim. Det går ikkje fram av registreringane kvifor elleve av gardane ikkje er registrerte sjølv om arbeidet vart rekna som ferdig i Austrheim. Registreringane som vart gjort, hadde manglar i høve til kategoriar. Mellom anna er bruken av



Foto: Atle Leirvåg - Fønnesdajen

båt til kvinner og born ikkje tekne på alvor i følgje Arne Høyland. Det finst historier om korleis til dømes jordmora rodde i båt til sjuke og fødande. Høyland konkluderer slik: «Det er vel helst mennene sitt båtbruk som oftast vert fokusert på i framstilling av kystkulturen. Slik vart det og med dokumentasjonen i Austrheim.» (Høyland 2000:18)



Dei registrerte båtane frå 2000 kan ein dela inni to hovudtypar: Hardangertype og nordfjordtype. Det vart registrert ti ulike kategoriar båtar, og småfiskebåt dominerte. Vidare var 88% av dei registrerte båtane spisstemningar, nokre få notbåtar med gavl og berre nokre få ferjer eller prammar. Om lag 33 % av dei registrerte båtane hadde hogde halsar, og for det meste var det registrert båtar med sprisegl og ganske mange med råseglmastre. Sprisegl består av eit storsegl, mast og flokke. Råseglmastrene opptre i nord, nordvest og nordaustre delen av kommunen.





6.5.2 Skyssbåten Fergen



Foto: Hans Jakob Låstad Lygre år 1966

Frå omkring 1950 gjekk rutebåten Fergen mellom Mastrevikane, Utkilen, Kilstraumen og Ervikane. Folk og varar vart frakta frå øyane til fastlandet på Lindåsneset. Fergen gjekk også ein periode i rute med skuleskyss mellom Kilstraumen og Kanserdalen, og mellom Monslaupen eller Synnevågen og Mastrevikane. Skuleborn vart skyssa frå Ulvøyna og Bakkøyna til Ervika, og vart frakta med buss til Kaland skule eller til ungdomskulen på Lindås.

Fergen har vore ein slepedory under sildefiske til båten Alstein til Brødrene Utkilen. Doryen som Hans Utkilen fekk bygd om på Mastrevik slip og Mek. Verkstad fekk styrhus og eit passasjerrom. I 1968 vart Fergen bytta ut med eit nybygg frå Viksund Båt, og nye Fergen fekk same namnet og gjekk i ruta fram til august 1971. Bakkøybrua, Kilstraumbua og Renningabrua vart opna 14. august 1971, og det var ikkje lenger behov for skyssbåten Fergen. Historia om Fergen sjå s. 196 Vest ved Vardetangen III.



Foto: Anne Stokholm - 17. mai 2020

Ein dugnadsgjeng har i den seinare tid bygd om ein 33 fots dory til å bli så lik originalen som mogeleg.

Den nye Fergen var med i front i båtkortesjen 17. mai. Markeringa av 17. mai 2020 var spesiell i eit år med Koronapandemi. Bilkortesje frå Mongstadkrysset, og i motsett retning frå Mastrevik Torg, og dei møtast i det båtkortesjen passerte under Kilstraumbua. Eit fantastisk syn og stor deltaking på veg og sjø.



Historisk foto frå skuleskyss til Rongevær ved Ludvig Rongevær

Det var nødvendig med fleire skyssbåtar mellom øyane i Austrheim.





6.6.1 SJØMERKE, HAMNEBOLTAR OG FORTØYINGSRINGAR



Seglingssmerke og fortøyingsbolt - Kilstraumen

Eit sjømerke eller seglingssmerke er eit fast eller flytande merke. Det er konstruert for å fungera som eit hjelpemiddel for navigasjon i kystfarvatn langs ei skipslei. Dei faste sjømerka er vardar, båker og jernsøyler, mens dei flytande kan vera lys, bøyer, bøjestakar eller vanlege stakar. Fyr er eit sjømerke med lys. Dei offisielle sjømerka er som regel merkte på sjøkart. Kystverket er dei som har ansvaret for vedlikehald av sjømerka og set dei opp.

Det finst ulike typar fortøyingsboltar, hamneboltar. Den eldste typen er ein jernring festa til fjellet med ein krampe. Ein annan type er ein ring som går gjennom auget til ein bolt festa i fjellet. Ein tredje type har ringen liggande laust kring ein stolpe i fjellet og som har ein tvers i toppen slik at han liknar ein T. Ringane vart festa til fjellet med bly, seinare med svovel og fin sand. Langs kysten vert det me kallar forøyingsbolt også kalla tørbolt. Flagstad kommune har tørbolt i kommunevåpenet.

Statens Havnevesen plasserte ut i si tid, eller rettare sagt bora ned, ei rekkje fortøyingsbolter, (mange i kvart vær). Dette er viktige kulturminne som det nye Kystverket ikkje har ansvaret for lengre.

Seglingssmerke og hamneboltar, fortøyingsboltar er viktige kulturminne i kystkommunen Austrheim, og dei må registrerast og vølast. Austrheim sogelag har starta registrering av hameboltar og sjømerke i kommunen, og sogelaget har laga to hefte som ligg ved kulturmiljøplanen:

- Hamneboltar i Austrheim kommune
- Sjømerker i Austrheim kommune



Kryssbolt uten ring - Foto: Kjell Isaksen

I Kvalvågen er det fortøyingsboltar på Litlestonga og på eit skjær og i følge kjentfolk meiner ein at båtar har vore fortøydd med trosse mellom desse to boltane





6.6.1.1 RONGEVÆRET – Fyrlykt og ruin etter fyrbygg, uthus og naust på Brattholmen



Foto: Ola Moen -Brattholmen

Ruinane er etter eit gult fyrbygg i tre på 9,7 meter var eit 6. ordens fyr etter storleiken på linsa. Den største, 1. orden, har ei brennvidde på 92 cm, og 6. orden er det minste med ei brennvidde på 15 cm. Fyr-bygget, uthusa og nausta låg på austsida av Brattholmen vest for Baløyna.

Skipsleia gjennom Rongevær har vore mykje brukt av mindre båtar og går like vest for Brattholmen. I samband med etableringa av fyret skreiv fyrdirektøren at kystfarten i området stadig er aukande og at ein sakna eit leifyr nord i leia. Leifyra er mindre fyr som viser leia i indre kystfarvatn, mellom holmar og skjær, og ved innsegling til tronge sund. Dei sender ut lyssignal med eit visst mellomrom og i visse retningar eller sektorar. Fyrdirektøren trekkjer også fram den manglande trafikktryggleiken i den nordre delen av leia samanlikna med den sørlege leia: «Likesaa rik som leden frå Bergen og sydover er paa fyr, likesaa fattig derpaa er leden frå Bergen og nordover.» Løyvet vart gitt, men ein båe, blindskjær, i sundet måtte sprengast ned til 14 fot om fyret skulle plasserast der.

Ein byrja på arbeidet i 1869 og fyret vart tent 26. september 1870. Det budde to ulike fyrvaktarar på Brattholmen med familie frå starten i 1870 og fram til fyrlykta kom. I oktober 1892 vart fyret erstatta av ei fyrlykt då fyret på Holmengrå vart opna. Fyr-bygget vart flytta til Varnes på Lista.

6.6.1.2 LITLE BJØRNØY



Little Bjørnøy

På Little Bjørnøy står ein varde som visar leien gjennom sundet under Bjørnøybrua i øyaneområdet.





Vardetangen -Hageskjæret



Synnevågen -Kluftholmen



Kilstraumen

Fortøyingsbolt på sørsia av Kilstraumen, på Utkilen. Dette neset er kalla Livberget, også nemnt som Likberget, eller Likferdneset (s.354 i band 1). Det vert sagt at det var her dei tok kistene med dei avdøde for å føre dei til kyrkjegarden. Skutar forliste i den sterke straumen, eller gjekk på grunn på blindskjæret. Her på berget redda sjøfolk seg på land, og her drog dei på land dei som drukna.



Prestekaien på Hopland





Skriftlege kjelder

- Austrheim Kyst- og sogelag. 2013. Vest ved Vardetangen I. Lokal historie frå Austrheim. Bergen.
- Austrheim Kyst- og sogelag. 2015. Vest ved Vardetangen II. Lokal historie frå Austrheim. Bergen.
- Austrheim Kyst- og sogelag. 2018. Vest ved Vardetangen III. Lokal historie frå Austrheim. Bergen.
- Austrheim kommune. Reguleringsplan. Leirvåg Småbåthamn og naustområde. Plan ID 2010009.
- Nils Georg Brekke (red.). 1993. Kulturhistorisk vegbok. Hordaland. Bergen.
- Birger Bjørkehaug & Sven Poulsson. 1986. Norges Fyr. Frå svenskegrensen til Stad. Tvedestrand.
- Dag Bakka jr. 2006. Utkilen. Frå bygdesjøfart til industriell shipping. Bergen.
- Dag Bakka jr. 2009. Sjøfarten i Austrheim. Fiskeri og fraktenæring. Bergen.
- Lillian Eltvik & Terje Ø. Dyrnes. Ei reise mot velferd og velstand. Austrheim kommune 1910-2010. Bergen.
- Anders Bjarne Fossen. 2007. Lela langs norskekysten. Den indre farleia frå Bergen til Mongstad. Bergen.
- Dagrunn Grønbech. 2010. Kystkvinnen. Fiskeribonde og omsorgsbærer. Tromsø.
- Arne Høyland. 2000. Båt- og sjøbruksregistreringar i Nordhordland 1992-1996. Delrapport til «Om kulturvern ved kyst og strand». Norsk museumsutvikling 4:2000.
- Arne Høyland. 2000. Plan for vern av kystkultur i Nordhordland. Døme på materiale frå Austrheim kommune. Delrapport til Om kulturvern ved kyst og strand. Norsk museumsutvikling 4:2000.
- Arne Høyland. 2000. Krossøy – ein gard ved havet. Oslo: Norsk Museumsutvikling.
- Aud Karin Skagen. 1992. Oppbygging av kulturhistoriske attraksjonar i Nordhordland. Knarvik.
- Aud Karin Skagen. 1991. Kulturminnemiljø. Øyane. Austrheim kommune: Forprosjekt for vern og framtidig bruk, Bergen.
- Arvid Skogseth. 2000. Austrheim i fortid og notid. Bd. 1-4., utg. av Austrheim kommune. Bergen.
- Torolv Solheim. 1978 Ei strilekrønike. Oslo.
- Arild Sætre. 2012. Kulturminnefagleg vurdering av etter synfaring desember 2012. Kulturverntenesta i Nordhordland.
- Austrheim sogelag. 2023. Hefte: Hamneboltar i Austrheim
- Austrheim sogelag. 2023. Hefte: Sjømerker i Austrheim kommune.

Kjelder frå Internett

- <http://www.kulturminnesok.no>
- https://no.wikipedia.org/wiki/Sj%C3%B8husene_p%C3%A5_Kross%C3%B8y
- <https://no.wikipedia.org/wiki/Fyr>
- <https://no.wikipedia.org/wiki/Sj%C3%B8merke>
- <http://austrheimkulturen.blogspot.no/2015/08/leirvag.html>

Munnlege kjelder

- Idar Hopland
- Per Lerøy





KAPITTEL 7: KULTURMINNE FRÅ LANDBRUKET

Den gamle bygningsmassen på eit vestlandstun med til dømes lemstove med sidesval, grindløe med fjøs i kjellaren og utedo er også ein kulturskatt. I Hordaland har det vore store kontrastar i byggeskikk mellom ytre og indre strok, både fordi byggeskikken var skapt ut frå driftsforma og tilpassa og bygd i samspel med naturen. Likevel er ein fellesnemnar for husa i Hordaland langstrakte og knappe bygningskroppar og korte takutstikk. Grindkonstruksjonen, som hovudsakleg er blitt brukt i løer, utløer og naust, er også særmerkt for Vestlandet, og ein reknar med han har vore brukt nærast uendra i 4000 år. I skogfattige strok, som i Austrheim, vart derimot stein og torv mest brukt som byggjemateriale.

I mellomalderen var det kyrkja eller kongen som eigde gardane i distrikta. At gardsbruk er i privat eige, er eit relativt nytt fenomen. Før reformasjonen var kyrkja den største jordeigaren, seinare vert kongen i København den største. Frå og med 1650-åra sel kongen krongods til bøndene då han har behov for pengar til krigføring. Alt dette skjer også i Austrheim: I 1647 eig kyrkja nesten halvparten av all jorda i Austrheim. Etter 1800 vert prestegods selt slik at det kjem i sjølveige. Med Kvalvågen gard som hovudsete vert Kristoffer Kahrs ein stor privat jordeigar som til slutt, i første halvdel av 1800-talet, eig nesten halvparten av jorda i kommunen. I 1814 er framleis ein tredjepart av dei norske bøndene leiglendingar og betaler bygselavgifta i pengar eller i bestemte vareslag, og i 1821 kjem Lov om odelsretten og åsetesretten. Etterkvart vert også Kahrs-godset spreidd, men overgangen til sjølveige går seint her. Ein grunn til dette kan vera at fisket var ei vel så viktig næring som jordbruket slik at det kanskje ikkje spela så stor rolle om ein eigde eller bygsla jorda. Men kanskje folk på den tida også kvitte seg for å ta opp lån. Tida frå 1814, nasjonsbyggingstida, var også ein hard periode for folket i Noreg, og det stod skralt til med hus, gardsbruk og reiskapar.

7.1 FRÅ KLYNGETUN TIL MODERNE GARDSTUN

Klyngetuna på Havrå på Osterøy er eit levande døme på dei gamle fellestuna. Tidleg på 1800-talet var det vanleg med mellom to og seks bruk på ein gard, og heile tolv på dei største gardane i Austrheim. Denne teigblandinga på innmark var baserte på eit viktig demokratisk, men også komplisert delingsprinsipp: Alle brukarane fekk ein liten flik av alle engene og åkrane slik at alle fekk part i dei ulike delane med god og mindre god jord. Då eigarane berre fekk bitar av jord som låg spreidd rundt, vart husa sette opp i nærleiken av dei bygga som var der frå før og slik voks dei typiske klyngetuna fram der både våningshus og uthus til mange bruk låg samla til liks med landsbyar på kontinentet av i dag. På Hopland fekk ei slik klynge namnet «Lille London» på folkemunne.


Då utskiftingslovene kom på 1800-talet, vert desse gamle fellestuna løyste opp. I staden vert dei nye gardstuna strukturerte på anna vis: Våningshus og løe midt i store åkrar og enger slik me svært ofte kan sjå dei i dag. I samband med utskiftinga måtte folk rett og slett flytta husa sine. Det vart bygd større og velforma hus, både våningshus og driftsbygningar, på grunn av økonomiske oppgangstider og nye byggeskikkar utanfrå. Etter kvart var det heller ikkje uvanleg at mange gardar vart finansierte av familie og slekt som hadde utvandra til Amerika eller som hadde kome meir velstående tilbake.

Det er større variasjon i tunskipnaden i kystområda enn i indre strok på grunn av topografi, vind og sjødrev. Husa er også vanlegvis større enn driftsbygningane: Alle små og låge, og det er stor grad av gjenbruk i dei. Lite tilgang på trevirke gjorde at stein og torv vart viktige byggjemateriale og har påverka byggeskikken.





7.1.1 KVALVÅGEN – Storgard i Kvalvågen, Gbnr. 147/1



Garden Kvalvågen er nemnd tidleg i ulike skriftlege kjelder og var den største og viktigaste garden i Austrheim mot midten av 1800-talet. Her var det, som namnet tilseier, tilgang på kval, og ein dreiv med kvalfangst fram til 1928. Tidlegare hadde garden lenge to eigarar, Lindås prestebord og Apostelkyrkja. Han skal også vera ein av dei eldste handelsstadane i Nordhordland. Frå 1770-åra vert namnet Toftegård nytta. Våningshuset var eit stort einetasjes, kvitmåla bygg med ark og loft. Vest for våningshuset låg Tingstova som ikkje eksisterer lenger, og eit større bygg som har tent som handelsbu, bakeri, bryggjarhus og drengestove. På austsida stod det ein kalla for Småhuset, eit lite bygg med ein etasje som vart nytta til kontor under tingmøta vår og haust.





På garden er det også ei smie frå 1800-talet som ligg i dette kulturminnemiljøet. Smia er av lafta tømmer med saltak og tegl på taket. Smia er i dårleg stand og eigar har fått tilskot til å vela ho for å hindra tap av kulturminne. I siste halvdel av 1800-talet bygde dåverande eigar ei i tidevassmølle som det står ruinar etter i Kvalvågstraumen. I alleen frå hovudhuset og ned til bryggja var det planta bjørk, eik, rogn og osp.

Andre viktige naturressursar for garden var sild, makrell, østers og ærfugl som gav både dun og egg. Det har også vore sær mange husmannsplassar i tilknytning til denne garden. Då garden vart til eit bruk, vart jorda bygsla bort som husmannsplassar i staden for å dela han inn i eigne bruk med eigarar. Såleis sikra gardseigaren seg rimeleg arbeidskraft i onnene.

7.1.2 ÅRÅS – Storgard på Årås, Gbnr 149/1

Årås gard var kyrkjegods og hørde til Allehelgenkyrkja i Bergen fram til 1660-talet før han gjekk over i privat eige. Garden vart etter kvart delt opp i mindre bruk før han mot alle trendar i samtida vart samla til ein gard kring 1850. Då vart det også bygd nye og meir standsmessige hus enn dei som hadde vore på dei fire bruka. Det nye våningshuset står enno og var oppført av tømmer på grunnmur av gråstein. Branntrygdinga frå 1873 syner at det var velhaldne folk som budde her, då huset var bordkledt og oljemåla, tekt med bord og teglstein og hadde takrenner av tre. I huset var det gang og fem rom i tillegg til to kjøkken og eit kvistrom og loft. Vidare hadde huset elleve dører, ti vindaugsfag og tre enkle vindaug. Kjellaren var på 14 m x 2 m og med ei dør, fem vindaugsfag og eit enkelt vindaug. Huset hadde ein skorstein av gråstein og murstein. Løa og fjøs vart bygd i 1865 og var eit stort bygg for å vera på den tida. Ein del av reisverket til løa var materiale frå gamle Austrheim kyrkje. Det har vore få husmenn på Årås.

Garden vert framleis driven som ein gard i dag og våningshuset vert restaurert. Det har vore drive post og telefonstasjon i våningshuset og landhandel og bakeri i eigne bygg. Seinare har ein delt frå tomter til skule, offentlege bygg og bustadfelt. I 1937 vart ein ny driftsbygning reist der bakeribygget stod. Garden har hatt ei lita flaumkvern og hadde notbu i Åråsvågen, den rikaste sildevågen på Vestlandet.

7.1.3 Langøya – Ruin i Haugklubben, Gbnr. 163/3 og 10

I dag er det berre ruinar att etter to bygningar frå 1800-talet. På denne karrige holmen aust for Krossøyna budde det faktisk ein liten familie ei stund. I dag er det att ei båtstø og ei lita brygge ut mot Børildsosen. Hustuftene ligg i eit lite dalsøkk som går tvers over holmen og ei stor steinhelle syner oss kvar inngangsdøra var. Murane etter sauefjøs og løe ligg lenger nord, og i «dalen» er det åkerreiner og spor etter jordbruk på holmen.

7.1.4 HJERTÅS – Fødestaden til oppfinnaren av PING-kølla, Karsten Solheim, Gbnr. 150/5

Hjertås er heimegarden til oppfinnaren av PING-kølla, Karsten Solheim (1911-2000). Foreldra emigrerte til USA då Karsten berre var to år. Etter ein noko tragisk start på livet enda Karsten mellom anna som kjend golfkølleprodusent og forretningsmann. Han er grunnleggjar av Karsten Manufacturing som er betre kjent under det registrerte varemerket, PING. Han er også grunnleggjaren av golfturneringa for kvinner, Solheim Cup, som vert skipa annakvart år mellom lag frå Europa og USA.





7.2.1 HARDE TIDER: ØYDEGARDAR OG HUSMANNSPLASSAR

Harde tider kan råka folk i alle land og til alle tider. I kvar bygd i Noreg er det gardsbruk som har blitt rydda, men som vart lagde øyde ei tid eller som aldri er blitt bygde opp att. Det kunne vera mange grunnar til dette, men pesten råka Noreg hardt. Dette gjeld også for Austrheim. Svartedauden herja i Noreg i 1349-50, og etter denne store pesten kom det fleire farsotter som bamedauden i 1359-60 og drepsotta i 1370-71. Livet var i utgangspunktet hardt for dei fattigaste på dei små gardane, og i Austrheim vart om lag halvparten av desse øydegardar. Folket på slike gardar var allereie så utarma og svake at det var dei som fall først.

Leiglendingane var frie bønder på ein skyldsett gard og hadde inga arbeidsplikt slik husmennene hadde. Husmannsplassen var derimot ein del av garden til jordeigaren og ofte for liten till at ein familie kunne leva av han. Husmennene leigde vanlegvis huset av gardbrukaren. Men på Vestlandet eigde som regel husmannen huset, sjølv om jorda ikkje var skilt ut frå hovudbruket og ofte låg den dårlegaste jorda på bruket. Mange av husmannsplassane vart etter kvart skilde ut frå hovudbruka, og brukarane fekk kjøpa dei. I dag vert desse ofte omtala som småbruk. Arealet på husmannsplassane her i vest har vore små, kring 12 til 15 mål og ofte mindre.

Gruppa med husmenn auka enormt utover 1800-talet, hovudsakleg på grunn av auken i folketalet. Ei anna årsak til veksten er odelslova som gav den eldste sonen retten til å arva garden udelte. Då fekk resten av folket, inkludert dei andre sønene til gardbrukaren, mindre å velja mellom. Yngre bondesøner slo seg ned på små stader og rydda seg nye husmannsplassar, ofte under farsgarden. Dermed vart det fleire og fleire husmenn og mindre med hus og grunn til den stadig aukande befolkninga i den nye nasjonen.

På Vestlandet hadde husmennene ei friare stilling enn elles i landet og vert gjerne kalla for bygselhusmenn, fordi festevilkåra låg nærmare leiglendingsvilkår: Ved å betala ei eingongs festeavgift, festa dei plassen på livstid. I tillegg måtte dei betala ei lita årleg avgift i form av betaling eller pliktarbeid for både mann og kone nokre dagar i året. Rett nok hørde husmannen til underklassen og sleit hardt under tronge kår, men skilnadane i økonomi og livsvilkår var ikkje så markerte og diskriminerande som på Austlandet der nøda kunne vera stor. Hovudgrunnen til dette var at husmennene hjå oss kunne driva med fiske som attåttnæring, eller kanskje rettare hovudnæring. I Austrheim har ein ikkje enno lukkast med å få registrert autentiske husmannsplassar i god stand, men det er likevel mange spor etter desse i kommunen, også i skriftlege kjelder.

Etter 1855 går talet på husmenn tilbake på grunn av den teknologiske utviklinga i landbruket, fleire kunne kjøpa husmannsplassen og verta småbrukar. Mange, ikkje minst i Nordhordland, flytta eller emigrerte anten til Bergen eller Amerika for å få eit betre liv.

72.1.1 KALAND – Øydegarden på Ikornås

Nokre av øydegardane etter svartedauden og påfølgjande pestepidemiar vart aldri rydda på ny og ligg som attgrodde kulturminne. Det skal vera ei hustuft og rydningsrøys på Ikornås på Kaland utifrå jordbok frå 1330. Men i skattelistene frå 1519-21 er det ikkje ført opp brukarar på garden, og det er sannsynleg at han har vorte liggjande aude som følgje av dei harde tidene med pest og farsotter. Trass i ulike synfaringar har ein ikkje lukkast i å finna ruinane, men garden låg om lag 40 meter vest for toppen av Ikornsåta.





7.2.1.2 FONNES – Ruinar etter husmannsplass i Torvneset, Gbnr. 131/250

Det første paret som budde på husmannsplassen i Torvneset fekk festesetel i 1885 under bnr. 9 og 10. Dei sette opp våningshus og løe, men flytta frå Torvneset til Utkilen i 1890. Om lag eit år etter flytta eit nytt par til husmannsplassen. Kona døydde i 1929 og mannen budde på husmannsplassen fram til 1942. Huset vart då rive og steinane frå murane vart lagde i ei ny steinrøys like ved. Bygningane er borte for lenge sidan, og det kan vera vanskeleg å finna spor etter murane. Men potetkjellaren står der som før, og han er restaurert og verna for ettertida. I tillegg ligg det to fine, eldre rydningsrøysar rett overfor potetkjellaren. Kjell Isaksen har intervjuva den eine dottera deira, Mikkeliva, om oppveksten hennar i Torvneset i Vest for Vardetangen I. Plassen låg opphavleg langt frå allfarveg, lengst nordvest på Fønnes. Folk som budde der måtte gå gjennom myrar og ulendt terreng for å komma seg dit. Då bygdevegen til Ervikane vart ferdig i 1913, vart det lettare, og i dag ligg staden rett ved sidan av snøggbåtstoppet på Vardetangen og skilta turveg går like forbi.

7.2.1.3 KROSSØYNA – Ruinar etter husmannsplass i Selsøyna, Gbnr. 164/7

Ola Rasmusson Krossøy og kona Brita Persdtr. flyttar frå Børilden til Selsøyna kring 1880. Ei stove med kjøkken/gang og loft vert sett opp på ei flate på nordenden av øya. Då dei berre har sauer, vert det bygd eit sauefjøs. Kring 1900 tek sonen og kona over husmannsplassen og byggjer på ei stove til. Men mannen druknar medan han er på fiske og etterlet seg kone og fire born. Enkja giftar seg opp att i 1905 og flyttar til Rotneset. Ho tek med seg stova dei bygde på då dei flytta til Selsøyna. Då Ola i Selsøyna døyr, vert huset kjøpt og flytta til Øksneset og sett opp som flør på garden.

7.2.1.4 SKORHOLMEN – Ruinar etter husmannsplass, Gbnr. 146/1

I 1844 får eit ektepar festesetel på ei tomt på Skorholmen av K. Kahrs. Holmen, som er den klart minste garden i Austrheim, ligg litt nord for nord brua som bind Ulvøyna saman med Fosnøya, og han er ikkje stor. Då ekteparet kom til Skorholmen var det lenger sidan det hadde budd folk der, og dei aller eldste husa var borte for lenge sidan. Stova til husmennene låg om lag 50 m sør for noverande hus, og det finst enno ruinar. Men med den nye eigaren av Kvalvågen gard, Steineger, kom det nye reglar for husmennene. Familien på Skorholmen fekk ikkje lenger lov til å ta østers, dun eller egg. Men det var litt gras mellom knausane slik at det var mogeleg å ha ei ku og nokre sauer, og dei hadde åkrar og beite på andre små holmar og skjær. Gardsbruket på husmannsplassen vart lagt ned i 1928 og vart lenge brukt som feriestad. Dei noverande husa, bustadhus og løe, vart bygd ikring 1871 og er i privat eige.

7.2.1.5 KROSSØYNA – Ruinar etter husmannsplass på Skarholmen, Gbnr. 161/3 og 10

Kring 1865 byggjer eit ektepar ei lita stove på det ein då kalla Skarholmen søraust på Krossøyna. Etter at kona druknar og døyr etter at ho ramlar i sjøen på holmen, giftar mannen seg opp att. Dei bur på holmen fram til 1906 og huset vert rive. I dag er det ruinar etter huset.

7.2.1.6 NORDRE NJØTA – Ruinar etter husmannsplass på Magnholmen, Gbnr. 138/4

På det høgste området på Magnholmen like ved Børo eller Nyhavn skal Magne og familien hans ha budd i ei lita stove på om lag 14m² med eit vindauge mot nord. Huset var ei stove som var bygd saman med løa. Magne og kona fekk festesetel i 1863 på halvparten av holmen med rett til å setja opp hus og bu her mot årleg avgift. Magnholmen er kupert, lang og smal, det er ikkje mykje jord og berre ein og annan åkerflekk. I gode år gjødsla måsekolonien godt slik at det gjekk an å ha nokre sauer gåande. Då Magne døydde i 1891, vart stova flytta til Solend (139/4). Anton Solheim skriv om Magne og livet hans i Vest ved Vardetangen I.





7.2.1.7 SØRE NJØTA – Ruinar etter husmannsplass i Litle Njotøyna, Gbnr. 137/5



Foto: Ola Moen - Søre Njøta

I 1859 får eit ektepar festesetel på husmannsplassen som ein kallar for Litle Njotøyna. Husa dei byggjer på staden vert seinare eigedomen deira. I 1909 vert bygget kårhus for gardseigarane på Njotøyna. I dag er det ruinar etter eit langhus der eit våningshus har vore bygd saman med fjøset. Ein gamal jordkjellar, som er restaurert, står framleis. Dei måtte betala ei årleg avgift på to spesidalar, hadde dermed beiterett i utmarka for vinterfødde husdyr og til å ta ut naudsynt torv til brensel.

7.3.0 BUSTADHUS

Lemstover var vanlege på 1800-talet då ein hadde klyngetun med bustadhus og teigblanding. Men dei har blitt vidareutvikla opp gjennom åra og til slutt vart dei grunnlaget for Rødlandshusa og masseproduserte til resten av Noreg på 1970-talet. Før lemstovene var det vanlege rotstover eller årestover/ljorestover utan lem der røyken frå omnen gjekk ut gjennom ei opning, ljore, i taket som til dømes Syltastova på Radøy. I mellomalderen var langhus eit karakteristisk trekk ved den vestlandske byggeskikken og høyrer til den eldre byggeskikken i det nordatlantiske kulturområdet.

7.3.1. LANGHUS PÅ HOPLAND, SÆTRE OG FØRLAND

Langhusa reknar ein med er ein 2000 år gamal tradisjon der til dømes stove og løe er bygde saman. Det er få slike bygningar att, og ein veit lite om dei. Bygningstypen finn ein på større gardar, særskilt i Hardanger, men også på tidlegare husmannsplassar slik som i Litle Njotøyna ovanfor. I eit slikt perspektiv tenkjer ein seg at ein utvida etter kvart som ein hadde behov for og råd til det. I og med at det er registrert flest bygg i lyngheimrådet, kan ei anna årsak til byggeskikken ha vore den dårlege tilgangen på tømmer. Det er betre økonomi i å samla rom med ulike funksjonar under same tak både med omsyn til materiale og vedlikehald enn å ha fleire frittstående bygningar.

Det var ikkje uvanleg å byggja husa saman slik i kystbygdene med stovehus, løe og flor liggjande på rekkje. Bustadseksjonen i slike anlegg kan vera todelt, tredelt eller fleirdelt som til dømes anlegget på Sætre.



7.3.1.1 Sætre – Langhus, Gbnr. 1/1 Verneverdi A



Langhuset på Sætre inneheld eit eldhus med hellelagt golv og grue, stove med lem, mellomgang med ei lita mjølkebu, ei opphavleg hellelagd bu og eit endekammers med inngang frå bua. Huset er mykje endra innvendig og utvendig, men det har vore eit innhaldsrikt bygg. Framom eldhuset har det tidlegare lege ein torvskot bak ein stor gavl av gråstein. Frå eldhuset førte ei trapp opp til lemmen og framom inngangen var det ei lita sval med sildebu. Langhuset viser det funksjonsdelte prinsippet i slike samanbygde hus med fleire rom og innvendig samband mellom alle rom.

Ei kjelde daterer delar av dette anlegget til 1700- eller tidleg 1800-talet. (Brekke 1975:14-15)

7.3.1.2 HOPLAND – Langhus, Gbnr. 155/15 Verneverdi A



Våningshuset på Hopland er ei lemstove med kjøkken og gang. Det er trapp til lemmen i midten, ei stove på kvar si side av kjøkkenet/gangen, ei tørmura skykkje i den sørvestre gavlen og løe og flor i nord. Grindverkslœa vart sett opp litt seinare i 1864 og ligg innanfor ein stor gråsteinsmur mot sørvest. Inne i løa er det ein tømra flor, og det er ei langsgående sval mellom stavrekkja og ytterveggane på austsida. Det er også bygd på eit toalett i aust utanfor den nordlegaste stova.

7.3.1.3 FØRLAND – Langhus, Gbnr. 151/1 Verneverdi A



Langhuset vart restaurert på tidleg 1990-talet med mellom anna tilskot frå Hordaland fylkeskommune. I 2022 vart Førlandshuset restaurert på nytt. Bygget inneheld ei tømra stove og kjøkken med gang innanfor ein stor gråsteinsmur mot sørvest.

Bygget, som ligg på ein gard i lynghellandskapet, er over 20 meter langt og 9 meter breitt. Stova og kjøkkenet er bygde saman med ei grindverkslœa og ein tømra flor som til saman utgjer eit komprimert samanbygd anlegg. Langs stova ligg det ei torvsval mot vest og det er ei grindbygd stausval mot aust.



7.3.1.5 FONNES – Ruinar etter langhus, kårstove, Gbnr. 131/1

På bruket har det vore eit kårhus der våningshuset var bygd saman med lœ og flor. Det var eit kårhus i gamal stil med kjøkken, gang og lem, så stover og vidare lœ og flor. Før huset vart rive på slutten av 1970-talet, vart det også leigd ut.

7.3.2 LEMSTOVE-TRADISJONEN

Dei aller minste bygga med lem vert ofte kalla for lemstover og er enkle etter dagens standardar. Til dels er dei bygde saman av små stover av ulik alder og type. Dei er ofte låge, langstrakte og smale og kan ha ei sîdesval mot tunet og gavl som er mura i gråstein. Dei var ofte tekte med never og torv.

Etterkvart vart lemstovene større bygg med midtgang og kjøkken. I tillegg til ei stove på kvar side av kjøkkenet kunne desse stovene ha eit kvadratisk eller rektangulært grunnplan. Den kvadratiske stova var inspirert av byggjestilen i byane og vart ofte måla og tekte med stein. Den rektangulære varianten bygde på lokal byggjeskikk i Nordhordland. Desse bygga vart som regel plasserte i lengderetninga av landskapet og vart vanlegvis ikkje måla. I einskilde kjelder vert slike større lemstover med midtgang også plasserte i bygdeempiren. Mange delte stova slik at ein fekk eit lite rom som ein kalla kammers. Over stova var loftet eller lemmen med eit lite vindaug i kvar ende. Det budde store familiar, tenestefolk og kårfolk i desse bygga. Stova vart difor ofte både opphaldsrom, arbeidsrom og soverom for husbondsfolka, kårfolk og dei minste borna.

7.3.2.1 VIKANE - Lemstove i Vikane, Gbnr. 141/1

Lemstova i Vikane har gang med kjøkken og to stover på kvar side. I tillegg er det ei bu på kvar av endane, lem med vindaug i gavlane og eit lite vindaug i trappegangen. Huset er bygd av tømmer og har torvtak.

7.3.2.2. ULVØYNA – Lemstove i Ulvøyana, Gbnr. 145/4

Dette er ei tradisjonell og lita lemstove med stove i kvar ende. I midten er det ein gang og kjøkken. Ovanpå er det lem som i farnе tider vart nytta til soveplass for born og tenestefolk.

7.3.2.3 KVALVÅGEN – Lemstove på Stavesundholmen, Gbnr. 147/9

Dette er også ei tradisjonell lemstove som dei to ovanfor, og ho vart bygd kring 1890 med berre ei stove. Det vart bygd på ei stove til i 1907.

7.4.0 STEINKONSTRUKSJONAR

Steinkonstruksjonar vert rekna som ein tradisjonell byggeskikk i Nordhordland og er meir vanleg her enn elles i Hordaland. Ein nytta særleg stein som byggjemateriale mellom 1860 og 1890 på grunn av den store utskiftinga og nydyrkinga på denne tida. I tillegg var det også kome ny teknologi på marknaden, dynamitt.

Omgrepet «steinkonstruksjon» vert nytta om anlegg, bygg og delar av bygningar der naturstein er brukt som til dømes vernemurar, driftsbygningar, gardflorar og steingardar.

Det er størst konsentrasjon av slike bygg i Lindås, Radøy og Austrheim. Einskilde typar er særleg utbreidde i visse område. Til dømes er jordkjellarar vanlege i Austrheim og Lindås, men ikkje i Masfjorden. Årsaka til





dette kan vera at det er ein samanheng mellom omfattande bruk av stein og dårleg tilgang på tømmer. Men vèrtilhøva, særleg i dei ytre stroka, har sett strengare krav til byggjemateriale som verkar isolerande og som varar lenge slik ein gråsteinsmur gjer. Byggeskikken kan også koma av lange tradisjonar og lokale sedvanar. Men føremålet avgjorde kva for teknikkar ein nytta når ein la opp steinmurane. Det var også vanleg å venta med å hogga steinen til etter at han var lagd i muren.



Steinmur mot sjø – på tursti Årvika-Vardetangen



Steinsett veg – Øksnes - Rebnor

7.4.1 JORDKJELLARAR



I Austrheim er det mange jordkjellarar på gardane, og ein godt i gang med å dokumentera og restaurera jordkjellarar. Dette er viktige lagringsrom som var av stor tyding for folket i Austrheim. Potetdyrkinga slo gjennom for alvor i Austrheim kring 1850. Dermed fekk ein behov for ein mørk og litt fuktig lagringsplass med rimeleg stabil temperatur. Jordkjellaren, eller potetkjellaren som han aller helst vert kalla hjå oss, vart gjerne ordna til i ein haug eller liknande.

Det er heller ikkje uvanleg å finna fleire kjellarar i same gardstun eller ein kjellar på tunet og ein i utmarka. I tillegg til lagring av poteter og andre rotfrukter, er desse kjellarane godt eigna som lagerplass for mellom anna mjølkeprodukt, syltetøy, saft og øl. Om det er sommar eller vinter, viser det seg at potetkjellarane har ei framifrå evne til å halda temperatur og råme på eit akseptabelt nivå.

Austrheim kommune har til og med ein eigen jordkjellar som nyleg er restaurert. Han ligg sentralt til i Torvneset, tett opp til parkeringa til snøggåtkaien ved Vardetangen, der det også er mange turstiar. Jordkjellaren er den einaste som står att av bygningane på husmannsplassen som ein gong låg der og vart berga i samband med arbeidet med den nye snøggåtkaien på Vardetangen.





Eit av kjenneteikna på den innhaldsrike og komplekse vestnorske jordkjellaren er den utkraga konstruksjonen med overdekning. Denne konstruksjonen vart teken i bruk i samband med jordkellarar på 1700- og 1800-talet her i Noreg og har vore i bruk i eldre konstruksjonar på Shetland, Orknøyane og Hebridane. Dei utkraga jordkellarane varierer i storleik, plassering og utforming.

Enno er det mange av dei att, og framleis er det folk som ikkje kunne tenkja seg å lagra potetene andre stader, då kjøleskåpa ofte er ein litt for tørr lagringsplass for poteter.

FAKTABOKS: Den vestnorske jordkjellaren

I følgje tørrmurar-ekspert Haakon Aase er det ikkje noko eintydig svar på om ein skal nytta «jordkjellar» eller «potetkjellar» om desse byggverka. Likevel hevdar Aase at «jordkjellar» nok er eit litt meir allment omgrep, fordi det er ei nemning på ein type konstruksjon som også vert nytta til andre føremål. Ein ser døme på at hus med om lag identisk konstruksjon vert nytta til andre føremål i Irland. Men her hjå oss er nok «jordkjellar» stort sett identisk med «potetkjellar».

Aase presiserer at den typiske vestnorske jordkjellaren, er ein utkraga konstruksjon som skil han frå byggjemåten t.d. på Austlandet. Ein «utkraga konstruksjon» er i følgje Aase at kvart skift, omfar eller lag med stein i muren stikk litt lenger ut enn skiftet under. Slik blir det eit liv i muren, vegg eller vange som hallar utover. Dette er typisk for jordkellarane, men metoden er også mykje brukt i hellebruer og i eldstader. «Overdekning» vert ofte brukt om det laget med jord og torv som vert lagt oppå. Aase har ein teori om at yttermuren ikkje treng å vera eit fast innslag i den utkraga konstruksjonen. Muren representerer først og fremst ei tilpassing i terrenget. Jordkellarar som ligg i rimeleg flatt lende, har ofte ikkje denne yttermuren

Munnleg kjelde: Tørrmurar Haakon Aase

7.4.1.1 LITLELINDÅS - Jordkjellar, Gbnr. 152/7



Foto: Ola Moen

Jordkjellaren på Litlelindås ligg oppå ein liten haug med vassavrenning mot bøen nedanfor og er tilnærma sirkulær. Innvendig har han eit rektangulært grunnplan. Høgda frå golvet opp til ljoren er 220 cm. Inngangen er mot sør og er delvis dekt over med ei steinhelle. I tillegg til å ha tak over døra bind steinhella også den indre og den ytre muren saman i dette kritiske partiet i byggverket. Utvendig tverrmål på jordkjellaren er om lag 260 cm, og det er ein utkraga konstruksjon med ei overdekning av torv på skikkeleg vestlandsk vis.

På grunn av yttermuren har kjellaren fått ein skrånande profil og er dermed tilpassa topografien. Jord og torv dekkjer den indre konstruksjonen oppover.





7.4.1.2 FONNES - Jordkjellar i Torvneset, Gbnr. 131/250



Jordkjellar i kommunalt eige – Torvneset ved snøggåtkaien

Torvneset var ein husmannsplass utan bruksnummer, men i 1937 vart det skild ut frå bruk nr.9 og fekk bruksnr. 131/31 Solvang. Jordkjellaren ligg no på bruk nr 250. Før jordkjellaren vart restaurert, hadde han eit spesielt skadebilete då mykje av det ytre var borte. Likevel er ikkje den indre strukturen øydelagt. Til skilnad frå jordkjellaren på Litlelindås vart det ikkje funne eit felt med jord mellom det indre og det ytre murverket då dette var borte i lag med mykje av jorda og torva. For å få ein solid konstruksjon, som kunne bera jord- og torvmassane som jordkjellaren skulle

dekkast med, vart det difor reist ein låg yttermur på sjøsida, sjølv om ein ikkje kunne stadfesta at det opphavleg hadde vore ein slik mur der. Ny torv og jord vart lagt på muren for å få eit isolerande lag og gjera jordkjellaren funksjonell. Det er også lagt lange, gode bindarar på tvers i murverket for å betra stabiliteten i konstruksjonen. Jordkjellaren er mykje meir enn ei kulisse: Om det skulle vera nokon som ville starta med gatekjøkken eller sal av bakte poteter på kaien, er det allereie eit lagringsrom til poteter og andre matvarer.

7.4.1.3 KROSSØYNA – Jordkjellar i Krossøyna, Gbnr. 164/1 og 164/5

Jordkjellaren ligg inntil ein haug med ein tørrmur med inngang. Få personar hugsar at jordkjellaren har vore i bruk og korleis han eigentleg såg ut, og han har stått som ruin i lang tid. Ein veit heller ikkje nøyaktig når jordkjellaren vart bygd eller av kven. Trass i manglane gav ruinane likevel eit tydeleg bilete av heilskapen i konstruksjonen, og målet var å få ein funksjonell jordkjellar.



I 2012 vart jordkjellaren restaurert gjennom forskings- og utviklingsprosjektet *Jordkjellarar i Vest Iela* av Museumssenteret i Hordaland og med midlar frå Norsk kulturminnerfond. Tørrmurar Haakon Aase var prosjektansvarleg. I tillegg til at ein først demonterte muren, måtte ein gjera eit grunnarbeid. Deretter vart inngangspartiet og yttermurane fundamenterte på fjell og mura opp att med både gamal og ekstra stein frå naboøya. Den innvendige muren vart utført som klassisk utkraga vestnorsk murverk. På tvers av ljoren vart det lagt mindre heller i trapp frå begge sider opp mot ljoren som vart mura kvadratisk.





Steinane i utkraginga vart lagde på «rongo» slik at enden av steinen følgjer den innvendige kvelvde forma på rommet. Dette er eit vanleg prinsipp i ytre strok. Metoden gjer at kondens eller vatn som eventuelt måtte pipla inn gjennom muren lettare skal finna vegen ut gjennom murverket att. Til slutt vart det lagt ei overdekking av jord og torv på jordkjellaren som er om lag 30 cm tjukk.

Jordkjellar på bnr 5 har vore i bruk heilt fram til nyare tid til lagring av potetar og gulrøter.

7.4.1.4 BØRILDEN – Jordkjellarar, Gbnr. 162/1, 2, 4 og 5



Tidlegare var det to sjøbruksmiljø på den sørvestlege delen av øya, men no er det berre miljøet i Børildsvågen som er intakt. Begge jordkjellarane i miljøet er frå 1800-talet, men den på bruk 1 er fuga innvendig på 1900-talet. Bustadhus, løer og jordkjellarar ligg eit stykke oppe frå sjøen.



Bustadhuset på gnr. 162/1 er frå 1820 med nye vindauge i 1960 og har vore i Landbricht-slekta si eige. Grindverkslœa på bruk 1 er frå 1899 og har silo frå 1960-åra.

7.4.1.5 NJØTEN – Jordkjellar, Gbnr. 138/5





Jordkjellaren i Njåten vart restaurert i 2019. Eigar Magnar Saltnes har brukt tørmurar Haakon Aase til hjelp til dokumentasjon og tørmuring.

Jordkjellaren er plassert eit stykke frå dagens tun der våningshus og løe vart oppførte i 1881. Det er ikkje kjent når jordkjellaren vart bygd. Han kan vera reist kring same tidsperiode, men kan også vera eldre. I somme tilfelle kan jordkjellarar vera plasserte nærmare åkrane enn tunet, og så er truleg tilfelle her, eller han kan òg ha vore knytt til eit anna, evt. eldre, tun. Det er ingenting ved byggjemåten i seg sjølv som eintydig indikerer om jordkjellaren t.d. er frå tidleg eller seint 1800-tal.



7.4.2 TORVHUS, LØER, HUS I UTMARK

I Nordhordland er trevirke, stein og brakeris mykje nytta i ulike kombinasjonar i ulike bygningar. Medan stein og tremateriale er nytta i bustadhus, har mange driftsbygningar innslag av alle dei tre materialtypene. Folk i lyngheiområdet og på øyane måtte kjøpa trevirke. Frakta var lang og tungvint, og dette finansierte ein gjennom å selja fisk til folk frå Masfjorden som selde trevirke til folk i Austrheim. Og alt trevirke vart intensivt nytta. Når det var for dårleg tømmer, nytta ein det til flor eller smalhus. Det er også vanleg at driftsbygningar frå eldre tid har gamalt stovetømmer. Den vanlegaste kombinasjonen er treverk og stein i uthusbygningane. Eit unntak er kvernhusa som alle er tømra både i lyngheillandskapet og i dei indre bygdene.





Austrheim har store område med myr, men dei er ulikt fordelte i kommunen. Dei største ligg på Hopland og vidare til Førland, Solend og Litlelindås. Det er også store område med myrar på Kaland og på strekninga mellom gardane Hjertås og Årás. I Øksnemarka finn ein ruinar etter torvhus og spor etter uttak av torv. Langs turstien er det også plakatar om torvproduksjon.

Torvmyrane hadde stor verdi og var veldig lenge den viktigaste energikjelda. Retten til å ta torv var difor svært viktig. Før den store utskiftinga på 1800-

talet låg også torvmyrane i fellesskap på kvar gard. Etter utskiftinga vart areala delte på kvart bruk og var fordelte etter storleiken på garden. Vanlegvis var det slik at bruka hadde torvrettar på garden der dei budde, men dei aller fleste på garden Austrheim hadde torvrett på Hopland, på vestsida av Larsstemmevegen. Torvmyrane var ikkje berre den viktigaste energiressursen, men dei gav også torvstrø til å ha under dyra. Til slutt vart dette til framifrå gjødsel som skapte åkrar med mektige lag av matjord på bøane i innmarka.

Til liks med andre kommunar har Austrheim mange torvhus og moldhus i myrane i utmarka. Torvhusa låg oftast like ved torvmyra i utmarka. Men i kommunen vart torvet også lagra i torvhus i sjøbruksmiljøet i strandsona i staden for ved torvmyra. Difor liknar torvhusa i sjøbruksmiljøa nausta, men dei er altså torvhus. I og med at det utover i øyane var tynnare lag med torv, måtte ein samla torv frå øyar og holmar og føra det i båt tilbake til torvhuset ved sjøen. Etter kvart vart det tynnare lag med torv i øyane, og mange stader vart det slutt på torvet.

På Krossøy vart det siste torvet teke kring 1900. Det same var tilfelle for Sævrøy og Langøy. Då måtte ein skaffa seg torv eller brensel andre stader, som til dømes i dei gode terrengdekkande myrane i Lyngoksen der det var store mengder torv. Om lag alle i Øyane tok torv i Lyngoksen og betalte for det. Det kunne altså vera svært ulikt kvar torvhusa var plasserte i Austrheim og ulikt frå bruk til bruk på same garden. Der dei hadde kort og grei veg heim, var torvhusa plassert i eller ved tunet. Tida for å ta torvet i hus var kring midtsommar, som er ei travel tid for bøndene, og det var viktig å få torvet fort under tak. Dette kan også vera ein grunn til at torvhusa ofte vart plasserte nær torvmyrane slik at dei kunne transportera torva heim vinterstid når det var mindre å gjera.

Vest ved Vardetangen II:

Dei aller fleste artiklane er korte og er til dømes godt eigna til å nytta i skulen på ulike steg i ulike fag, også i vaksenopplæringa. Artiklane inneheld mange historier om bruken av torvhusa, såkalla immaterielle kulturminne. Olja og raffineriet på Mongstad har ei kort historie sett i lys av den gamle energikjelda. Taus kunnskap, ord og vendingar og kunnskap om denne teknologien frå fjerne tider vert formidla i følgjande artiklar:

Mikal Krossøy: «Torv og torvtaking» Kart med m.a. torvhus/ruinar etter torvhus er markerte. (s. 153-163)

Tormod Mosland: «Ein dag i torvet med han Erling» (s. 164-165)

Håkon Korsøen: «Torva varmdde mange gonger» (s.166 -168)

Arne Lerøy: «Torvtaking i Stormyra på Lerøy» (s. 169)

Håkon Sætre: «Torvhenting med M/S Mastrevik» (s. 170)

Aslaug Fonnes: «I torvonna» (s. 171)

Gerd Giæver: «Da eg var unge» (s. 96-99)

FAKTABOKS: *Torvhus – nokre lesetips*





7.4.2.1 TORVHUS FONNES - Vardetangen, Gnr. 133

Det står eit torvhus på utmarka til tidlegare bnr. 1. Emil Fonnes, f. 1891 d. 1966, han var eigar av bnr. 1 då, og dreiv garden. Det er nok han og broren Martin som tok det torvet som ligg i torvhuset.

Det vart slutt med torvtaking i byrjinga av 60 åra. Det var fleire grunnar til det. Fleire tok arbeid utanfor garden og fekk meir pengar å rutte med og hadde råd til å kjøpa anna brensle, som ved, koks, kol og olje. (Parafin) Frå 1950 kunne ein på Fonnes og nytta elektrisk straum som energikjelde.

I vedlegg Kulturminneløype Vardetangen – Årvika står det meir om torvtaking.

7.4.2.1 KROSSØYNA – Torvhus i freda sjøbruksmiljø i Krossøy, Gbnr. 164/1, 4, 5 og 7



Det ligg torvhus i dette sjøbruksmiljøet i ei lita bukt med hamn for småbåtar på austsida av Krossøy. Ute på øyane vart det teke torv som vart lagra i torvhus ved sjøkanten. I Øyane, Børilden og delvis i Bergsvika, Lerøyna, Kvalvågen og Øksneset måtte dei transportera torvet med båt og lossa i torvhus som stod i lag med dei andre bygga i sjøbruksmiljøet. Når folket var vel heime i stoa med lasta i seksringar og færingar, vart torva kasta inn i torvhuset der dørøpninga vende ut mot hamna.

Torvhusa i Krossøy inneheldt eit rom for gardbrukaren sjølv og eit for kårfolket. Bordfjølær framom øpninga hindra torvet i å rasa ut etter kvart som huset vart fylt opp.

7.4.2.2 SØRE NJØTA – Gamal gardsflor på Søre Njøta

Gardsflore er bygd av stein og vart nytta som sommarfjøs for kyr og sauer på beite. Utmarka vart brukt som fjellbeite då seterdrift var ukjend fram til mot slutten av 1800-talet då ein del gardar fekk tilgang på beite i Masfjordfjella.





7.4.2.3 KVALVÅGEN – Gardsflor, fjøs og steingard på Rasmusholmane, Gbnr. 147/2 og 9



På øya er det også ein gardsflor og eit sauefjøs i grindverk og stein som treng å bli vølte. Det er steingardar for å skilja beita mellom dei to holmane

7.4.3 RYDNINGSRØYSER, STEINGARDAR OG ANDRE STEINKONSTRUKSJONAR



Rydningsrøys - Torvneset



Steingard heilt til sjøs - Dyrøyna

Rydningsrøysar er menneskeskapte spor i kultur- og jordbrukslandskapet som er vanskelege å tidfesta. Men som regel er dei små rydningsrøysene eldre enn midten av 1700-talet.





Steingardar i utmarka i Øksneset

Steingardar finn ein både i skogsdistrikta og i lyngheiområdet i Nordhordland. Desse tener som grenseskifte mellom inn- og utmark, som grense mellom teigar i innmark og som inngjerding av beiteområde. På Hjertås og Hopland er det enno spor etter desse i form av steingardar som framleis står. Njøta er også kjent for steingardane som går på kryss og tvers. Det er mange lange og fine steingardar i heile kommunen, og spesielt den i Øksneset. I Makrellvågen/Torftegård er det steinruiner etter steinkai og demning.



Flyfoto 1964 - Nordre Njøta





Makrellvågen/Torftegård

7.4.3.1 FONNES – Rydningsrøyser i Årvikane - Vardetangen

I samband med arbeidet med kulturhistoriske registreringar og områdeplan i Nordre Fønnesvågen, vart det registrert fjorten rydningsrøyser i Årvikane. Desse er kulturminne med lokal verdi frå nyare tid og har alle fått eit nummer. Kjenneteikna på desse rydningsrøysene er at dei er låge og mange på eit relativt lite område i eit flott kulturlandskap. Dei fleste rydningsrøysene er typiske då dei er lagde på berg eller inntil berg som er stader der det ikkje er beite. I tillegg ligg dei nærleiken av badevika i Årvikane med lett tilgang via turstiar i området og har stor opplevingsverdi.

FAKTABOKS: Skildring av fjorten rydningsrøyser

- N1 Oval, relativt store steinar, ligg attmed gjerde nær bergknaus.
 - N2 Avlange, små og store steinar, ligg attmed gjerde og knaus.
 - N3 Samling av større steinar inn mot berg, nedre stein mosegrodd.
 - N4 Samling av større steinar inn mot berg, nedre stein mosegrodd.
 - N5 Lita røys, større steinar kasta inn mot berg.
 - N6 Avlang, av større stein, ligg på berg.
 - N7 Avlang, små og store steinar, mosegrodd i botn, ligg på berg.
 - N8 Lita røys, små steinar, ligg på berg.
 - N9 Avlange, små og større steinar, ligg på knaus.
 - N10 Avlange, større steinar, ligg på berg.
 - N11 Lita røys, små steinar, ligg på berg.
 - N12 Rydningsrøys, oval, små og større stein, ligg attmed mindre bergknaus.
 - N13 Avlang, men høg røys, små og større steinar, ligg attmed berg.
 - N14 Avlang, ligg på berg.
- Kjelde: Rapport 18, 2014: Kulturhistoriske registreringar. Områdeplan for Nordre Fønnesvågen (s. 41-42)

7.4.3.2 BØRILDEN - Steinkonstruksjonar i Børilden

I ein våg ligg det tre steinbygningar som kan minna om primitive fangst- eller veidebuer. To av dei er på menneskestorleik, og den tredje er sirkelrund og om lag tre meter i diameter. Desse ligg ved sidan av ein grunn våg som ser ut til å vera reinska rein for stein. I dag er det ingen som veit kva funksjon desse anlegga har hatt, men kanskje har det vore krypinn for fiskarar i eldre tid på grunn av den gode hamna og nærleiken til gode fiskeplassar.





7.4.3 HOPLAND – Steinkonstruksjon i sundet mellom land og Prestholmen, Gbnr. 155/4

Sørvest av Hoplandskvernene har det i sundet mellom land og Prestholmen i si tid vorte murt ei demning på tvers av sundet. Ein kan ikkje tidfesta hendinga nøyaktig, men ein meiner ho vart bygd tidleg på 1900-talet. Demninga er delvis synleg på fjære sjø.



Etter det ulike eldre informantar i Austrheim og i Radøy har fortalt, var det folk frå Straume som ein gong tidleg i det førre hundreåret hadde nok guts til å våga å bygga det ein meiner er ei demning. Tanken var at når storsilda kom om vinteren, ville den delen av sildestimen, som valde sundet, verta stoppa av demninga. Ein tenkte det ville vera enklare å stenga ho inne med ei not over sundet i nordvestre enden for å effektivisera fangsten. Etter at demninga vart bygd, viste det seg at silda lettare vandra på utsida av Prestholmen, truleg på grunn av dei endra straumtilhøve det vart i sundet etter at demninga vart bygd. Tiltaket vart difor ikkje heilt vellukka og det har blitt til ei god nabohistorie.

7.5.1 KVERNBRUK

Den vanlegaste kombinasjonen i byggverk i utmarka er, som vi har sett, treverk og stein. Men kvernhusa er unntaka fordi desse er tømra både i indre og ytre strok. Det var ei kvern på Årås og Austrheim, to på Hopland, ei på Rebnor og ei i Øksneset i 1723. Dei fleste av dei var flomkverner og drivne av vasskraft. Dette tyder at dei for det meste berre kunne nyttast om våren og hausten då vassføringa i bekkane var stor nok. Kvernane vart nytta til maling av korn og var sentrale i gardsdrifta. Det var vanleg med sameige og ein leigde hjå andre om ein ikkje hadde sjølv. Det har vore kvernbruk på fleire gardar i kommunen, og ruiner etter demningar og kvernhus er vurdert som verneverdig. Sjå meir informasjon om kvernbruk i Vest ved Vardetangen III s 171, «Kverner i Austrheim»

7.5.1.1 HOPLAND- Hoplandskvernane, Gbnr. 155/15



Det har vore to kverner på Hoplandsgarden i Kvernhusvågen nokre kilometer sør for garden. Dei to kvernhusa ligg etter kvarandre i bekken som renn frå Langevatnet. Det er ein liten skilnad i høgde slik at begge kvernane kunne nytta den same vassmengda. Men det er mogeleg å driva begge kvernane uavhengig av kvarandre. Det vart bygt vassrenner eller slok i stein. Begge kvernhusa med demning og slok er sette i god stand og det er merka og populær tursti til kvernane.





7.5.1.2 KVALVÅGEN – Ruin etter strømmølle i Kvalvågstraumen



Foto: Ola Moen - Kvalvågstraumen

Johan Steineger eigde Kvalvågen gard frå 1850 til 1857. I tillegg til å driva handel, var han også ein gründer: Han bygde ei imponerende strømmølle i det smalaste sundet mellom Kvalvågen og Ulvøyna der straumen var stridast. Strømmølla var i bindingsverk, bordkledt og måla. Taket var tekt med lekter og teglstein. Mølla hadde tre rom over kvarandre, og på den søre sida var det ført opp ei hette på 2 x 1 meter. I tillegg hadde mølla eit maskineri. Under byggverket og maskineriet var det ført opp ein grunnmur av gråstein som me ser spora etter i dag.

Ved sidan av denne vart det sett opp ei bryggje av gråstein på fast grunn. Det var straumen i sundet som skulle driva mølla, men produksjonen var låg, og det vart aldri noko skikkeleg drift. Steineger lukkast ikkje med innovasjonsprosjektet sitt og sel Kvalvågen på tvangsauksjon truleg fordi mølla ikkje var lønsam.

7.5.1.3 FONNES- Ruinar etter kvernhus ved Kvernhuselva, 131

Det er restar etter murar av eit gammalt kvernhus på Fønnes mellom Purkebolsvatnet og Årvikane. I matrikkelen frå 1723 for garden Fondenenes står det at det var 2 flomkverner her, og at garden hadde vassfall til kvern. Kvernene er og nemde seinare på 1700 talet og i 1863. I utskiftingsprotokollen frå 1879 av utmarka står det at kvernene kunne brukast som før med fri tilgang.

Bekken som renn der heiter Kvernhuselva. Ved munningen til bekken er det steinkonstruksjonar i fjøra, dette er truleg eit anlegg for fangst av fisk. Meir om kvernhus i Kvernhuselva i vedlegg: skilt Vardetangen – Årvika.





7.5.1.4 FONNES- Torskeberget, spor etter tørking av fisk

På dei kvite berga på austsida av Årvika vart det tørka fisk, klippfisk. Deler av berget er overgrodd no. Mikkeliva, som var siste gjenlevande av dei 11 syskena som vaks opp på Torvneset, fortalde i 2011 på heimlassen sin når ho var 104 år: «Her tørka dei torsk og brukte ungane til å hjelp til. Då var me gode å ha. Det kom store båtar med fisk som skulle tørkast. Me tente pengar, og det var det me gjekk for. Me måtte slita fiskane oppover berget og leggje dei tett slik at det vart plass til mange».

Fisken vart tørka på svaberga, og her finn me i dag stein som truleg er brukt til å fylle sprekker og søkk i berget slik at fisken fekk tørke og ikkje ligge i blaut i dammar. Meir om Torskeberget i vedlegg: skilt Vardetangen – Årvika.



Skriftlege kjelder





- Austrheim Kyst- og sogelag. 2015. Vest ved Vardetangen II. Lokal historie frå Austrheim. Bergen.
- Nils Georg Brekka (red.). 1975. Byggeskikk i Nordhordland. Registreringsrapport 14. Lindåsprosjektet. Bergen.
- Nils Georg Brekke (red.). 1993. Kulturhistorisk vegbok. Hordaland. Bergen.
- Reidulv Gald. 2006. Byggeskikk og tunskipnad. Verneverdige bygningar på gardsbruk. Fylkesmannen i Hordaland.
- Einar Hovdhaugen. 1975. Husmannstida. Norsk kulturarv. Oslo.
- Halvor Kleppen. 2002. «Nordmannen bak Solheim Cup. Karsten fra Austrheim». Norsk Golf. Oktober 2002.
- Moe, B. 2003. Kartlegging og verdisetjing av naturtypar i Austrheim. Austrheim kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 1-2003: 1-86.
- Arvid Skogseth. 2000. Austrheim i fortid og notid. Bd 1-4, utg. av Austrheim kommune. Bergen.
- Haakon Aase & Espen Marthinsen. 2008. Forprosjekt. Jordkjellerer i vest. Et dokumentasjon- og opplæringsprosjekt. Hordaland Fylkeskommune og Norsk handverksutvikling.
- Haakon Aase. Arbeidsrapport frå arbeidet med jordkjellaren på Krossøy.
- Haakon Aase. Jordkjellar på Vardetangen – ei løypemelding.
- Informasjonsskilt langs turløypa Vardetangen-Årvika

Kjelder frå Internett

- <http://www.byggogbevar.no/pusse-opp-gammelt-hus/tilskudd/artikler-tilskudd/istandsetting-av-jordkjeller.aspx>
- <https://no.wikipedia.org/wiki/Rydningsr%C3%B8ys>
- https://no.wikipedia.org/wiki/Karsten_Solheim
- <http://www.solheimcup.com/>
- <https://www.norgeshistorie.no/bygging-av-stat-og-nasjon/artikler/1413-husmannsvesenet.html>

Munnlege kjelder

- Agnar Hopland
- Idar Hopland
- Linda Syslak
- Haakon Aase
- Mikkeliva Djupevåg





KAPITTEL 8: KULTURMINNE FRÅ SAMFERDSEL OG KOMMUNIKASJON



Havet og ressursane i havet har stått og står heilt sentralt for folk i Austrheim. Men havet har ikkje berre vore matfat og det viktigaste grunnlaget for mange ulike næringar i kommunen. Sjøen var også hovudferdselsåra heilt fram til nyare tid då vegane og ikkje minst bruene, kom med utbygginga på Mongstad. Sjølv om det meste av Austrheim framleis var eit øy-samfunn i 1970, kan ein likevel seia at det store skiftet tok til med bilferjer og bygging av vegar og bruer i 1950-åra. Dette kuliminerte med at bymann og stril til slutt vart knytte saman med Nordhordlandsbrua i 1994.

8.1.1 KAIAR



Austrheim har ein hatt ein gjennomgang av tilstanden og eigedomstilhøva for kaiane i kommunen som er godkjent politisk. I vurderinga var hovudfokuset reiseliv og havsport. Det er ikkje mogeleg å satsa på alle, og ein er difor nøydd til å gjera nokre val. I Austrheim har ein valt ut nokre fyrtårn som høyrer heime i kategori A. Kaiane vart delte inn i tre kategoriar til: B = viktig med offentleg tilgjenge; C = viktig med omsyn til næringsinteresser; D = kan seljast/avhendast. I det følgjande er det gjort eit utval frå denne rapporten.





8.1.1.1 KROSSØYNA - Krossøy kai

Denne kommunale kaien er i bra stand trass i diverse skadar, og lostenesta bruker kaien i dag. Det er parkeringsplass på ein stikkveg til kaien som vart kontrollert 05.03.09. Kaien er plassert i kategori B. Dette er ein viktig kai i eit flott område i kommunen slik at ein bør vurdere tilrettelegging for fritidsbåtar med gjesteplassar.

8.1.1.2 KROSSØYNA - Kaien ved Rongevær Kurs & Fritidssenter

Denne trekaien er også kommunal og er viktig i reiselivssamanheng. Kaien er plassert i kategori A.

8.1.1.3 RONGEVÆRET - Baløy Kai

Denne kommunale betongplatekaien er viktig i reiselivssamanheng og er plassert i kategori A. Det er skader i konstruksjonen og han treng å bli vølt. Kaien vart seinast kontrollert 05.03.09.

8.1.1.4 BØRILDEN - Kai Børilden

Denne trekaien er i kommunalt eige og er plassert i kategori B.

8.1.1.5 ØKSNESET - Øksnes gamle kai- aust

Kaien er truleg eigd av oppsitjarar, og kommunen er ein av oppsitjarane. Fylkesvegen går heilt til kaien. Kommunen eig også eit naust på kaien som er plassert i kategori A. Det er naturleg at ein ser kaien i samanheng med friluftsområdet.

8.1.1.6 ØKSNESET - Øksnes tidligare rutekai

Kaien er kommunal og det går kommunal veg til kaien. Ein kan også sjå kaien i samanheng med friluftsområdet, og han kan vera viktig av beredskapsomsyn. Kaien er plassert i kategori A.

8.1.1.7 HOPLAND - Molokai Hopland



Foto: Ola Moen - Hopland

Kystverket eig denne molokaien, men kommunen har ansvar for drifta. Kaien treng fenderverk og er plassert i kategori B.





8.1.1.8 SOLEND - Solesjøen kai

Eigartilhøvet er uavklart, og grunneigarane gjer krav på kaien som er plassert i kategori A. Det er omfattande skadar på kaien. Det er sett opp skilt om at køyring på kaien er på eige ansvar. Kaien vart kontrollert 05.03.09. Kaien er viktig med omsyn til friluftsiinteresser.

8.1.1.9 SÆTRE -Mastrevik kai

Denne kommunale kaien har ei sentral plassering i kommune då han ligg i den indre Farleia. Ein må sjekka kva for utbetringar kaien har behov for. Kaien er plassert i kategori A og ligg i samanheng med private kalar i Mastrevik. Området har vore mykje nytta til havsportsaktivitetar del siste åra.

8.1.1.10 KILSTRAUMEN - Kilstraumen kai

Kai-anlegget er nyleg utbetra og er i privat eige. Kilstraumen er også eit satsingsområde i prosjektet Den indre farleia. Området er svært viktig i reiselivssamanheng og er plassert i kategori A.

8.1.1.11 FONNES -Kai i Ervik



Kaien er i privat eige, og det er skrive avtale mellom kommunen og grunneigarane. Avtalen gjev ålmenta fri tilgang til kaien. Kaien er i kategori B.

8.1.1.12 FONNES - Kai på Fønnes aust

Eigartilhøva er noko uklare, men dampskipskaien er eigd av kommunen og resten er moglegvis i privat eig. Kaien er plassert i kategori A.

8.1.1.13 LEIRVÅGEN - Kai og molo i Leirvågen

Kystverket eig moloen, men kaien er eigd av oppsitjarane og treng noko utbetring og opprydding. Kommunen har ansvar for drift av kaien som er plassert i kategori B. Kaien ligg i eit fint område som også har eit verna våtmarksområde og gammalt naustområde.





8.1.1.14 LEIRVÅGEN - Leirvågen ferjekai



Ferjekaien er eigd av Statens vegvesen og er plassert i kategori C/B. Ferjekaien ligg ved eit gammalt naustområde ikkje langt frå Mongstad. I samspel med den moderne utnyttinga av ressursane i havet på oljeraffineriet på Mongstad og den moderne kaien og moloen kan ein samstundes «sjå naust og sjøhus som representerer ein fleire tusen år lang tradisjon for utnytting av ressursane i havet. Nausta, og båtane i dei, representerer kommunikasjon og samferdsle så langt attende som det har budd folk i dette området.

Ferga og biltrafikken representerer dagens infrastruktur og kommunikasjon.» I følge sivilarkitekt Arild Sætre har desse tre lokalitetane ein stor pedagogisk verdi.

8.1.1.15 FONNES - Snøggbåtkai på Vardetangen

Bergen & Omland Havnevesen eig snøggbåtkaien på Vardetangen som er plassert i kategori A. Kaien er også ein av fleire innfallsportar til eit større turområdet og det vestlegaste fastlandspunktet i Noreg på Vardetangen. Rett i nærleiken av kaien ligg den kommunale jordkjellaren som nyleg vart restaurert.

8.1.1.16 Øyaneområdet – Statsbrønn på Trollholmen, Gbnr. 164/4



Kai med tilgang til vatn – Trollholmen i Øyaneområdet

Dette er kai til statsbrønnen ved Trollholmen. Bygd av kystverket i samband med fiske og vassforsyning til fiskebåtane. Det var mange på fiske i området under og etter krigen. Ein del høyrde til her, men det var også mange tilreisande under sildefisket . Bruken gjekk fort nedover. Sildefisket forsvann herifrå i 1950-åra. Det same gjorde brislingfisket. Også folk i Øyane henta vatn i tørkeperiodar.





Vestre Sævrøy



Øksnes



Littlelindås kai



Krossøy



Fornes



Hoplandskaien



Solesjøen





8.1.1.17 Venteskur, leskur og kaihus

Austrheim består av øyar og holmar, og kommunikasjon med båt føregjekk heilt fram til nyare tid då det vart bygd vegar og bruer til der folk bur. På kaien var det venteskur til å søkje ly mens man venta på skyss, og kaihus til levering av varer. Det er mange skur som ennå står på kaiene i Austrheim. Dette er små bygg som er viktige spor etter ein tid då kommunikasjonen var meir strevsam enn i dag. Registrering, vøling og vern av prioriterte venteskur, leskur og kaihus er med i handlingsplanen.

8.2.1 VEGANE OG BRUENE – FRÅ SJØ TIL LAND

Bruene er heilt sentrale for at Austrheim kommune er ein levande og attraktiv kommune som folk flyttar til og ikkje frå. Etter krigen hadde kommunen ei negativ folketalsutvikling. For å snu denne negative utviklinga



satsa ein på kommunikasjon og nye arbeidsplassar. I 1970 kom ordførar Samuel Lervåg med framlegget om å knyta Fosnøyna til fastlandet med veg og bru over Ulvøyna og Bakkøyna. Dette markerer starten på Austrheim slik me kjenner kommunen i dag med bruer, vegar, industri og næring. Austrheim kommune er også i ferd med å få offentlege namn på alle bruene i kommunen og i 2015 vart det laga ein rapport med forslag. Bruene og blåe straumar eller blått hav blå himmel utgjer kommunevåpenet til kommunen.

8.2.1.1 AUSTRHEIM – Prestvegen, den første vegen i Austrheim

Det første kravet om veg kom truleg frå prestane i 1846. Presten vart skyssa i båt frå Lindås eller Kvalvågnes til Solesjøen og rei deretter til kyrkja. Kravet var at det var behov for veg frå bryggja ved Solesjøen til Austrheim kyrkje. Då vegen var ferdig, delte ein han inni vegstykke. Det var gardane Synnevåg, Monslaup, Bakka, Straumstad, Njøta, Solend, Førland, Littlelindås, Straume og Hjertås som skulle ha vedlikehaldet av kvart vegstykke. Ved sidan av vegen vart det sett opp steinheller med nummer på slik at folk på dei ulike gardane visste kvar dei skulle grusa. Vegen vart naturleg nok kalla Prestvegen.

8.2.1.2 FONNES/SYNNEVÅG - Brua mellom fastlandet og Bakkøyna

Denne brua vert kalla Bakkøybrua som er namnet i Vegvesenet sin database. Brua er 214,7 meter lang. Frå lokalt hald, på Fonnessida, har ein fått opplyst at brua går over Fonnestraumen. På fastlandet ligg også Fonnestraumen bustadfelt. På kartet er Fonnestraumen den nordlegaste delen av straumen mellom fastlandet og Bakkøy.





Bakkastraumen går lenger sør. Kvar grensa går mellom desse to straumane er ikkje blitt fastslått i denne saka.

8.2.1.3 UTKILEN/KILSTRAUMEN - Brua over Kilstraumen



Denne brua er 205,7 meter lang. Brua går mellom Utkilen på Bakkøyna og Kilstraumen på Ulvøyna. Austrheim har i tidlegare namnesak fastsett namnet på straumen og garden til Kilstraumen. Brua har i alle år vorte kalla Kilstraumbua, oppattkalla etter straumen ho går over.

8.2.1.4 ULVØYNA/TOFTEGÅRD - Brua mellom Ulvøyna og Fosnøya



Denne brua er 35,7 m. Lokalt har brua vore kalla brua over Renningen. Namnet Ulvøybrua er det rette.

Det er mange fleire bruar som bind saman øyane i Austrheim. Njøtebrua, og i Øyaneområdet er det bru til Langøyna, Krossøyna og Baløyna/Sævrøyna.





8.2.1.5 SYNNEVÅGEN - Brua i Synnevågen

Dette er den eldste brua i Austrheim. I 1928 vart ho bygd som trebru, for å bli erstatta av betongbru i 1937.



Brua ligg på ein fylkeskommunal veg. På folkemunne heiter brua i Synnevågen, Synnevågen bru eller Synnevågbrua.

8.2.1.6 RONGEVÆR/KUØYNA - Kusundbrua



Dette er ei lita bru som går over Kusundet mellom Rongevær og Kuøyna. Den første brua kom opp i mellomkrigstida. Under krigen vart brua øydelagt anten av mine eller sjøgang. Brua vart bygd oppatt av innbyggjarane i Rongeværet på 1950-talet med kommunal støtte. Føremålet var å føra krøtera til beite på begge øyane.

Brua er ei privat bru bygd med offentleg tilskot og er berre nytta til folk og eventuelt husdyr. Brukara er mura med gråstein. Då ho vart bygd opp att, vart ho bygd med støypt dekke, det første dekket var i tre. Småbåtar kan passere under brua.

8.2.1.7 HOPLAND/STRAUME (RADØY) - Fosnstraumbua



Foto: Heike Lüdke - Fosnstraumbua

På denne brua står det skilt med namnet Fosnstraumbua. Statens Kartverk oppgjev namnet Fosnstraumen. Denne brua vart opna 16. juni 1989, og planane for brua og tilførslevegane vart godkjende i 1985. Brua er den lengste med brufeste i Austrheim med sine 404 m. Brua kosta kr 40 mill. då ho vart bygd, det tilsvarar kr 68 million i dagens pengeverdi. Brua er registrert i Radøy.





8.2.1.8 REBNOR/ØKSNES – Steinbru i Va



Denne velbygde steinbrua ligg i Va og er eit kulturminne som i høg grad er verneverdig. Før denne brua blei bygd, truleg på 1920-talet, måtte folk va eller vasse for å kome seg mellom Øksnes og Rebnor. Brua går over elva mellom Rebnorvatnet og sjøen. Ny bru og bilveg til Øksneset er bygd parallelt med steinbrua.

8.2.1.9 SÆTRE - Skulpturell minibru i Austrheimparken

Brua er ein kopi av den brua som Kunsthøgskolen i Bergen sette opp på torget i Bergen og som no skal plasserast i Kystlandsbyen. Prosjektet med minibrua er eit samarbeidsprosjekt mellom Austrheim vidaregåande skule, Kunsthøgskulen, Kunsthuset Austrheim og Kystlandsbyen. Også Byggmesternes Servicekontor og Byggmesterforbundet Region Vest er delaktige.





8.2.1.10 Fønnes – Vardebrua

Ikkje alle bruer går over vatn. Vardebrua er namnet på brua som går over fylkesveg 565 på Fønnes, og som hausten 2022 vart montert som del av 700 meter ny gang- og sykkelveg til skulen og bamehagen på Kaland. Brua er 24 meter lang, 3,5 meter brei, og er laga av ei komposittmateriale som skal vera tilnærma vedlikehaldsfritt i dei 100 åra den er rekna til å vara. Vardebrua og gang- og sykkelvegane rundt er bygd av Vestland fylkeskommune, og er finansiert gjennom Nordhordlandspakken.



Skriftlege kjelder

- Austrheim kommune. 2011. *Kaier i Austrheim*. Registrering av kaier i Austrheim. Austrheim.
- Austrheim kommune. 2015. *Namn på bruer i Austrheim*. Austrheim.
- Dag Bakka jr. 2009. *Sjøfarten i Austrheim. Fiskeri og fraktenæring*. Bergen.
- Lillian Eltvik & Terje Ø. Dyrnes. *Ei reise mot velferd og velstand. Austrheim kommune 1910-2010*. Bergen.
- Arvid Skogseth. 2000. *Austrheim i fortid og notid*. Bd 1-4, utg. av Austrheim kommune. Bergen.
- Arild Sætre. 2012. *Kulturminnefagleg vurdering av etter synfaring desember 2012*. Kulturverntenesta i Nordhordland.

KAPITTEL 9: KULTURMIINNE FRÅ HANDEL, INDUSTRI OG NÆRING

Den viktigaste ferdselsåra mellom Bergen og områda nord for Hordaland, den indre farleia, gjekk gjennom Radsundet over Lurefjorden til Fensfjorden. I tidlegare tider var det nettopp leia og sjøvegen som batt menneske frå ulike delar av distrikt og land saman, ikkje landevegane. Med aukande trafikk og samhandel slik som var stoda for Austrheim, vaks det fram eit behov for høvelege stoppestader med moglegheiter for å overnatta og proviantera langs leia nordover.





9.1 HANDELSTADER



Foto: Ola Moen - Øyane

Bakgrunnen for dei mange handelsstadane og vertshusa i Austrheim er den sentrale plasseringa i skipsleia. Ein valde ut gode hamner som låg lagleg til i leia. Handelstadane vart plasserte i nærleiken av leia eller midt i leia som på Børo. Slike plasseringar var ikkje uvanlege, og i Øyane valde ein først å etablere handelsadar nettopp på små øyer som Kårøy og Husøy. Det har vore handel og gjestgjevarstad på Kårøy sidan 1855, så Husøy og til slutt på Baløy.

På eit skilt ved innløpet til hamna i Kårøy stod det: «Her selges krusøl, pottøl, samt proviant og losji for reisende». Fleire slike handelsstader vart etter kvart sentrale knutepunkt i dampbåttrafikken også.

I første halvdel av 1800-talet var det anten ein eller to handelsstader i Austrheim, i Kilstraumen og/eller Kvalvågen. Rundt 1910 var det ni. I tillegg til Kilstraumen var det handel på Fonnes, Kaland, på Årás, og i Nordre Njøta, medan to dreiv handel på Austrheim og to i Øyane. Lenge var det å driva handel eit privilegium for byfolk med borgarbrev. I 1842 kom det ei meir liberal handelslov, og dermed var ein i gang med opphevinga av dei gamle handelsprivilegia. Det kom ei ytterlegare liberalisering av handelen ved handelslovene i 1857 og 1866. Alle og ein kvar kunne no driva med handel og skjenking av øl etter løyve frå heradsstyret og dette var spikaren i kista for det eksklusive og ekskluderande handelsmonopolet til byborgarane.

Då krigen slutta, var det femten landhandlarar i Austrheim mot ti i 1920. Handelsnæringa fekk, trass i mellomkrigstida, okkupasjon og krig, ein viss auke mot midten av 1900-talet. I dag er det to større handelssenter, det største er plassert på Mastrevik Torg ved sidan av kommunehuset og det andre på Fonnes.

Austrheims første postkontor kom i 1871 i Kilstraumen fordi rutebåten hadde stopp der. Av postkontora var det berre Årás som ikkje låg der rutebåten stoppa. Men Postvesenet blei oppretta alt i 1647 i Noreg. Men før det var det presten som fungerte som postmann og las opp brev på kyrkjebakken og anna offentleg informasjon. I 1910 var det fire postopneri og tre brevhus i kommunen. I 1910 kom den første telegraf- og telefonsentralen i Austrheim i våningshuset til Årás gard, 149/1. Postkontor og telegrafstasjonar voks fram saman med stopp for rutebåtane. Dei som hadde ansvaret for stasjonen, måtte gå eller ro med meldinga. Posttenesta var lenge desentralisert og i 1970 var det åtte postkontor, men talestasjonane vart lagde ned etter kvart som stadig fleire fekk privat telefon og mobil. Vegane og bruene gjorde kontakten over land enkel, og i dag er det post i butikk på Mastrevik senter og Fonnes.





9.1.1 KILSTRAUMEN – Kilstraumen Brygge, Gbnr. 144/8 og 25



Historisk bilde av Kilstraumen på 1800-talet

Handelstaden og vertshuset Kjelstraumen er kjent frå gammal tid. Staden er eit reisemål i kong Håkon Håkonssons saga frå første halvdel av 1200-talet. I Salhus og Kvalvågen veit me at det var vertshus for å husa folk som ferdast langs den indre leia kring 1500. Men i 1610 vart gjestgjevarstaden lagt til Kilstraumen, som då var prestegods, fordi staden hadde ei gunstig plassering og gode hamnetilhøve. Dette året får staden lov til å setja opp eit hus for dei sjøfarande etter skriftleg løyve frå kong Christian IV.

I 1799 kjøper bymannen Kristoffer Kahrs, som sjølvsgatt har borgarbrev, vertshuset. Eigaren måtte ha eit slikt borgarbrev som kjøpmann for å kunna driva handel. Med dette borgarbrevet får Kahrs også monopol på handel i området. I 1808 får Jon Hanson Holm skøyte og bygsel på Kilstraumen som tilset ein gjestgjevar, eller dagleg leiar. Ein meiner at handelen vart lagd ned i Kilstraumen og flytta til Kvalvågen ein periode. Kilstraumen er dermed berre ein overnattings- og skjenkestad. I 1817 får Anders Person Rise skøyte på Kilstraumen. I følge folketeljinga i 1845 er Kilstraumen igjen ein handelsstad. Sonen til Rise driv handelstaden vidare og får også løyve til å selja brennevin i 1856.

Mot slutten av 1800-talet forsvinn handelsmonopola. Kilstraumen vert kjøpt av brøme Gullak og Knut Jakobson Monslaupen i 1867, og Gullak er gjestgjevar og dagleg leiar. I 1864 går retten til landhandel til Nyhavn på Boro, og atter ein gong er ikkje Kilstraumen ein handelsstad. Nesten tjue år seinare, i 1882, startar den nye eigaren, Nils Olaf Knutsen, opp att med handelen. Etter kvart går det dårlegare med handelen igjen. Eigaren i 1889, Elias Knutson Furubotten, vert slått konkurs i 1892. I folketeljingane i både 1900 og 1910 står Nils Knutsen oppført som handelsmann og gir nytt liv til den gamle handelsstaden. Nils G. Knutsen tek over og driv handelen vidare når faren dør i 1931.

Forutan nokre periodar på 1800-talet har Kilstraumen vore vertshus og handelstad i fleire hundreår og er framleis vertshus. I folketeljinga frå 1890 er det også registrert eit bakeri i bygget. Bygget, som mellom anna har husa eigarane, familiare og kundane deira opp gjennom tidene, står på same staden, men huset er bygd om ein del. I 1984 vart det bygd eit restaurantbygg og området vart utbetra. I 2016 er hovudhuset delvis restaurert og har igjen utvida restauranten med eit bygg som også inneheld nytt kjøkken. Forutan den utvida hovudbygningen har vertshuset eit bryggeanlegg, ei småbåthamn, anlegg for bunkring, utvida kai-kapasitet, ute-scene, uteområde, hytter, rorbuer og sørvisbygg.





Foto: Kilstraumen Brygge AS

FAKTABOKS: Kilstraumen anno 1816 og 1846

Me veit mykje om statusen til Kilstraumen i 1816 på grunn av skiftet etter den andre eigaren av Kilstraumen, Jonas Hanson Holm. I bygdeboka står følgjande skildringa frå 1816 og 1846:

«Hovudbygget hadde seks rom med kakkelomn i kvar, tre sengekammers og tre kjøkken, eit spisskammers og to ølkammers. Det var dessutan ei ølbu med skorstein, ei stor sjøbu og eit båtnaust av stenderverk, samt ein tømra flor (fjøs) me to svalgangar av stenderverk. Naustet var tekt med heller, dei andre husa hadde torvtak.»

Anders Person Rise får bygga takserte i 1846 i samband med branntrygding, og vert skildra slik:

«Våningshuset var 24 meter langt, 6 ½ meter breitt og 2,3 meter høgt, dvs 156 m². Det var oppført av tømmer, unnateke 9 m på nordsida som var bygd av stenderverk. Heile huset var bordkledt og måla. Det var fire inngangar, to på kvar side. På nordsida av den nordre inngangen var det to stover med tapetserte vegger og treetasjes kakkelomnar i jern. I gangen var det ein eldstad og skorsteinspipe av gråstein til loftet og gjennom takkjølen i murstein. På den søre sida av denne gangen var den såkalla storstova, også med tapet, ved sida av eit sovekammers. Mellom denne stova og den søre inngangen var det ei lita daglegstove med kjøkken og eldstad. Begge stovene hadde ein kakkelomn. Ved den søre inngangen var bondestova med skjenkekammers. I stova var det òg ein kakkelomn, og i gangen ein eldstad. Frå den nordre inngangen førte ei trapp opp til loftet, kor det var eit kvistrom med ark. Over storstova var det òg eit arkrom med to sengeplassar. Frå den søre gangen førte også ein trappegang op til loftet med tre rom. Det eine av dei vart nytta som nattherberge for reisande. I heile bygningen var det fire doble fag, fem enkle fag og sju mindre vindauge samt 22 dører. Taket var tekt med bord, never og hadde takrenne. Huset vart taksert til 5000 spd. Det var det same huset som nemnd i 1816 (sjå ovanfor), men meir detaljert skildra. Det var òg eit eldhus (grue) med bakaromn av gråstein. Huset var bordkledt og hadde torvtak, og verdien var sett til 50 spd. Begge bygningane hadde grunnmur av gråstein. Uthusbygningane nemnde i 1816 var ikkje med i taksten.»

Kjelde: Skogseth 2000:140-141

Kilstraumen har også vore tingstad, åreskifte, skysskaffar, jekteleie, falkestasjon, handelsstad, stoppestad for dampskip og poststad. Mellom anna har kong Christian VI og dronning Sofie Magdalene vore innom Kilstraumen. Dei vart rodd til Kilstraumen frå Eivindvik om ettermiddagen 12. august 1733 på veg til Bergen med skysskifte til Alverstraumen.





Hovudhuset har høg verneverdi som kulturminne lokalt, for regionen og kystkulturen i Noreg. Vertshuset må sjåast som ein del av eit viktig kulturminnemiljø i den indre farleia, sjøvegen og landevegen.

9.1.2. NORDRE NJØTA – Nyhavn handel på Børo, Gbnr. 138/4

I dag er det berre ruinane att etter handelstaden på Børo. Denne handelsstaden var i drift frå 1864 til 1902 då husa vart selde og flytta. Men i 1864 mista faktisk Kilstraumen handelsretten sin til Nyhavn handel. Denne handelsstaden låg på dei to små holmane med eit smalt sund mellom nord for Njøta som vert kalla for Børo. Ved stor fjøre kan ein gå tørrskodd over, men ved flo sjø er holmane skilde. På Børo er det ikkje mykje jord, men det er ei kjelde midt i berget på sørenden som visst aldri vert tom.

Den gongen var båten det vanlegaste framkomstmiddelet og Nyhavn låg faktisk sentralt i skipsleia med kort avstand til mange gardar. I 1865 var det berre denne eine landhandelen i Austrheim. Men eigaren, som var smed, sette først opp ei smie og var den første som hadde dette som hovudnæring i Austrheim. I tillegg var det bakeri og vertshus. Smeden heitte Per Olson Flom og kom til Børo i 1858. Søstera og broren til smeden dreiv landhandelen.

I 1868 vart Nyhavn seld til Martinus Knutson frå Straume. Han og kona dreiv landhandelen vidare og hadde også løyve til å selja øl. I februar 1892 vert familien råka av ein tragedie då lynet slo ned og drap to av sønene. Lynelden gjorde også stor skade på bygga, og våningshuset vart delvis øydelagt og med store skadar. Dei sel handelstaden til svogeren til Knutson i 1885 som driv handel på Børo fram til 1902. Svogeren heiter Johan Rus. Han kallar Børo for Nyhavn og tek dette namnet også til etteramn. Son hans, som vart kjøpmann i «Børo» på Austrheim, tok tilbake Rusnamnet seinare. I 1902 flyttar Johan Rus handelen frå holmen, og husa på Nyhavn vert selde og flytta til Lindås. Men dei tek altså med seg namnet Børo til Austrheim som butikken vart kalla i daglegtalen.

9.1.3 AUSTRHEIM – Den første butikken på Austrheim, «Børo», Gbnr. 156/19

Det siste landhandlarparet frå Børo og resten av familien Nyhavn flyttar i 1902 til Austrheim. Dei etablerer ein ny handelsstad i eit nytt bygg like vest for kyrkja ved den då nyopna vegen ned til Austrheim kai. Det nye bygget i sveitserstil tyder på at butikken i Børo hadde gått godt. Bygget var også bustad og arbeidsstad i tillegg til at det også romma butikklokalet. I tillegg til butikkeigar, var Johan Nyhavn også skomakar. Sonen Christopher Ruus tok over butikken etter foreldra i 1916, og sette opp eit uthus med bakeri. Sønnen til Christopher, Johan Nikolai Ruus drev butikk her frå 1935 til om lag midt på 1970-talet.

FAKTABOKS: Sveitserstilen

Sveitserstilen kom til Nordhordland på slutten av 1800-talet med økonomisk oppsving og industrialisering. Det første sveitserbygget i Noreg var vaktstova utanfor slottet som nok førte til utbreiinga av stilen og trenden. Det mest karakteristiske for desse husa var det store utstikkande taket, dei store vindauga, den utvendige dekoren og ikkje minst altanen. I tillegg fekk grunnplanet delvis andre proporsjonar, og organiseringa av rom var annleis enn før. Ofte fekk preste- og lensmannsgardar slike bygg, men også handelsstadar og større gardar

Kjelde: Brekke 1975:25-31





9.1.4 AUSTRHEIM – Butikk og Gamleposten, Gbnr. 156/22 – 67-41-49-

Peder J. Pedersen starta med handel her frå ca 1904 og drev butikk fram til 1949. Gamleposten starta på «nore lemmen» i nabohuset på tunet frå 1918-1936, og sidan vart her bygd eige hus til posten. Her var post fram til 1951.

9.1.5 AUSTRHEIM KAI, møtestad, handel og næring.

Austrheim Kyst- og sogelag hadde kulturminnevandring i 2018, og i informasjonsskriv og vandreruta står det om stor aktivitet frå kyrkja til kaien på Austrheim:

- Gbnr. 156/5 Gardsdrift – Bakken. Her vert det henta kyrkjenykel, og dåpsvatn.
- Gbnr 156/19 «Børo» butikk 1902- 1975 og bakeri frå 1916
- Gbnr 156/22 Butikk og post 1904-1951
- Gbnr 156/25 Gardsdrift fram til 2000
- Gbnr 156/26 Butikk 1916-1950 og Telefonstasjon 1934-1961
- Gbnr 156/67 Post i kjellaren frå 1951-1984
- Gbnr 156/32 «Katinkahuset» - Kafé og pensjonat, huset er frå 1929
- Gbnr 156/44 «Buldro» - Ungdomshus (kino, dans, leikarring, teaterframсыningar, fest og dans) frå 1934 - 1967
- Gbnr 156/41 Butikk og fiskeutsal frå 1936
- Gbnr 156/36 Meieri – fryseri. Austrheim meieri 1922-1966
- Gbnr 156/49 Handelslaget 1938-1974
- Gbnr 156/35 Labergholmen – Butikk 1930 – 1943, Austrheim rutebåtkai 1895-1972
Røyleggjarverksemd med butikk frå 1970- talet til 1980 talet.
- Gbnr. 156/53 Saltebu frå 1948- og bakeri 1955-2002

9.1.4 KROSSØYNA – Landhandel og vertshus på Kårøy i eit sjøbruksmiljø, Gbnr. 164/6

Handelsstaden ligg ved Eikeholmsundet, «Sundet», på Kårøyna. Johannes Knutson Rebnor er den første landhandlaren i Øyane kring 1855. Han driv handelsstaden som attåttnæring til garden på Rebnor der resten av familien held til. Rebnor set opp eit lafta hus på tomta i Steinvika midt på Kårøynar. Han sel handelstaden i 1876 og då er det også ei sjøbu, ein jordkjellar og ei bryggje i tillegg til våningshuset. Våningshuset skal tidlegare ha stått i Masfjorden og var av øksa tømmer av varierende breidde på kvar planke. Landhandelen vart driven vidare og i 1909 har tomta også fått eit ishus. Ei ny sjøbu vart bygd i 1917 og vart nytta til sildesalting, som framleis står. Handelsstaden vart lagt ned i 1965, og Aslaug Eckholm var den siste eigaren.

På 1960-talet vart våningshuset bygd mykje om. Huset er renoverert i opphavleg stil i 2002 og vert i dag nytta som feriestad. I 1997 skildrar dåverande eigar av huset, Jon Eckholm, huset i eit brev til kulturseksjonen i Hordaland Fylkeskommune då huset er i dårleg stand og treng å bli vølt. I dette brevet skildrar han også bruken av huset i tidlegare tider. Opphavleg var første etasje delt i to avdelingar med butikk i den eine delen og stove og kjøkken i den andre. Stova var berre 2,25 x 1,90 m og hadde ei grue av gråstein. Butikklokala var i den andre stova i våningshuset. Der var det ein disk med lemmer som ein kunne slå ned og låsa. I det eine hjørnet av rommet utanfor butikken var det etasjesenger som reisande kunne nytta. I andre etasje var det eit rom på arka og open lem i begge ender med fleire senger. Over stova var det også eit lite kammers med





vindauge og tømmerveggar som var eit soverom. Dette rommet vart også nytta som gjesterom og fødestove. Det vart født seksten born av to kvinner der og i ein periode budde det to generasjonar i denne vesle bustaden med butikk og vertshus. I tillegg hadde distriktslækjaren i Lindås kontordag i den vesle stova kvar fredag.

9.1.5 KROSSØYNA – Handelstad og vertshus på Husøy i eit sjøbruksmiljø, Gbnr. 164/2

Denne handelstaden, som også ligg ved Eikholmsundet, fekk til liks med handelstaden på den andre sida også namnet «Sundet». Det første bygget skal vera bygd opp ein gong i andre halvdel av 1800-talet.



1Foto: Ola Moen - Øyane

Jetmund Knutsen og kona Petrina Petersdt. Vold fekk skøyte i 1869 og sette opp eit våningshus og ei sjøbu. Dei fekk også løyve til å selja øl og vin, fekk post i butikk i 1896 og dreiv handel med fisk. Det gamle handelshuset vart rive, og det vart bygd opp eit nytt bustadhus med handel i kjellaren i 1929. Det vart drive med handel og post fram til 1945. Utedo, sjøbu, løe, vaskehus og jordkjellar er frå 1800-talet. I dag bur det ingen fastbuande på Husøy. Våningshuset er renovert og nytta som feriebustad.

FAKTABOKS: Emigrantar

Den eine sonen til Jetmund og Petrina, Knut Knutsen utvandra til USA i 1899. Det gjorde også fleire av søskena. Knut slo seg ned i Turlock i California, hadde farm og dreiv med handel med poteter, salt, mjøl, høy, kol, ved og mykje meir. I Bygdeboka, band 3, er det bilete av bygget hans i tillegg til eit familiebilete. Dei besøkte gamlelandet fleire gonger.

Kjelde: Skogseth 2006:589-590

9.1.6 SOLESJØEN – Handel på Solesjøkaien, Gbnr. 139/13 og 33



Kristoffer Ruus og Klara Åråsvåg dreiv handel på Solesjøkaien frå 1924 til ut på 1950-talet. Thomas Gjerde fortsette med handel frå 1951 til midt på 60-talet.





9.1.7 FONNES – Handel og bakeri, Gbnr. 131/21



Foto: Knut Torkilsen Horvei - Fønnesvågen

Ludvig Larsen Øksnes og Malena Gurina Gåsland starta bakeri og utsal i 1919, og opna i tillegg landhandel i 1920.

H. Øksnes landhandel & bakeri la ned tidleg på 1990-talet.
Kulturminnevandring, vedlegg

9.2.1 INDUSTRI OG NÆRING

Den første industrireisninga i Austrheim er knytt til utviklinga av fiskeria i form av saltebuer på kaiene. I Åråsvågen var det ein tønnefabrikk for den lokale marknaden. Silde gav grunnlaget for hermetikkfabrikkane. Den første fabrikk vart i 1918 også lokalisert til den silderike Åråsvågen. Etter ein brann vart han flytta til Mastrevikane. Det kom også ein hermetikkfabrikk i Fønnesvågen. I 1918 vart også Mastrevik Slipp og Mekaniske verkstad, «Slippen», etablert. Dette skulle bli både ein viktig arbeidsstad og eit knutepunkt for mange av aktørane i fraktefarten. På 1970-talet vart det bygd eit bygg for installasjon, produksjon og sal av elektriske artiklar. I 1978 vart selskapet omdanna til Brandtun Elektro AS som i 1988 etablerte ei ny verksemd, Mongstad Elektro AS. Dei vart slått saman i 1988 og utviklar seg stadig.

To andre større verksemder er Magne Hope og Nordhordland Grunn og Betong. Men kommunen har også mindre firma, og det er flest verksemder innanfor ulike former for tenesteyting. I dag er Austrheim kommune den største arbeidsplassen med om lag 250 årsverk.

9.2.2 MASTREVIKANE – Austrheim sitt første industrisamfunn

Kulturminnevandring søndag 17. september 2017

Litt historikk... (kilder: bygdebøkene , Sjøfarten i Austrheim og VVV I):

1. **Båtbyggjeriet** - Lars K. Sætre starta opp nord for Mastrevik Slip i 1935. I 1937 flytta han verkstaden til familietomta sør for hermetikkfabrikken. På det meste arbeidde 12 mann på båtbyggjeriet. Verksemda vart avslutta i 1953.
2. **Hermetikkindustrien i Austrheim** starta først opp i Åråsvågen av brørne Kristoffer og Julius Sæthre. Dei danna aksjeselskap i 1924 ; Sætre Preserving Co AS . Bygningane brente i 1925. I 1926 bygde dei ny hermetikkfabrikk og kai i Mastrevikane. Fabrikk gav mange arbeidsplassar, ikkje





minst til kvinnene. Det var store endringar på 1980 talet og i 1991 var det slutt på hermetikkk industrien i Mastrevikane.

Erna Olsen arbeidde i fabrikk i 53 år, dei siste åra som arbeidsleiar.

3. I 1937 vart det bygd 5 nye bustadhus i Mastrevikane for å innlosjera arbeidsfolk til hermetikkkabrikk. Dette var det første bustadfeltet med småhus i Austrheim.
4. **Karl Budal** sette opp bygg og starta Landhandel i Mastrevikane bnr 16 rundt 1929. Han slutta av verksemda etter eit par år. **Olga K. Kvamme** gifta seg med **Martin Austrheim** i 1931. Ho hadde handelsbrev og dreiv butikken saman med Martin f.o.m. 1931. Dei sette opp eit nytt og større bygg i 1945 bnr. 37. Martin tok namnet **Vårbakken**. Han fekk offisielt **drosjeløyve** i 1951 og var drosjeeigar/sjåfør. Thomas Gjerde leigde og dreiv handelen eit par år f.o.m. 1946. I 1948 gifta Martin seg med **Kate** Eriksen. Dei dreiv landhandelen i lag. Seinare var det sonen **Magnus** som tok over drifta. Han dreiv butikken til 1981 då han og Terje Daae skipa Trofe AS og flytta handelsaktiviteten til Mastrevik Torg.
5. **Brandtun Elektro & Co** vart skipa på heimegarden hjå Arnt Brandtun i 1964. I 1971 vart det første butikklokalet sett opp i Mastrevikane. Selskapet vart omdanna til **Brandtun Elektro AS** i 1978 ved Hans og Arnt Brandtun. Andre byggjetrinn kom same året der 2/3 vart leigde ut til den vidaregåande skulen. I 1987 kjøpte Austrheim vidaregåande skule heile bygget. I 1988 vart Brandtun Elektro AS flytta til Litlås.
6. **Fiskebua hans Gjert Færøy**- verksemda var i drift nokre år på 1960 talet.
7. **Mastrevik Slip og Mekaniske verkstad** vart starta opp i 1918 av **Gerhard og Kasper Daae**. I 1923 danna dei aksjeselskap saman med **Alf Meland** som vart dagleg leiar. Bedrifta gjekk konkurs i 1927. **Ellef Lohne** vart ny dagleg leiar. Han overtok aksjane og vart styreleiar. I 1939 vart det brann, så ny verkstadbygg måtte oppførast. Ellef Lohne sat i tysk fangeskap under krigen. Verksemda held fram etter krigen med familien Lohne som eigarar og leiarar. Ny slipp vart bygd på midten av 50-talet. I 1968 brann heile anlegget ned. Nytt og meir moderne anlegg stod ferdig i 1969. No kunne bedrifta ta imot større fartøy. Store endringar frå 1970 talet og utover. Konkurs i 1985 og ny eigar. I 2005 ny konkurs.

I 1980 sette Austrheim Næringssselskap AS opp eit industribygg ved sida av Mastrevik Slip og Mekanisk verkstad.

8. Kvalvågnes/ Terje Daae sin butikk

I 1926 flytta **Landhandelen** på Årås inn i eine delen av Bøkkerverkstaden. I 1931 tok Gabriel N. Kvalvågnes over landhandelen. Årås Postopneri hadde filial i butikkbygget. Posten var open når rutebåten frå Bergen kom om kveldane. Lagerskur, ekspedisjonslokale og oljetank høyrde til butikken. Årås Postopneri skifta namn til **Mastrevik Postopneri** i 1947. Ny butikk med eige postlokale vart reist i 1959. G.N. Kvalvågnes dreiv butikken til 1968. Då tok Terje Daae over. Han sette opp eit tilbygg til butikken i 1972. Handelen vart flytta til Mastrevik Torg i 1981.

9. Mastrevik kai

Det første bustadhuset i Mastrevikane låg ikkje langt frå Mastrevik kai. Det vart bygd på slutten av 1800 talet. Det budde husmenn der på denne tida m.a. ein skomakar og seinare ein bakar. Frå 1916 vart huset brukt til lager for Bøkkerverkstaden. Huset/lageret vart rive på 1920 talet og materialane brukt til byggjing av styrarbustad for industrianlegget til slippen.

På **Bøkkerverkstaden** ved Mastrevikane kai vart det laga **tønner og stampar**. Brøme Gerhard og Kasper Daae starta i Åråsvågen og flytta verkstaden til Mastrevikane i 1916. Mads Sørensen var bøkkermeister. Bedrifta vart avslutta i 1925.

Rutebåten hadde stopp ved **kaien i Mastrevikane** frå om lag 1890 åra til 1971. Ny veg og kai til rutebåten vart bygd rundt 1960.





(Frå om lag 1947 var det **ferjetrafikk** mellom Mastrevikane, Kilstraumen, Utkilen og Ervikane . Då bruene kom i 1971 vart det slutt på desse rutene.)

10. **M/S Fergen**- driven av P/L Fergefart gjekk mellom Mastrevikane, Kilstraumen, Utkilen og Ervikane (skule-, vare- og arbeidsruter) frå hausten 1950. Ny ferje vart bygd i 1968. Artur Sætre var førar av «Fergen» frå februar 1955 til ferjetrafikken vart avslutta i 1971.

Teksten er utarbeidd av Austrheim kyst- og sogelag ved Atle Lervåg og Aashild Helene Hedstrøm



Hermetikkfabrikken i Mastrevikane står tom, og her har ikkje vore aktivitet på mange år.

Vestland fylkeskommune leigar lokale til Austrheim Vidaregåande skule i industribygget i Mastrevikane. I det gule bygget og slippet er det planar om eit «kystkultursenter». Dei gamle robåtane som tidlegare var lagra i Årásbua er no på Mastrevik. Ein stifting, eller eit lag, er i startfasen av dette interessante arbeidet .





9.2.3 SMIER – i Austrheim, attåttnæring



Smia på Krossøy Gbnr. 164/1

Folk hadde mykje utstyr og reiskapar av jern og stål, og det var alltid arbeid for ein smed i bygda. I byrjinga var det truleg ei attåttnæring på gardar i fleire delar av kommunen. I følge dokument ved skifte og folketeljing var det utstyr til smier på : Austrheim, Bakka, Førland, Kilstraumen, Krossøy, Kvalvågen, Leirvågen, Nyhavn/Børo Nordre Njøten, Rongeværet, Strømstad , Synnevågen, Utkilen og Årås.

Den første som hadde smiing som hovudnæring var Per Olson Flom på Nyhavn på midten av 1800-talet. Han var ein flink smed og hadde fleire læredrengar. Handelstaden Nyhavn lå på Børo, Nordre Njøten, midt i skipsleia, og han fekk oppdrag frå bygdefolk og langvegfarande som kom forbi.

Smia på Krossøy på bruk nr. 1 frå tidleg 1900-talet er framleis i god stand. Familien og naboar har teke vare på utstyr og bygninga slik at smia og handverket kan formidlast. Smia vert besøkt av mange under «Turar i fiskarbonden sitt rike».





9.2.4 Mongstad – Mongstad Museet

Kommunegrensa går i sikksakk gjennom «Mongstad», mellom kommunane Alver (tidlegare Lindås) og Austrheim. Equinor sitt administrasjonsbygg, brakkebyen, Mongstadhallen og Mongstad Museet ligg i Austrheim kommune. I tillegg er det store og små verksemdar i industriområdet i Mongstadkrysset som skattar til Austrheim. Mongstadbase i Alver kommune er ein del av den samla oljeverksemda i området.



Foto: Knut Torkilsen Horvei - Raffineriet på Mongstad

I 1972 var bygginga av storindustrien på Mongstad i gang, og i 1975 blei raffineriet sett i drift. Norsk Hydro saman med BP bygde raffineriet på Mongstad, og Statoil kom seinare inn som eigar. På heimesida til Equinor, tidlegare Statoil står det: «Mongstad er Norges største havn i tonnasje, og en av de største olje- og produkthavnene i Europa med nær 30 millioner tonn over kai i året»

Ordførar Samuel Leirvåg var framsynt og visjonær då han bidrog til at oljeindustrien ble lagt til Mongstad. Det er varierte arbeidsplassar på Mongstad, og Equinor med oljeraffineri og råoljeterminal er viktig for utviklinga i kommunen og regionen. Dette er den moderne bruken av havets ressursar. Oljealderen har vore ein eventyrlig tid for kystkommunen Austrheim, og vi får håpe at det grøne skifte, og framtida etter oljeindustrien også vert god for kommunen og regionen.



Formidling av den omfattande industribygginga på Mongstad og oljealderen er viktig, og Mongstad Museet er eit senter som synar historia og utviklinga av industrien frå byggestart av raffineriet (Rafinor) i 1972 og fram til i dag.

Som overskrift på utstillinga står det:

«I fortida er dei røtene feste som notida skal bygge si framtid på»





Museet vert drive av eldsjeler og pensjonistar, hovudsakleg frå Mongstadraffineriet. Museet har ingen faste opningstider, men tek imot grupper for omvising og besøk etter avtale.

I følgje heimesida til Monstad Museet skal dei:

- Samle materiale og utstyr som kan ha allmen interesse for petroleumsvirksomheten på Mongstad. Herunder inkluderer også tiden før industrialiseringen på Mongstad.
- Drive utstillings-, publiserings- og opplysningsarbeid om petroleumsvirksomheten, dens naturgitte, historiske og tekniske forutsetninger og om dens virkninger på samfunnet, lokalt og nasjonalt.
- Drive med kunnskapsbasert informasjon innenfor den kompetanse museet selv råder over. Bistå i forbindelse med opplæring av lærlinger og nye ansatte på Statoil Mongstad.



Skriftlege kjelder

- Nils Georg Brekka (red.). 1975. Byggeskikk i Nordhordland. Registreringsrapport 14. Lindåsprosjektet. Bergen.
- Nils Georg Brekke (red.). 1993. Kulturhistorisk vegbok. Hordaland. Bergen.
- Jon Eckholm. Søknad til Fylkeskommunen.
- Lillian Eltvik & Terje Ø. Dyrnes. Ei reise mot velferd og velstand. Austrheim kommune 1910-2010. Bergen.
- Aud Karin Skagen. 1991. Kulturminnemiljø. Øyane. Austrheim kommune: Forprosjekt for vern og framtidig bruk, Bergen.
- Arvid Skogseth. 2000. Austrheim i fortid og notid. Bd 1-4, utg. av Austrheim kommune. Bergen.
- Anton Solheim. Gardssoga for Austrheim. Austrheim.

Kjelder frå Internett

- <http://kunsthistorie.com/fagwiki/Kjelstraumen#Bygninger>
- <https://www.equinor.com/no/what-we-do/terminals-and-refineries.html>
- <https://mongstad-museet.lag247.no/Hjem/>
-





KAPITTEL 10: KULTURMINNE FRÅ SKULE OG ANNA OFFENTLEG VERKSEMD

Starten på skulehistoria i Noreg er konfirmasjonsundervisninga, og har opphav i ein tradisjon kyrkja hadde hatt sidan 1300-talet i kongeriket Danmark/Noreg.

10.1 KYRKJA OG SKULEN – TO SIDER AV SAME SAK

Konfirmasjonsundervisninga gjekk ut på at ein måtte læra tekstar utanboks både på latin og norsk. Skulestova var kyrkja, læraren var presten eller klokkaren, kristendom var det einaste faget. I byrjinga var Bibelen skriven på latin, etter kvart sett om til dansk ved reformasjonen og var også den einaste læreboka. Av og til kom biskopen på visitas for å kontrollera bibelkunna til dei eldste borna.

Etter reformasjonen i 1537 tok ein i bruk Martin Luthers *Den lille Katekisme*, som var på dansk. Kyrkja meinte at både born og vaksne kunne for lite frå Bibelen og håpa på fleire kristne i framtida med ein slik «kristenskule». Mange tok ikkje dette på alvor og i 1736 vart difor konfirmasjonsundervisninga obligatorisk, og den vanlege konfirmasjonsalderen var 15-16 år. Dersom ein ikkje greidde å svara rett for seg, måtte ein prøva om att året etter og vaksenlivet vart sett på vent. Etter kvart sette ein ei grense på at alle skulle vera konfirmerte innan dei fylte 19 år.

10.2 OMGANGSSKULEN

I 1739 kom den første skulelova, *Forordning om skolerne paa landet i Norge hvad klokkerne og skoleholderne derfor maa yde*, signert av Kong Christian VI i København. Først no kunne også born på landet få opplæring i kristendom og lesing. Skulane i distrikta vart drifta ved at den tilsette skulehaldaren reiste på omgang rundt i dei ulike lauga soknet var delt inn i. Skulehaldaren reiste rundt i bygdene i Austrheim og Fedje og heldt skule i dei tronge bondestovene på omgang gjennom året. Denne måten å drifta skule på vart kalla for omgangsskule.

Omgangsskulen flytta frå gard til gard for å gjera det mest mogeleg rettferdig. Ein prøvde også å leggja opp skulekrinsane slik at ein skulle unngå innkvartering. Dersom nokon heldt seg borte frå skulen, kunne ein måtta betala som straff. I onnetida var det lov å ta seg fri. I omgangsskulen var kristendom også det einaste undervisningsfaget i Austrheim. Eit forslag om å innføra P. A. Jensens *Lesebog for Folkeskolen og Hjemmet* vart nedstemt trass i påbodet gjennom lov om lesebok.

10.2.1 BØRILDEN – Bustadhus som vart nytta til skulestove, omgangsskule Gbnr. 162/2

Stova i bustadhuset vart nytta ein del som skulestove. Dette var heilt vanleg praksis for elevane i omgangsskulen. I Børilden hadde ein skule i bustadhus heilt ut i det førre hundreåret. I band tre i bygdeboka er det eit bilete av nokre elevar som har laga til basar for barneforeininga med broderte saker hengande i bakgrunnen i 1939.





FAKTABOKS: Skulekrinsar/roder i 1819

I 1819 vart Austrheim sokn delt i to skuledistrikt, ytre distrikt med Fedje og indre distrikt. Då vart det også endringj krinsane eller rodene:

Austrheim indre eller austre distrikt var delt inn i fire roder:

Rode 1: Gardane Fønnes, Leirvågen og Mongstad (i Lindås).

Rode 2: Gardane Utkilen, Synnevågen, Monslaupen og Søre og Nordre Njøta.

Rode 3: Gardane Børilden, Ulvøyna, Kilstraumen, Kvalvågen, Sætre og Budalen.

Rode 4: Gardane Åråsvågen, Årås, Leikvoll, Vikane, Hjertås og Solend.

Austrheim ytre eller vestre distrikt var også delt i fire roder:

Rode 1: Gardane Førland, Littlelindås og Straume (Radøy).

Rode 2: Gardane Austrheim og Dyrneset.

Rode 3: Gardane Hopland, Bergsvika og Lerøyna.

Rode 4: Rebnor, Øksneset, Krossøyna, Rongeværet og Sævrøyna.

Kjelde: Skogseth 2000:228

10.3 PRIVATE SKULAR I AUSTRHEIM

Fram til Lov om almueskolevæsenet paa Landet kom i 1860, hadde det først vore Katedralskular i Oslo, Bergen og Trondheim for opplæring av prestar. Men dette var skular for gutar og menn frå overklassen i byane. Etter reformasjonen vart desse katedralskulane til latinskular. Rike og velstående heimar på landet hadde private lærarar. I Austrheim kommune gjaldt dette få familiar. Frå 1800-talet er Kahrs i Kvalvågen og Haraldsen på Årås nemnde.

10.4 NY SKULELOV KREV SKULEHUS

I 1860 vart Lov om almueskolevæsenet paa Landet vedteke. Lova representerer eit vegskilje i norsk skulepolitikk: Ho stilte ei rekkje krav og ikkje minst ein hovudregel om faste skular i staden for omgangsskular. Som eit resultat av dette vart den første faste skulen i Austrheim bygd og teken i bruk i 1862/63 for nokre skulekrinsar. Resten måtte halda fram med omgangsskule ei tid til. Ein endra igjen på skulekrinsane då det var mange omsyn å ta. Alt før 1900 var det bestemt kvar ein skulle byggja skulehusa. Allereie i 1906 fekk ein nytt skulehus på Austrheim og det gamle vart flytta til Straume. Då var det kome skulehus både på Årås (1897) og Rebnor (1889).

Ved låge barnetal kunne ein halde fram med omgangsskule, men då med forsvarlege lokale. Dette innebar mellom anna at ein helst skulle leiga skulestover på meir permanent basis slik at det likna ein fastskule. Skissa under skulle få stor tyding. Læraren A. M. Feragen laga ho til ein artikkel han skreiv i 1861 om skulehus:





FAKTABOKS: Utforminga av og arkitekturen til dei første skulebygga

Trass i ulike trendar opp gjennom åra har alle i dag visse førestellingar til korleis skulebygga skal sjå ut. Men kring 1860 var det berre eit fåtal bygder som hadde bygd skular og lite skilte dei frå andre bygg. Læraren A. M. Feragen skreiv i 1861 ein artikkel om skulehusa i tidsskriftet Den Norske Folkeskole om kva for krav ein måtte stilla til desse bygga. Han fokuserer i stor grad på lys og luft, at skulestova skal vera romsleg og innehalda eit kjøkken (sjå skissa ovanfor). Feragen legg til at ein kan fjerna dei to ekstra romma i skissa då han meiner desse kan vera overflødige og kostbare.

I 1863 gir departementet ut rettleiande teikningar av skulehusa ein ville ha i Noreg. Teikningane vart utforma av arkitekten Binneballe. I dei fleste distrikta verka desse framande og i liten grad tilpassa lokal byggeskikk: «Konsekvensen av dette var at skolehusene som ble bygget i stor grad representerte en videreføring av lokale tradisjoner, hvor håndverkere benyttet lokale materialer og bygget slik man alltid hadde gjort. Det kan også se ut til at en ikke skal underslå betydningen av Feragens lille artikkel frå 1861, hvor han kommer med forslag til skolehusenes utforming.»

Først på 1890-talet vert det ei markant endring utforminga til skulehusa, og rundskriva frå departementet kan ha hatt effekt til slutt. Men den teknologiske utviklinga og allmenne haldningar til byggeskikk og kunnskap kan også ha endra seg slik at både vilje og motivasjon for å byggja skular hadde blitt større på bygdene på vegen mot det nye hundreårsskiftet.

Kjelde: http://www.skolehuset.net/pdf/Fastskoleloven_1860_og_bygging_av_skolehus.pdf

Då Austrheim med Fedje endeleg vart egne kommunar i 1910, var det berre Børilden og Litlelindås som hadde skule i leigde lokale. Det hadde blitt bygd skulehus i Øyane, Rebnor, Austrheim, Toftegård (Kanserdalen), Njøta, Bakkøyna og Lindåsneset (Litlås). Det blei også laga ein detaljert avtale mellom Lindås og Austrheim kommune: Lindås-elevane frå Hope, Keilen, Keilegavlen og Mongstad skulle gå på skule i skulestova på Lindåsneset som høyrde til den nye Austrheim kommune.

Vegbygginga var berre så vidt kommen i gang, så sjøen var framleis hovudferdselsåra. Mange born og unge hadde ein lang og tung skuleveg til dømes gjennom utmark og ofte i båt. Det skulle ta om lag 50 år før ein gjorde endringar i skuleskipnaden då forbetra infrastruktur var på plass og nye reformer tvinga fram nye skulebygg.

I det førre hundreåret vart det å få elevane i folkeskulen på landet opp på same nivå som i byane ei hovudoppgåve, og det kom mange reformer. Eit viktig tiltak var mellom anna å få like lang skuletid på landsbygda som i byane der skuletida alltid hadde vore mykje lengre. Det vart også etterkvart fleire fag i skulen som kravde spesialrom. Dette førte til at ein mange stader i distrikta i Noreg måtte finna løysingar på plassmangelen som kunne vera tilbygg, nybygg eller sentralisering, noko som også skjedde i Austrheim.

Frå fastskulelova vart vedteken og fram til i dag har det kome mange skulereformer, lover og føreskrifter. Dette har ført til fleire vanskelege saker kring sentralisering og plassering i mange kommunar, også i Austrheim. I tillegg har slike ytre krav gjort at ein har måtta tilpassa gamle bygg til ny bruk og ikkje minst byggja nye bygg. I Austrheim er det i dag to skulekrinsar Årås og Kaland, medan det til dømes i 1945 var ti krinsar. Kaland skule er grunnskule 1.-7. trinn, og Årås skule er 1.-10. trinn. I tillegg er det barnehagar i begge krinsane og ein fylkeskommunal vidaregåande skule.

10.4.1 AUSRHEIM/STRAUME/ÅRÅS – Det første skulebygget i Austrheim, Kystlandsbyen

I 1861 vart det gjort vedtak om fastskule på Austrheim like nordaust for kyrkja. Det kom ei løyving på 700 spd frå staten til skulehus, som vart teke i bruk i 1862/63. Dei totale kostnadane kom på 594 spd medrekna steingjerde kring lærarjorda. Det var eit gamalt tømmerhus som vart frakta frå Masfjorden. Forutan Austrheim høyrde Lerøyna, Bergsvika, Hopland, Solend, Hjertås, Årås og Førland til denne første fastskulen





i Austrheim. Det gamle Masfjord-huset vart etter kvart selt og sett opp att på Straume der det var nytta som skulehus. I dag er skulehuset på veg tilbake til Austrheim. Våren 2016 vart bygget rive og alt materiale lagt i ein container. Ein planlegg å byggja opp att det gamle skulebygget i Kystlandsbyen i regi av Markhus bygg og Austrheim vidaregåande skule.



Straume skule

10.4.2 AUSTRHEIM – Det eldste, ståande skulebygget i Austrheim, Gbnr. 156/21



I 1906 vart det bygd nytt skulehus på Austrheim. I 1969 vart det innreia eit skulekjøkken i andre høgda som vart nytta til undervisning i heimkunnskap fram til siste byggjetrinn var ferdig på Årås i 1987. Bygget vart restaurert i 1997 som grendehus og skulemuseum i kommunal eige. I 2019 vart skulehuset selt til privat eigar.

10.4.3 SYNNEVÅGEN – Ruinar etter skulehus, 133/12

I dag er det ruinar etter skulehuset som vart flytta frå utmarka til heimebøen. Delar av grunnmurane er overgrodde.





10.4.4 BUDALEN – Det eldste skulebygget i Kansardalen, Gbnr. 143/3

Gamle Årås skule som stod der bankbygget står i dag, vart i 1906 flytta til bruk 143/3 i Kansardalen. Ein bygde på ei ny skulestove og bustad til læraren. Då den nye skulen i Kansardalen vart bygd litt lenger sør på bruk 142/93 i 1954, vart den gamle gjort om til lærarbustad. Bygget har også vore eit hybelhus og seinare nytta som aktivitetshus for ungdom. I dag er bygget i privat eige.

10.4.5 LITTELINDÅS – Ruinar etter skulehus, Gbnr. 152

Skulehuset vart flytta frå Myking i Lindås etter stor pågang frå bygdefolket om å få eige skulehus. Hausten 1918 vart skulehuset sett opp att i utmarka slik at alle skulle få om lag like lang skuleveg. Skulehuset var ikkje i god stand då det fort kom krav om omfattande vedlikehald. Skulen vart lagt ned i 1961, og elevane vart flytta til Austrheim skule. Skulehuset vart selt til krinsen i 1964 og brann ned til grunnen ved årsskiftet 1990/91.





FAKTABOKS: Oversikt over skulehus i Austrheim

I oversikta står byggjeåret først for eksisterande og ikkje-eksisterande skulebygg i Austrheim kommune, deretter kjem garden der det stod/står på og til slutt er det ein kort omtale:

1862: Austrheim – Nytt skulehus vart bygd av materiale frå eit hus frå Masfjorden. Det vart aldri gjort noko med kjellaren, og det var lekkasje i taket. I byrjinga av 1880-åra snudde ein skulehuset, tok vekk loftet og bygde ny bustad med kjøkken og kammers til læraren. Dette kosta 1260 kr, likevel var huset i dårleg stand. Det gamle skulehuset vart selt til folket på Straume i noverande Radøy for 744 kr i 1906. Bygget vart brukt som leigd skulehus til kommunen kjøpte det i 1922. Skulehuset er i dag på veg tilbake til Austrheim og skal setjast opp att i Kystlandsbyen i regi av Markhus bygg, Austrheim vidaregåande skule og Austrheim kommune.

1889: Rebnor – Nytt skulehus vart bygd. Skulen vart lagd ned og innlemma i Austrheim krins i 1963. Skulehuset gjekk over i privat eige som bustadhus.

1897: Årås – Skulehuset stod opphavleg der det gamle bankbygget står i dag og kosta 4500 kr. Bygget vart flytta til bruk 143/3 i Kansardalen i 1906. I dag er det i privat eige.

1906: Austrheim – Nytt skulehus vart bygd på staden der det eldste skulebygget i kommunen stod. Borna frå Årås (Hjertås, Solend og Leikvoll) vart overførte til Austrheim skule i lag med borna frå Førland, Hopland, Austrheim, Bergsvika og Lerøyna. I 1969 vart det innreia eit skulekjøkken i andre høgda som vart nytta til undervisning i heimkunnskap fram til siste byggjetrinn var ferdig på Årås i 1987. Bygget vart restaurert i 1997 og er i dag grendehus og skulemuseum i kommunal eige.

1906: Budalen – Gamle Årås skule som stod der bankbygget står i dag, vart i 1906 flytta til bruk 143/3 i Kansardalen. Ein bygde på ei ny skulestove og bustad til læraren. Då den nye skulen i Kansardalen vart bygd litt lenger sør på bruk 142/93 i 1954, vart det gamle skulebygget gjort om til lærarbustad. Huset har også vore nytta som aktivitetshus for ungdom. I dag er bygget i privat eige.

1907: Litlås – Nytt skulehus med lærarbustad vart bygd, men det brann ned i 1916. Året etter vart det bygd nytt skulehus. Skuleelevane måtte gå over myrar og i ulendt terreng til skulen. Vegen frå Ervik på Fønnes vart først ferdig i 1913.

1908: Synnevågen – Skulehuset vart bygd i utmarka, Bakkøyna. Bygget vart flytta til heimebøen i 1925 som resultat av betra infrastruktur. Skulen vart lagd ned og innlemma i Kaland krins i 1963. I dag eig Bakkøy grendalag huset.

1909: Krossøyna – Skulehus utan lærarbustad vart bygd og vart flytta til Lyngkjerringa i 1935. I dag er det ruinar etter der skulebygget stod i Krossøyna.

1910: Søre Njøta – Skulehus med lærarbustad vart bygd i utmarka. Skulen vart lagt ned og innlemma i Austrheim krins i 1961 og huset selt og nytta som fritidsbustad.

1917: Kaland – Nytt skulehus vart bygd, men det vert rive i 1954. Materialane vart då brukte til å byggja bedehuset på Litlås. Bygget vart også nytta til Framhaldskule på 1930-talet og framover.

1919: Litlås – Nytt skulehus, Åsheim skule, vart bygd på branntomta på Litlås av Lindås kommune for Lindåselevane frå krinsane Mongstad, Hope og Keilo. Skulen vart lagd ned, og elevane vart overførte til Kaland skule i 1962. Lindås sanitetslag kjøpte bygget i 1979. Bygget har også vore nytta som barnehage og kantine. Bygget brant ned i oktober 2010 og eit nytt bygg vart sett opp på branntomta.

1920: Littlelindås – Eit skulehus frå Myking vart sett opp på Littlelindås. Skulen vart lagd ned og innlemma i Austrheim krins i 1961. Bygget brant ned ved årsskiftet 1990/91.

1926: Årås – Det vart bygd ein ny skule av eit nytt slag, Framhaldskulen. Bygget vart lokalisert rett i nærleiken av Årås bedehus. Bygget kosta 42 000 kr. Då Framhaldskulen vart lagd ned i 1965, vart bygget teke i bruk som kommunehus. Seinare bygde ein på med brakker.





1935: Krossøyna: Etter mykje strid vart skulehuset som opphavleg stod i Krossøyna plassert på Lyngkjerringa der ingen budde for alle elevane i Øyane. Såleis måtte alle i båt for å komma seg til skulen. Det vart også bygd lærarbustad der. I 1937 kom det skyssbåt som var i drift i 37 år med same skipper, Ludvig Rongevær. Skulen vart lagd ned og innlemma i Årås krins i 1989.

1951: Kaland - Ny skule, Solhaug skule, vart bygd med tre klasserom, sløydrom, gymnastikksal og skulekjøkken.

1955: Sætre - Ny skule vart bygd i Kansardalen på bruk 142/93 med gymnastikksal og sløydrom. I 1963 vart Kansardalen krins slegen saman med Austrheim. Småskulen gjekk på Kansardalen, medan storskulen var på Austrheim skule. I ein liten periode tidleg på 1970-talet gjekk alle elevane i Kansardalen og Austrheim krins i små- og storskulen på Austrheim skule. Sjuande klasse vart overførte til Kaland ungdomsskule. Frå 1975 til 1979 gjekk småskulen i Kansardalen og storskulen på Austrheim. Skulen vart lagd ned og innlemma i Årås krins i 1979. Bygget vart nytta som bibliotek frå 1975 til 2005. I dag vert bygget nytta som kontor og lager av teknisk etat. Det er lager for alle hjelpemiddel i kommunen.

1955: Austrheim - Nytt skulebygg vart bygd etter same teikningar som skulebygget i Kansardalen. Småskulen gjekk på Kansardalen skule, medan storskulen haldt til på Austrheim skule. I ein liten periode tidleg på 1970-talet, gjekk alle elevane i Kansardalen og Austrheim krins i små- og storskulen på Austrheim skule. 7. klassen vart overførte til Kaland ungdomsskule. Frå 1975 til 1979 gjekk småskulen på Kansardalen og storskulen på Austrheim. Bygget vart nytta til skule for 6. klassingane ved Årås skule fram til 1981. Austrheim skule vart også nytta til undervisning i sløyd og heimkunnskap til siste byggjetrinnet på Årås skule var ferdig i 1987. Bygget er i dag kyrkjelydskontor for Austrheim sokn og har også vore undervisningslokale for Vaksenopplæringa i Austrheim.

1963: Kaland - Nytt skulebygg på Kaland vart bygd. I starten var han ein interkommunal barneskule med Austrheim kommune som administrator.

1973: Kaland - Ny ungdomsskule med symjehall for heile Austrheim kommune vart bygd. Såleis vart Kaland til ein kombinert barne- og ungdomsskule. Sjuande klassane frå Austrheim/Kansardalen vart overførte til Kaland.

1978: Sætre- Det vart starta ein filial under Nordhordland Yrkesskule i bygget til Brandtun Elektro i Mastrevikane.

1979: Sætre - Oppstart av Austrheim vidaregåande skule (AVS), kombinert vidaregåande skule.

1979: Årås - Første byggjetrinn på Årås skule var ferdig til bruk for 1. 3. klasse.

1981: Årås - Andre og tredje byggjetrinn var ferdig til bruk for 1-5. klasse. Årås vart det nye namnet på skulekrinsen for elevane frå gamle Austrheim og Kansardalen skulekrinsar.

1987: Årås - Tredje og siste byggjetrinn var ferdig: All undervisning i barneskulen er på Årås skule og Årås krins hadde også fått eigen ungdomsskule.

1989: Sætre - AVS tek i bruk heile bygningsmassen til Brandtun Elektro A/S som vart bygd om og innreia til nytt bruk.

1999: Årås - Skulen får eit tilbygg i samband med Reform -97 då seksåringane byrja på skulen.

2016: Årås - Det eldste skulebygget i Austrheim flyttar heim att.

Kjelde: Bygdebøkene for Austrheim og Olav Budals Austrheim kommune 1838-1910.

10.2.1 ANDRE OFFENTLEGE BYGG

I tillegg til skulebygg utgjere tingstader, gjenbruk av gamle skulebygg og bankbygg nokre andre offentlege bygg. Dei fleste me har med her, er framleis i offentleg eige.

10.2.1.1 KVALVÅGEN – Tingstad, Gbnr. 147/1

Rammene kring rettsvesenet var slik at Austrheim høyrde til Lindås skipreide eller tinglag. Dette tinglaget var igjen ein del av Nordhordland sorenskriveri som også femna om Voss og dei ytre delane av Midthordland. Det vart halde årlege vår- og haustting på tingstaden i Kvalvågen frå 1785 til 1804 etter at Dankert Heiberg hadde bygd nye hus på Toftegård. I perioden 1819 til 1853 hadde den nye eigaren, Kristoffer Kahrs, sett opp ei eiga tingstove. I mellomtida var mellom anna Kjelstraumen Vertshus tingstad.





10.2.1.2. KROSSØYNA – Rongevær kurs- og fritidssenter, Gbnr. 164/9

Etter mykje strid vart skulehuset i Krossøyna plassert på Lyngkjerringa der ingen budde. Denne skulen var for alle elevane i Øyane, og alle måtte i båt for å komma seg til skulen. Det vart også bygd lærarbustad. Skulen vart lagd ned og innlemma i Årås skule i 1989. I 1937 kom det skyssbåt som var i drift i 37 år med same skipper, Ludvig Rongevær.



Foto: Ø. Fyxe

Skulehuset var i bruk til utleige til skuleklassar og andre fram til Bergen og Hordaland Turlag saman med Nordhordland Turlag overtok. Rongevær Kysthytte opna 19. juni 2022. Det er turlaget sin fyrste kysthytte.

10.2.1.3. ÅRÅS – Kunsthuset, Gbnr. 149/5

Kunsthuset Austrheim er eigd av Austrheim kommune. Bygget stod ferdig i 1926 rett i nærleiken av Årås bedehus til ein kostnad på 42 000 kr. Kommunen fekk også tilskot og fylket betalte totredjedelar av kostnadane. Sidan 1889 hadde skulelova gitt opning for tilleggsopplæring utover folkeskulen. Det vart halde kortvarige kurs frå ein til seks månader. I Austrheim var det stort behov for eit skulebygg etter kvart då kursa var populære. Fram til skulebygget kom i 1926, gjekk kursa i arbeids- og framhaldskulen på omgang mellom skulekrinsane. I 1942 vedtok skulestyret realskule i bygget, men det vart berre med eit år. Då Kaland ungdomsskule stod ferdig i 1971, vart det slutt på kursa i framhaldskulen og bygget vart teke i bruk som kommunehus.

10.2.1.4. ÅRÅS – Det gamle bankbygget, Gbnr. 149/16



I 1961 fekk Austrheim og Fedje Sparebank skøyte på tomt delt frå bnr. 2. Det vart sett opp eit bankbygg i 1962 på tomta der det gamle skulehuset frå 1897 hadde stått. Bygget stod ved sidan av framhaldskulehuset.

Skriftlege kjelder

- Olav Budal. 1996. *Austrheim kommune 1838-1910*. Austrheim.
- Arvid Skogseth. 2000. *Austrheim i fortid og notid*. Bd 1-4, utg. av Austrheim kommune. Bergen.
- Lillian Eltvik & Terje Ø. Dynes. *Ei reise mot velferd og velstand. Austrheim kommune 1910-2010*. Bergen.





KAPITTEL 11: KULTURMINNE FRÅ RELIGIØST LIV OG ANNA ORGANISASJONSLIV

Den noverande kvitmåla kyrkja i Austrheim vart innvigd i april 1865 og hadde plass til 480 personar. I jubileumsåret 2015 husa ho 355. Men Austrheim kyrkje vert nemnd første gong i eit diplom frå 1329. Det aller første kyrkjebyggget meiner ein må ha vore ei stavkyrkje og mest sannsynleg endå eldre på grunn av eldre inventar.

Bedehusa i Austrheim er av nyare dato. Dette er kristelege forsamlingshus med opphav i den pietistiske vekkingsrørsla som erstatta funksjonen til husmøta. I Noreg har ein om lag 3000 bedehus hovudsakleg eigd og drivne av større frivillige organisasjonar innan Den norske Kyrkja. Dei eldste bedehusa er frå midten av 1800-talet, og det aller første vart bygd i 1849 i Skien. Desse forsamlingshusa har hatt stor tyding for norsk lekmannsarbeid og for det lokale miljøet på bygdene i Noreg. I Austrheim er det eldste bedehuset, Årås bedehus, bygd i 1892. På det meste var det fem bedehus i kommunen.

I tilknytning til bedehusmiljøa vart det skipa misjonsforeiningar der kvinnene styrte og stelte. I Austrheim kommune var ein særleg oppteken av ytre misjonen, det vil seia arbeid for misjonen i utlandet. Hope og Litlås kvinneforeining i Lindåsneset vart skipa i byrjinga av 1900-talet og er den eldste i kommunen. I 1906 vart Hopland kvinneforeining skipa for Misjonsselskapet som den første på Fosnøya.

11.1 KYRKJEBYGG OG BEDEHUS



Dagens kyrkje ligg om lag 30 meter aust for tomta til den eldre stavkyrkja. Det er berre ei kyrkje i Austrheim lokalisert på Austrheim. Bedehusa har det derimot vore fleire av. Dei vart bygde rundt om kring i dei ulike bygdene og var såleis desentraliserte.

11.1.1 AUSTRHEIM - Austrheim kyrkje og kyrkjegard, Gbnr. 156/42

Kyrkja er ei langkyrkje med galleri. Ho er laga av liggjande, lafta tømmer med tårn over den vestre gavlen og med hovudinngang i vest. Det er fem vindauge på kvar langside, to ved hovudinngangen i vest og to i koret. Kyrkja har også doble dører inn til sakristi og venterom for dåpsborna i aust. I dag har kyrkja eit liggjande furupanel innvendig som ikkje er malt. Tre kvadratiske stolpepar med skråhovla hjørne og enkle søyler av listverk deler rommet inn i tre skip. Kyrkja har eit langt skip under saltak og eit svært kort kor. Koret er lågare og er flankert av sakristi og venterom for dåpsborna.





I 1890 fekk kyrkja pedalorgel som vart bytt ut i 1973 og bygd om i 1992. Det vart bygd tre skorsteinar då kyrkja fekk omnar i 1901. Desse vart fjerna kring 1970. Det har vore fleire restaureringar opp gjennom åra. Mellom anna vart orgelet flytta lenger bak i kyrkja og gallerifløyene vart fjerna i 1938. I 1986 vart det skifta golv og montert innvendige vindaug i kyrkjeskipet. Det kom panel på veggane i 1989 og kyrkja vart malt innvendig. I 2009 skifta ein ut alle vindauga med nye blyvindaug.

Delar av kyrkjeflaten – den nordlegaste delen av flaten nærast steinmuren, er definert som middelalderkyrkjegard og freda. Då den nye kyrkja vart bygd i 1865, måtte kvar gard skaffa stein til kyrkjegardsmuren. Steinane i muren kjem difor frå dei mange ulike gardar rundt i kring og mykje av steinen er førd i båtar og boren til kyrkja. Kyrkjegarden har vore utvida fleire gonger. I «Verneplan for gravplassane i Austrheim» finn ein bakgrunnshistoria til dei gravminne som vert teke vare på og verna. I vedlegg til planen finn ein også gravminne som er sletta.

Frå 1874 til om lag 1910 var det også folkeboksamling i Austrheim kyrkje. Det var eit bokskap på eine veggan i våpenhuset eller inngangen til kyrkja. Våpenhuset i Austrheim kyrkje utgjorde dermed det første biblioteklokalet i Austrheim kommune.





11.1.2 AUSTRHEIM – Kolerakyrkjegarden, Gbnr. 156/282



Foto: Olav Moen

Ved rundkøyringa og avkøyrsla til vegen til Rebnor, Øksneset og Øyane på Austrheim ligg Kolerakyrkjegarden inngjerd med ein fin steingard. Den låg i alle år på eigeidomen gnr 156, bnr 2 Austrheim, men var administrert av soknet. Frå 2014 er den frådeltte parsellen eigd av Austrheim sokn. Dei store infeksjonssjukdomane som koppar, dysenteri, skarlagensfeber, og ikkje minst kolera, var ei mare for det 19. hundreåret. Kolera synt seg første gong i Europa i 1817. I 1831 oppretta Stortinget provisoriske «Sunnheitskommisjonar», og det vart m.a. krav om å etablere særskilte gravplassar for større epidemiar, og då spesielt kolera, som var svært dødeleg. Ein finn derfor mange slike kolerakyrkjegardar omkring i landet som ofte ligg i stor avstand frå kyrkja og den vanlege kyrkjegarden. Den andre store epidemien kom i 1832. I 1848 kom den tredje og råka Austrheim vinteren 1849. Det var uvanleg mange som døydde, då mange menn frå Austrheim var på sildefisket i Espevær på Bømlo og vart smitta. 24 i Austrheim vart sjuke og døydde, 5 av dei var

kvinner og 2 var barn. 17 døde var menn. I alt er det 10 menn, 5 kvinner og 2 barn som fekk si grav på Kolerakyrkjegarden på Austrheim vinteren 1849. Kolerakyrkjegarden vart etter kvart teke i bruk som vanleg kyrkjegard, og då nytta av spesielt velstående familiar som Haraldsen/Daae familien på Årås, Sellikenfamilien i Synnevågen/Bakka og Monslaufamilien i Monslaupe. Kolerakyrkjegarden er eit verneverdig kulturminne.

11.1.3 AUSTRHEIM – Prestegarden i Austrheim eller Lindås Kapellanbustad, Gbnr. 156/10

Trass i at Austrheim vart eigen kommune i 1910, budde begge prestane i Lindås. Dermed vart det lange reiser og store skyssutgifter. Lindås kommune ville ikkje dekkja for korkje Austrheim eller Fedje når det vart tale om fleire gudstenester. Løysinga vart etter kvart at kapellane i Lindås vart flytta til Austrheim. Såleis vart sjøreisene til Fedje kortare og ikkje minst billegare. Kyrkjedepartementet kjøpte jorda i 1918 og prestebustaden stod ferdig i 1930. Men kapellane i Lindås kom til Austrheim alt i 1918 og budde på Årås gard. Difor vart garden kyrkja eigde i Kvalvågneset seld.

Tradisjonelt har prestegardane i Noreg representert staten og vore eit maktsentrum. Både med omsyn til storleik og plassering låg prestegarden over gjennomsnittet blant gardane i bygda. Presten var embetsmann og fylte mange funksjonar og roller som statens representant og som overhovud for det religiøse livet. Huset, som ligg rett i nærleiken av kyrkja, er ein tradisjonsrik einbustad i tre med ei grunnflate på 90 m². Tilbygget mot nord er frå 1971 og vart sist renovert av Opplysningsvesenets fond (Ovf) i 2008. Regjeringa har avgjort at buplikta for prestar i Den norske kyrkja er oppheva frå og med september 2015. Huset vart brukt til prestebustad fram til 2016 og Ovf eig framleis bygget.





11.1.4 AUSTRHEIM – Kyrkjelydshuset, Gbnr. 156/21

I 1988 tok Austrheim sokn over den tidlegare Austrheim nye skule som vart bygd i 1955. I dag er det kontor for prest, organist og kyrkjeverje. Før dette hadde presten kontor i prestebustaden, medan soknerådet hadde kontor i bedehuset på Årås frå 1984.

FAKTABOKS: *Historia til Kyrkjelydshuset*

I 1955 vart det bygd eit nytt skulehus til på Austrheim i tillegg til det gamle. Begge bygga står framleis. Den nye skulebygget på Austrheim og i Kansardalen hadde dei same teikningane. Småskulen gjekk på Kansardalen skule, medan storskulen var på Austrheim skule. I ein liten periode tidleg på 1970-talet, gjekk alle elevane i Kansardalen og Austrheim krins i små- og storskulen på Austrheim skule. 7. klassen vart overførte til Kaland ungdomsskule. Frå 1975 til 1979 gjekk småskulen på Kansardalen og storskulen på Austrheim. Bygget vart nytta til skule for 6. klasse ved Årås skule fram til 1981. Austrheim skule vart også nytta til undervisning i sløyd og heimkunnskap til siste byggjetrinnet på Årås skule var ferdig i 1987. Bygget er i dag kyrkjelydskontor for Austrheim sokn og har også vore undervisningslokale for Vaksenopplæringa i Austrheim.

Kjelde: Bygdebøkene for Austrheim og Olav Budals Austrheim kommune 1838-1910.

11.1.5 ÅRÅS – Det første bedehuset i Austrheim, Årås bedehus, Gbnr. 149/128

Årås bedehus vart sett opp i 1896 av Austrheim Indremisjon som vart skipa i 1892. Men ein hadde drive med indremisjonsarbeid sidan 1877. Dette var det første bedehuset i Austrheim og er framleis i bruk. Materiala vart henta frå Masfjorden, Myking i Lindås og Selje på Stadtlandet. Seinare vart det bygd kjøkken, i tillegg vart huset løfta opp og ein bygde ein kjellar under. Eit tilbygg med inngang og møterom vart bygd i 1979. I 1995 fekk bedehuset eit nytt inngangsparti med gang og garderobe samt parkeringsplass.



11.1.6 LEIRVÅGEN – Lervåg bedehus, Gbnr. 128/102

Ei vekking i Lindåsneset i 1894 førte etter kvart til eit behov for eit forsamlingshus. Dette gjaldt hovudsakleg for kristne «venner» frå gardane Fonnes, Leirvågen og Kaland. Denne forsamlinga høyrde ikkje til indremisjonen eller kyrkja, men vart kalla «dei frie venner». Før bedehuset vart bygd, samla dei seg kvar onsdag og søndag. Samlingane gjekk på omgang mellom «vennene» i heimane deira.

I 1899 avgjorde ein at ein måtte ha eit forsamlingshus, og det vart vald ei husnemnd. Tomta på Leitet i Leirvågen fekk dei gratis. Våren 1900 vart materiala frakta ut i den felles utmarka og bedehuset vart innvigd olsokdagen same år. Materialane kom frå Husøy gamle kapell i Solund i Sogn og vart kjøpt for 500 kr. Kapellet vart flytta til Solund frå Utvær i 1717 der det truleg vart sett opp for år 1200. Såleis kan det vera svært gammalt tømmer i bedehuset. I 1912 vart gravplassen på Leitet innvigd. Sidan den tid har bedehuset også blitt brukt som kapell ved gravferder.

I 2005 vart bedehuset utvida. Teikningar vart teikna, organisering av dugnad måtte til og ein samla inn gåver. Prosjektet fekk til og med materiale, ei gamal anleggskantine, frå Statoil Mongstad. Det nye





bedehuset inneheld hovudetasje med ein stor sal, ein stor vestibyle, eit kjøkken, toalett og eit kontor. Denne etasjen er koplå direkte saman med det gamle bygget som er uendra. Kjellaretasjen består av ein stor sal, eit stort rom, toalett og tekniske rom.



Foto: Ola Moen - Leirvågen bedehus

Den 5. oktober 2005 vart det nye bedehuset innvigd og det var fullsett denne gongen også. Seinare har ein innreia lokala i kjellaren og mellom anna installert to bowlingbaner, biljardbord og eit rom til å spela ball i. Bedehuset er altså enno i bruk, er framleis frikyrkjeleg og har samarbeid med fleire andre kristne organisasjonar. I 2013 vart den utvida gravplassen på Leirvågsleitet innvia.

11.1.7 AUSTRHEIM – Pinsekirken Tabernakelet, Gbnr. 156/46

Austrheim bedehus vart bygd av Indremisjonen i 1936 for dei som sokna til denne delen av kommunen. Tidlegare vart møta deira haldne i privathus eller i prestebustaden. Med åra vart kommunikasjon og infrastrukturen endra og dermed hadde ein ikkje lenger bruk for både bedehus på Årås og på Austrheim. I 1999 vart bedehuset på Austrheim overdregte til Pinsevenene.

11.1.8 LITLÅS – Litlås bedehus, Gbnr. 129/13

Litlås bedehus vart bygd i 1956 av Lindåsneset Indremisjonslag som vart skipa i 1955. Bedehuset er bygd opp av materialane til det gamle skulehuset på Kaland som vart rive i 1954. I åra 1996 til 1998 vart bedehuset utvida med nytt kjøkken og sanitæranlegg. Bedehuset er framleis i bruk.

11.1.9 NORDRE NJØTA – Heimehuset til emissæren Lars i Njøta, Gbnr 138/1

Berit Leikvoll skriv levande om emissæren Lars Njøten og kallet hans i Vest ved Vårdetangen II. I innleiinga plasserer ho den roande profeten blant andre store, skandinaviske misjonærar: «Grønland hadde Hans Egede. Samane hadde Tomas von Westen. Og Nordhordland hadde «han Lars i Njøta». Apostlar trengst overalt og til alle tider, også på Strilelandet».

Heimehuset til Lars i Njøta, Lars Njøten, er truleg frå 1890 og vart flytta om lag 20 meter frå gamletunet i 1890. I følgje SEFRAK-registeret vart det skifta vindauge i 1950 og laga valma tak på bislaget. I 1972 fekk huset nytt panel og ark.

Det var tømmerveggar mellom kammers og stove i sør og lettvegg mellom kammers og stove i nord. Huset står enno på same stad, men det er nyleg restaurert og mange endringar er gjort.





Garden Lars kom i frå, var eit typisk småbruk i Austrheim. Som mange andre måtte han også ty til fiske som attåt næring. Fleire vintrar drog han på sildefiske og var på ingen måte Guds beste barn. Men etter ei vekkingsbølge som treffe Lars hardt, var det kvinnfolka som måtte ta seg av garden. Lars i Njotæ måtte følgja kallet sitt som ofte kom då onnearbeidet tok til. Med halsklut og Bibel fór han land og strand rundt i over femti år for å gjera «... folk kjende med skøyte på Hemlen», og han ville heller ro enn å køyra motorbåt, heller gå enn køyra bil.

FAKTABOKS: Lars i Njotæ og «framandfolkje»

Det er mange historier om han Lars. På Fønnes ein dag under krigen møtte han nazistane som han kalla for «framandfolkje». Han måtte visa dei passet då dei trudde han var russar på grunn av alt skjegget og håret. Han svara dei: «Eg er utor Njotene og har budd der alle mine daga.» Han tok fram den store veska, som ungane visste også romma kandis i tillegg til Bibelen. Deretter fant han fram og opna «storbokjæ» der passet låg inni. Men alt var i orden, både «... passet til «vestsona» og passet til Himmelen.»

Kjelde: Kvalheim 1950:25

11.2.0 ANDRE ORGANISASJONSEIGDE HUS

Eit grendehus er eit forsamlingslokale som ofte ligg sentralt plassert i ei bygd eller gard. Desse lokala er ofte bygd på dugnad av innbyggjarane på garden, og ein samlar inn pengar til innreing og nytt utstyr eller held basarar.

11.2.1.1 SYNNEVÅGEN – Bakkøy grendehus, Gbnr. 133/55

Grendehuset var opphavleg bygd som skulehus i utmarka i 1908. Bygget vart flytta til heimebøen i Bakkøy i 1925 på grunn av betra infrastruktur. Bygget vart brukt til skule fram til han vart lagt ned og innlemma i Kaland krins i 1963. I dag eig Bakkøy Grendalag bygget.

11.2.1.2 ØKSNES – Øksnes grendehus, Gbnr. 161/15

Øksnes grendehus vart bygd 1961. Men huset vart bygd som bedehus i regi av kvinneforeininga som vart skipa i 1955. I 2000 vart bedehuset gjort om til grendehus for bygdefolket og Dyrnes, Rebnord og Øksnes Grendalag (DRØ-vel).

Skriftlege kjelder

- o Austrheim Kyst- og sogelag. 2013. Vest ved Vardetangen II. Lokal historie frå Austrheim. Bergen.
- o Austrheim Kyst- og sogelag. 2015. Vest ved Vardetangen II. Lokal historie frå Austrheim. Bergen.
- o Johannes Kvalheim. 1950. Lars Njotæ. Bergen.
- o Anton Solheim. 1972. Bygdebok for Austrheim. Bergen.
- o Arvid Skogseth. 2000. Austrheim i fortid og notid. Bd 1-4, utg. av Austrheim kommune. Bergen.
- o Verneplan for gravplassane i Austrheim. 2021. Austrheim Sogn.

Kjelder frå Internett

- o <https://snl.no/bedehus>
- o http://www.norgeskirker.no/wiki/Austrheim_kirke
- o <https://ovf.no/Prestebolig/Finn-prestebolig/Bjoergvin-bispedoemme/Lindaas-kapellanbustad-Austrheim>

Munnlege kjelder

- o Harald Odd Sognnes





KAPITTEL 12: KULTURMINNE FRÅ ANDRE VERDSKRIG

Då krigen starta, valde mange byfolk å flytta ut på landet. Fleire av byborna vart buande i Austrheim i denne tida. Sjølv om det var mangel på matvarer, var likevel folk i fiskarbondens rike heldigare stilte enn mange andre. I Austrheim hadde ein god tilgang på mat som poteter, mjøl, mjølk, smør, kjøt, flesk, slid og anna fisk.

Det var også fleire fartøy som gjekk mellom Shetland og Austrheim i det illegale arbeidet på Vestlandet. Den første overfarten i Nordsjøtrafikken skjedde allereie i mai 1940 då Olav Martin Leirvåg, prest og sabotør, og broren Oskar Leirvåg fekk den britiske diplomaten Campbell over med gavlbåten «Snål». Andre båtar i Nordsjøtrafikken var «Hospits», «Grei», «Gneist», «Stjernem» og «Traust». Sistnemnde hadde sju turar med Hilmar Langøy som skippar og ofte var broren Gerhard med. Kontaktnettet i Langøyna vart spora opp og mange arresterte, mellom anna Gerhard. Hilmar slapp unna og kom seg over til Skottland og var der resten av krigen.

Det er mange slike historier om hendingar og personar, eller såkalla immaterielle kulturminne, frå andre verdskrig i Austrheim. Til tider var det også mykje som skjedde i området. På same tid som mange motstandsmenn hadde kome seg til Fønnes, vart det ein del tysk aktivitet som laga kluss for mellom anna Shetlandsfararane og båten «Snål». Men dei kom seg unna, og dagen etter var «Snål» i Lerwick. Årsaka var at eit tysk transportfly hadde måtta naudlanda i ein åker på Fønnes. Dermed kom det ein to-dekkar som gjekk ned på vika i nordre Fønnesvågen for å demontera transportflyet. Det vart farleg for motstandsmennene, men ikkje farlegare enn at dei planla å stela flyet for å fly det til Nord-Noreg då ein av karane var sivilflygar.

Ellef Lohne i Mastrevikane og Nils Knutsen i Kilstraumen dreiv det nazistane kalla for «emigrantkontora». I dag ville me kanskje ha kalla dei for illegale flyktning- eller asylmottak. Flyktningane kom til desse «kontora» for å venta på transport over til Shetland. Andre i Austrheim som dreiv med slike «emigrantkontora», var Mikal M. Solheim og Bergljot Tvenesæter. Solheim greidde å flykta frå Gestapo, men dei tre andre vart arresterte. Knutsen og Lohne vart sende i konsentrasjonsleir i Tyskland, og begge kom heim i live i mai 1945.

12.1 FÅ FASTE KULTURMINNE ATT

I dag er det ikkje så mange faste, materielle kulturminne att etter krigen. Historia om det tyske bombeflyet som naudlanda på Solend ein av dei første krigsdagane før kapitulasjonen, er eit illustrerande døme på kvifor: Flyet vart, som ventande var, brent av nordmenn. Då Noreg kapitulerte, kom nazistane i mai 1940 og dumpa restane hovudsakleg ved Solesjøen. Det er heller ingen faste spor etter eit av fangeskipa til nazistane som gjekk på eit skjær vest for Lerøyna, eller etter dei sju engelske flygarane som landa i fallskjerm i området Litlelindås/Førland/Austrheim. Det er også mange historier om bragdene til andre viktige motstandsmenn i Austrheim som Samuel Lervåg, Henrik O. Mongstad og Nils Lervåg.

FAKTABOKS: Englandsfarten

Dette skriv Ragnar Ulstein i Englandsfarten II:

«Etter at englandsfarten hadde ebba ut, vart Tælavåg brent og folket sendt i fangenskap som represalier for tyske tap under aksjonen mot to Linge-soldatar som mellombels budde der. [...] Englandsfarten – stundom samanblanda med annan illegal aktivitet – ser ut til å ha kosta 321 menneske livet, eller nære på 10 prosent av dei som kom i hamn på alliert side. Det store fleirtal kom til England tidleg under krigen og grunnla der, saman med nordmenn ute og nordmenn som var komne med militære transportar, dei første norske avdelingar i hær, flåte og flyvåpen. Rømlingane var mesteparten ungdom omkring tjuårsalderen som brann etter å kome i aktiv teneste. [...]





Dei fleste som var med, var ikkje ettersøkte, få hadde noko særleg anna å gjere ute enn å slåst, endå mesteparten kom frå sivile yrke eller frå skulebenken. Det var utbrytarar frå eit land og eit kontinent som var overvunne og som søkte til det siste frie land på skansen. Dei var så få at det var låtteleg å tru a dei kunne medverke til å snu krigslykka, men dei trudde det likevel.»

Kjelde: Ragnar Ulstein 2011:288

12.1.1 LEIRVÅGEN – To minnestøtter ved Leirvågsleite gravplass

Den eine minnestøtta er reist av folket i Neset til minne om Johannes J. Mongstad frå Mongstad i Lindås i 1945-1946. Bautasteinen er sett opp på grava hans, og urna vart sett ned 28.september i 1945. Følgjande står skrivne på steinen: «Fall i fridomsstriden for Noreg 1940-1945. Grannar og kjende reiste steinen med takk.» Johannes Mongstad har fått St. Olavs-medalje i sølv 29. august 1943. Johannes reiste saman med



kameraten, Ditlef O. Mongstad, til Shetland i september 1941. Han vart maskingeværskyttar på ein MTB-båt og var med på fleire tokt opp til kysten av Noreg saman i styrkane til Shetlands-Larsen. Familien har fleire av breva han sende til Ditlef. Desse breva gjer eit ganske usminka bilete av kva det innebar å vera ein ungdom i krigshendingane. Johannes vart drepen i ei trefning MTB-båten han var om bord i hadde med tyskarane i Korsfjorden juni 1943. Johannes vart heidra med St. Olavsmedaljen med eikegrein, Krigsmedaljen og Haakon VII's 70-årsmedalje.



Foto: Ola Moen – minnestøtte Leirvågsleite

Den andre støtta vart reist i 1995 til 50-årsjubileet for freden. Den nyaste støtta står på eige område rett innanfor porten. Kvart år går syttandemaltoget frå skuleplassen på Kaland barne- og ungdomsskule til Leirvågen bedehus. Det vert lagt ned blomar ved minnestøtta der det står «Til minne om dei som døydde og det folket vårt måtte lida i krigsåra 1940-1945 og i åra etterpå. Med von om at deira kamp og offer for fridomen ikkje var til fånyttas». Det er tale, og elevar ved skulen les dikt.





12.1.2 AUSTRHEIM – Minnestøtte på Austrheim kyrkjegard



Kasper Wiik Daae held tale ved minnestøtta
17. mai 2020

På minnestøtta på kyrkjegarden til Austrheim kyrkje står det «Austrheim sokn reiste denne steinen til minne om dei som let livet utanfor landegrensene under fridomskampen 1940-1945. Måtte desse døde ikkje ha døydd fånyttes». (Ritland 1995:III-7) I tillegg står namna til ti menn og ei kvinne.

12.1.3 KROSSØYNA – Lyttestasjonen Risor II i Selsøyna



Ein gong hadde Selsøyna hatt ein husmannsplass, men i 1944 var øya utan busetnad og ståande bygg. I tillegg var øya planta til med furutre som vart viktige, fordi dei kunne skjula agentane og lyttestasjonen. Selsøyna låg dessutan lagleg til for å få oversikt og kontroll over trafikken langs kysten. Motstandsørsla valde difor til slutt Selsøyna i staden for lokaliseringsar i Lindås og Solund. Med hjelp av lokale kom agentane Eivind Viken med kallenamnet «Piten» og Karl Nesfossen, eller «Gamlingen», i land på øya i slutten av juli 1944. Dei hadde med seg lytteutstyr og etablerte og utgjorde lyttestasjonen Risor II.





Det var Viken som budde lengst på øya og overvaka trafikken, konvoiane og sende meldingar vidare til Bergen og London. I byrjinga skjulte dei seg meir eller mindre under ein presenning.

På hausten vart det bygd ei provisorisk «hytte» av lokale folke med eit einaste vindaug og god utsikt over trafikken i leia. «Hytta» husa det tekniske utstyret som låg skjult bak buskfuene. Det er ikkje fysiske spor etter lyttestasjonen i dag, men ein har bilete og måleri av korleis hytta og skjulestaden såg ut. Hytta er bygd opp att, og det er merka sti frå sjøen. I 2013 blei det også laga ein dokumentarfilm med tittelen *Risor II* der hendingane på Selsøyna er dramatiserte.



8. mai er det fredsmarkering på Selsøy med Neptun Seniorklubb som arrangør. Dei ordnar med skyss, og talar. Elevar les dikt, Årås skulekorps spelar, presten held gudsteneste i det fri, og det vert lagt ned blomstrar ved minneplata. Ein fin og verdig fredsmarkering som kommunen og publikum set stor pris på. Selsøy er ein oase for refleksjon og rekreasjon.

12.1.4 KROSSØYNA – Roseslottet og ny bauta på Selsøy

Vebjørn Sand er kunstnaren bak den nye bautasteinen på Selsøy. Vebjørn Sand har utforma portretta av 9 motstandsmenn. Portretta er prikkhogd i svart granitt. Kunstnaren var med ein tur i Selsøy for å sjå hytta til *RISOR II*, og var med å fastsetje stad for plassering av bautasteinen. Det er Neptun Seniorklubb som har stått for prosjektet.





Vebjørn Sand vitja Austrheim 19. april 2021 for å intervjuja Nora Hauge, som fylte 100 år dette året og som er ein av dei som vart evakuert litle julaften 1944. Han visa fram heilt nye bilete som no er å sjå på Roseslottet. Ein kunstinstallasjon ved Frognerseieren i Oslo, som er skapt av brøne Vebjørn Sand og Eimund Sand. Roseslottet markerer at det i 2020 var 80 år sidan Noreg vart okkupert av Nazi-Tyskland og 75 år sidan frigjeringsa av landet.



Foto: Neptun Seniorklubb

Krigsheltar frå Nordhordland, portrett på bautaen i Selsøy:

Karl Nesfossen, Odd Rongevær, Eivind Viken (Piten), Samuel Lervåg, Rasmus Krossøy, Olaf Rongevær, Nils Due, Nils Lervåg, Henrik O. Mongstad.

Kjelder frå Internett

- o www.neptunseniorklubb.no





FAKTABOKS: Nordsjøtrafikken

Mange båtar var med i Nordsjøtrafikken, og det er mange historier om desse og flyktringane som var om bord. I dag er har me berre historiene om båtane, dramatiske hendingar og dramatisk flukt att. Nora Hauge fortel dette om flukta til Shetland etter at ein trur at Risør II er oppdaga av nazistane. Under er det direkte sitat frå plakaten på Selsøyna og Nordsjøfartsmuseet i Telavåg om hendingane under andre verdenskrig og eit utdrag frå Hauges forteljing om flukta:

«Litlejulafta reiste Rasmus og bort, der sat Piten med nedpakka stasjon ferdig å reisa. Telegrammet lydde. Stor fare for deg. Stopp. Dine kontaktar må ut. Signala han hadde hengt ut hadde ingen set for det var tett vasstjukke. No hadde vi knapt tid til vi skulle vera nord for Fensfjorden. Piten for med Rasmus for å hjelpa dei. Odd kom inn dørane og sa at no måtte me reisa. Eg går i Rotøyna og tek dei om bord og de må stå på kaien når eg kjem att. Ole sprang i fjøset og gav dyra godt med mat. Far såg gjennom nokre brev. Edith og eg fann litt klede i ein koffert, så kledde vi på oss, let ut katten, gjekk ut og låste døra, men let nøkkelen stå i for vi tenkte tyskarane skulle sleppa å knusa døra når dei kom. Det gjekk greitt, vi var alle vaksne. I Rotøyna var eit anna bilete. Rasmus hadde kone og tre born frå under to år til ni år, ei sengeliggjande mor og ein bergensar som var lite med. Mor Maria ville ikkje reisa. Men då dei hadde forklart konsekvensane av å vera att, vart ho med. Motorbåten kom og vi gjekk om bord. Motorbåten kom og vi gjekk om bord. Vi hadde færingen hans Rasmus på slep. Det bles frisk sønnvind og regn. Me baska oss over fjorden og var glad når dei sakka på. Rasmus opna kappen og sa at me ser ingen ting. Rett etter opna han kappen att og sa at no ser me noko men veit ikkje enten det er venn eller fiende. Best det var la vi sida til Hitra, kappedørane gjekk opp og vi kom oss om bord. Færingen tok dei på dekk så høg dei hol i motorbåten og såg til at den søkk.»

Kjelde: Frå plakaten utarbeida av Neptun Pensjonistforeining.

12.1.5 UTKILEN – Flyvrak vest for kaien i Utkilen

Flyet som styrta i Utkilen i 1941, var eit fly av typen Messerschmitt Bf 109T. Det var bygd for det tyske hangarskipet *Graf Zeppelin* som aldri vart ferdig. Det vart ikkje laga mange fly av denne typen. Flyet styrta i sjøen ved Utkilen i desember 1941, og det var fleire augevitne til hendinga. Tyskarane dregga etter flyet utan å finna mykje. Dei hadde ei minnehøgtid og kasta kransar på sjøen. Fleire gonger har båtar fått opp restar av metallplater når båtane har drege anker sør for Kilstraumen. Ein meiner at det nok ikkje er så mykje att av flykroppen som vart liggjande att i straumen. Våren 1983 vart framparten av flyet lokalisert. Frontramma i cockpiten med tjukt panserglass vart teke opp av ein miniubåt og vert no teke vare på av Neptun Pensjonistforeining. Motoren ligg enno på om lag 60 meters djupna. Flygaren, Underoffizier Streb, vart ikkje funnen.

Skriftlege kjelder

- Austrheim Kyst- og sogelag. 2013. *Vest ved Vardetangen I. Lokal historie frå Austrheim*. Bergen. Kåre N. Ritland. 1995. *Merket skal standa om mannen han stupa. Krigsminnemerker i Hordaland*. Bergen.
- Arvid Skogseth. 2000. *Austrheim i fortid og notid*. Bd 4, utg. av Austrheim kommune. Bergen.
- Ragnar Ulstein. 2011. *Englandsfarten*. Bergen.

Munnlege kjelder

- Idar Hopland
- Bodil Monslaup
- Olav Mongstad





KAPITTEL 13: FORMIDLING

Kulturminna og kulturmiljøa i Austrheim kan fortelje oss historier om korleis menneska før oss har levd og verka, og korleis dei har tilpassa seg naturen. For å lykkast med å skapa begeistring for kulturmiljø må vi fortelje dei gode historiene om fortida. Ønskje er at auka kunnskap og forståing om kulturminne i Austrheim, vil på sikt bidra til at fleire ser verdien av å ta vare på kulturminna/kulturmiljø. Mange kulturminne er ikkje lenger i bruk og ligg der som ruiner i landskapet. Korleis kan vi leggje til rette for at kulturminne vert teke vare på og vert formidla?



Teikning ved Elisabeth - 3a Årds skule 2021

Pedagogisk opplegg knytt til kulturminne er viktig i undervisinga, både i skule og barnehage. Det gjev barn ei større forståing for historia dei er ein del av. Formidling av kulturminne på tvers av generasjonar kan auke interessa og kunnskapen om lokalsamfunnet vårt. I 2021 markerte kommunen 50 års jubileum for opning av bruene: Bakkøybrua, Kilstraumbua og Ulvøybrua. Opninga i 1971 var ein av dei største dagane i Austrheim si søge. Brujubileet var tema i skulane og elevar laga hefte «Vegen til fastlandet» (vedlegg), der historia frå tiden før bruene med rutebåtar og avstandar mellom delar av kommunen vert fortalt. Elevar teikna og det var utstilling av elevarbeidet på Mastrevik Torg. Familie og vennar fekk sjå utstillinga, og fekk dermed også historia til kulturminne.

Det er eit ønskje at det vert laga opplegg knytt til lokale kulturminne gjennom Den kulturelle skulesekken.

Den viktigaste ressursen for bevaring og bruk av kulturminne er eigarane. Mange eigarar er glade i og tek godt vare på kulturminna sine, og delar gjerne historier med andre i bygda. Ein anna viktig ressurs er sogelag, grendelag og eldsjeler. Austrheim sogelag (tidlegare Austrheim kyst- og sogelag) er aktiv og har medlem som skriv bøkene «Vest ved Vardetangen I-IV», og dei har utstillingar på Landbruksdagen med ulike tema. Sogelaget arrangerer kulturminnevandringar i ulike delar av kommunen, og pleiar også å markere Kulturminnedagane i regi av Kulturvernforbundet. I 2015 fekk Austrheim Kyst- og sogelag tildelt Kulturminnedagprisen for sitt sterke engasjement for Kulturminnedagane over fleire år. Temaet dette året var «Nabolag», og sogelaget laga eit spanande opplegg «Austrheim frå steinalder til oljealder».

Grendelag, kommunen og fylkeskommunen har plassert informasjonsskilt om kulturminne i turløyper. Ein oversikt over alle skilta er eit tiltak i handlingsplanen, og vi må syte for at dei vert bytta ut om skilta vert slitt og uleselege. Ved opparbeiding av nye turvegar/stiar må vi tenke på om det er kulturminne langs vegen som kan formidlast.

I fleire år har det blitt arrangert «Tur i fiskarbonden sitt rike» på Krossøy. Vi får høyre korleis folk i øyane levde som bønder og fiskarar. I det private museet er det m.a. gjenstandar som visar eit manglesylteri av handverk dei dreiv med for å spe på inntekta. Der er også ein smie som er i god stand. Det er eit ønskje at denne historia vert skriva ned, slik at den er tilgjengeleg i ettertid.





Austrheim kommune har digitalisert historiske foto, m.a. bilete som er brukt i bygdebøkene. Bileta er arkivert, men eit tiltak er å få dei meir tilgjengeleg og lett å finne digitalt. Det er kopiert opp bilete på papp i stort format som kan brukast til utstillingar som Austrheim sogelag har lagra.

Den beste måten å formidle eit kulturminne er å sjå det i bruk, sjå ein film, lese i ein bok, eller enda betre få vere med på ein tur med til dømes Fergen.

Krigshistorie, og fredsmarkering 8.mai kvart år på Selsøyna, er det Neptun Seniorklubb som står for, sjå kap. 12.

I handlingsplanen, Tiltak forvaltning, har vi med eit punkt «Plan for handsaming av lause gjenstandar.....», som også heng saman med punktet om magasin for lause kulturminne i Nordhordland. Vi bør prioritere tema og gjenstandar som skal takast vare på. Planen må definere målet med å ta vare på gjenstandane og korleis dei skal gjerast tilgjengelege. Som framtidige kjelder må innsamling av gjenstandar sjåast i samheng med anna dokumentasjon; foto, film, 3D, intervju, bøker/hefter, mm. Det er ikkje alltid gjenstanden i seg sjølv har den største kjeldeverdi – og den har lite verdi både som kjelde og formidling om vi ikkje har dokumentert samhengane den står i.

Kulturverntenesta i Nordhordland gir råd om korleis ta vare på kulturminna kring oss, og formidle kunnskapen vidare til andre.

Formidling av kulturminne kan skje på ulikt vis:

- Informasjonsskilt
- Kulturminnevandringar
- Rydd eit kulturminne ved Norsk Kulturarv, skuler/barnhagar/frivillige lag får stipend for å rydde eit kulturminne i nærområdet.
- Museum og utstillingar
- Skriftlege historier, bøker og hefter
- Filmatisering
- Foto
- Digitale historier

Kjelder frå Internett

- <https://kulturarv.no/rydd-et-kulturminne/>
- <https://muho.no/kulturverntenesta>
- <https://kulturvern.no/arrangementer/>
- <https://www.kystkultur.no/>
- <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturformidling/den-kulturelle-skulesekken/>





KAPITTEL 14: HANDLINGSPLAN

Handlingsplanen skal rullerast årleg og handsamast i kommunestyret. Tiltaka i handlingsplanen skal byggja opp under målsetjingar, og prioriteringar i planen. Tiltaka skal ha fokus på kystkultur, og Austrheim sin plass i historia frå steinalder til oljealder.

Handlingsplanen er delt inn i tre arbeidsområde:

- **Tiltak forvaltning**
- **Tiltak formidling**
- **Tiltak bevaring og tilrettelegging**

Tilskotsordningane må vere med i den årlege budsjettprosessen:

- *Tilskotsordning til formidling
- ** Tilskotsordning til vøling



Foto: Ola Moen - Årvika





Tiltaka er nummerert, men ikkje etter prioritert rekkjefølgje.

Nr.	TILTAK FORVALTNING	Periode	Ansvar	Finansiering
1.	Tilskotsordning for vern og vøling av kulturminne i Austrheim. Opprette eit kulturminnefond til formålet.	Årleg	Oppvekst- og kultur	**Årleg budsjett minst kr 50 000
2.	Etablere gode rutinar for handsaming av saker som vedkjem kulturmiljø på tvers av einingar og fagområde i kommunen	Generelt	Austrheim kommune	
3.	Tilby råd og rettleiing for eigarar av private kulturminne	Kontinuerleg	Eining plan/kultur/ Kulturverntenesta i Nordhordland	Ordinær drift
4.	Oppdatering av kjeldar og dokumentasjon m.a SEFRAK.	2023-2025	Eining plan/kultur	Ordinær drift
5.	Registrere kulturminne i kommunen i Askeladden	Kontinuerleg/årleg	Eining plan/kultur	Kommunen har fått tilskot kr 50 000
6.	Gradere og verdisette verneverdige kulturminne (A-B-C-D og steingardar mm.)	Kontinuerleg/årleg	Eining plan/kultur	Ordinær drift
7.	Plan for handsaming av lause kulturminne/gjenstandar, og immaterielle kulturminne	2023-2025	Austrheim kommune	Ordinær drift
8.	Arbeida for at det vert oppretta eit magasin for lause kulturminne i Nordhordland	Kontinuerleg	Austrheim kommune	Ordinær drift
9.	Gjere historiske bilete lettare tilgjengeleg	Kontinuerleg	Austrheim kommune	Ordinær drift
10.	Vurdere omsynssone for freda kulturmiljø på Krossøy	2023-2025	Eining plan/kultur	**Tilskot til vøling og formidling
11.	Oppgradera Steinalderstien ved Fosnstraumen	2023-2025	Eining kultur	Tiltaket må vere med i økonomiplanen, og det må m.a. søkjast om spelemidlar til turstien
12.	Støtta opp om lag, organisasjonar og eldsjeler som dokumenterer og formidlar kulturarv	Kontinuerleg	Eining kultur	*Tilskotsordning til formidling årleg kr 20.000





Nr.	TILTAK FORMIDLING	Periode	Ansvar	Finansiering
13.	Tilskotsordning til formidling av kulturminne i Austrheim.	Årleg	Oppvekst- og kultur	*Årleg budsjett minst kr 20 000
14.	Formidle kulturminne <ul style="list-style-type: none"> - Kulturminnevandringar - Kystkultur no - Vest ved Vardetangen, bøker - Nettside «Fosnstraumen», steinalder - Gamle handverk - Kulturminne i turstiar - Tur i fiskarbonden sitt rike på Krossøy - Fønnesdagane/Landbruksdagen 	Kontinuerleg/årleg	Frivillige lag og organisasjonar, eldsjeler og kultureininga.	*Tilskotsordning til formidling årleg kr 20 000
15.	Lage opplegg knytt til kulturminne gjennom Den kulturelle skulesekken	Årleg	Oppvekst- og kultur/ sogelag/eldsjeler	Den kulturelle skulesekken
16.	Formidle krigshistorie og fred på Selsøy. Lyttestasjonen – Risør II er eit viktig kulturminne.	Årleg	Neptun seniorklubb	Årleg tilskot kr 12.000
17.	Formidle historia om kjente austrheimingar: Ping-Kølla til Karsten Solheim. Emissær Lars i Njøta. m.fl.	2023-2032	Austrheim kommune, lag og organisasjonar	*Tilskotsordning til formidling årleg kr 20.000
18.	Plassere skilt med info om kulturmiljø og Biosfæreområde på ferjekaier og andre aktuelle stadar.	2023-2025	Eining plan/kultur	Ordinær drift
19.	Formidle sjøbruk, sjømerke, fortøyingsboltar, og båtar/fartøy m.a. Fergen	Kontinuerleg	Austrheim kommune, lag og organisasjonar	*Tilskotsordning til formidling årleg kr 20.000
20.	Formidle steinkonstruksjonar/ruinar, spor folka før oss har sett	Kontinuerleg	Austrheim kommune, lag og organisasjonar	*Tilskotsordning til formidling årleg kr 20.000
21.	Formidle skulehistorie. Byggje opp igjen den eldste skulen i Austrheim.	2023-2025	Austrheim kommune/ Byggmester Markhus AS	Ordinær drift/evt. ekstern finansiering





Nr.	TILTAK BEVARING OG TILRETTELEGGING	Periode	Ansvar	Finansiering
22.	Hindre attgroing av kulturlandskapet. Opne landskap! Verne kulturlandskap på/ved: <ul style="list-style-type: none"> - Lyngoksen - Krossøyna - Selsøy - Solevatnet - Leirvågsanden - Purkebolsvatnet - Vardetangen 	Kontinuerleg	Eining plan/kultur/landbrukskontor	Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)
23.	Naust/sagbruk/ishus på Hopland. Vøle og formidle. Kulturminnesti/turveg i området.	I planperioden	Austrheim kommune/ lag/eigarar/eldsjeler	Ordinær drift/ekstraordinær løyving/ekstern finansiering
24.	Bygg i kulturmiljø til «fiskarbonden», verneverdig	Kontinuerleg	Eining plan/kultur	**Tilskot til vøling og formidling
25.	Vertshuset i Kilstraumen og kulturmiljøet, høg verneverdi	Kontinuerleg	Eigar/plan/kultur	**Tilskot til vøling og formidling
26.	Sjøbruksmiljø/naustmiljø har høg verneverdi. Registrere og gje tilskot til vøling	Kontinuerleg	Eigar/plan/kultur	**Tilskot til vøling og formidling
27.	Restaurere notebua i Leirvågen, høg verneverdi. Formidling av sjøbruk	I planperioden	Eigarar/plan/kultur	**Tilskot til vøling og formidling
28.	Kaihus/venteskur/bruer/kaier	Kontinuerleg	Eigar/plan/kultur	**Tilskot til vøling og formidling
29.	Vøle og registrere seglingsmerkar og fortøyingsboltar		Frivillige lag/kommunen	**Tilskot til vøling og formidling
30.	Steinkonstruksjonar; jordkjellarar, steingardar, rydningsrøyser, eldre ruinar, verneverdig, formidling	Kontinuerleg	Eigar/plan/kultur	**Tilskot til vøling og formidling





Nr.	TILTAK BEVARING OG TILRETTELEGGING	Periode	Ansvar	Finansiering
31.	Vern av eit utval bygg representative for ulike periodar: <ul style="list-style-type: none"> - Lemstover - Langhus: Hopland, Sætre og Førland - Storgard: Årås, Kvalvågen - Torvhus - Gardsflor - Smie - Kvernhus: Hoplandskvernene - Skulebygg: eldste skulehus i Austrheim og Rongevær/Rongevær Kysthytte - Handelsbygg - Spesielle bygg 	Kontinuerleg	Eigar/plan/kultur	**Tilskot til vøling og formidling
32.	Aléen på Årås, høg verneverdi, og andre tre/plantar i kommunen som kan ha kulturmiljøverdi	Kontinuerleg	Eigar/kommunen	**Tilskot til vøling og formidling
33.	Kolerakyrkjegarden	Kontinuerleg	Austrheim Kyrkje	





KART

VEDLEGG

- Hamnebolter i Austrheim kommune
- Sjømerker i Austrheim kommune
- Kulturminneskilt Vardetangen - Årvika
- «Vegen til fastlandet» - elevarbeid
- Skilt Steinalderen Fosnstraumen
- Fønnes før i tida





Foto på forside frå Rongevær: Ola Moen, Fjord Images

Foto på bakside frå Kilstraumen: Heike Lüdke, Photodesign

Forfattar av planframlegget : Mona Brekkan

Ferdigstilling av planen og medforfattar: Kari Torkildsen Utkilen

Foto: Ola Moen har bidratt med fleire bilete, men dei fleste bileta der det ikkje står namn på fotografen er teke av tilsette i Austrheim kommune.

Mona Brekkan var tilsett i 50% prosjektstilling i 2016 for å laga eit planframlegg. Ei administrativ, tverrfagleg arbeidsgruppe har stått sentralt i arbeidet med planen. Denne arbeidsgruppa var sett saman av avdelingsleiar kultur, avdelingsleiar plan, assisterande rådmann, prosjektleiar i rådmannstab og to representantar frå Kyst- og sogelaget. På grunn av endringar i organisasjonen har arbeidet med ferdigstilling av planen teke tid. Kulturmiljøplanen er revidert og tilpassa ny organisasjon og endringar i Austrheim kommune, Vestland fylke, overføringa av oppgåver frå Riksantikvaren til regionalforvaltninga. Kulturverntenesta i Nordhordland, og kommunesamanslutninga i Nordhordland.

Kulturvernssenteret i Nordhordland ved Solveig Jordal og Arild Sætre, plansjef Asbjørn Toft og leiar for kultureininga Kari Torkildsen Utkilen har sluttført kulturmiljøplanen.

Austrheim kommune takkar Austrheim Sogelag for bøker om lokalhistoria, «Vest ved Vardetangen», bind I -II – III – IV. Her får me kjennskap til korleis austrheimingane har levd sine liv i bygdene våre i fjern og nær fortid. Bygdebøkene, «Austrheim i fortid og notid» 4 bind, og bøkene «Vest ved Vardetangen» er viktige referansar og supplement til Kulturmiljøplanen for kystkommunen Austrheim.

«I fortida er dei røtene feste som notida skal bygge si framtid på»

